# Årsmelding og årsrekneskap 2022 Kvam herad

## Innhold

Føreord .................... 5
Føresetnader og premissar .................... 6
Vedlegg og rettleiing til årsmeldinga .................... 8
Årsrekneskap .................... 11
Balanse .................... 17
Økonomisk oversikt drift etter § 5-6 .................... 21
Konsolidert rekneskap .................... 26
Noter .................... 31
Økonomiske hovudlinjer .................... 45
Driftsinntekter .................... 46
Driftsutgifter .................... 48
Finansresultat .................... 51
Disposisjonsfond .................... 51
Eigedomsskatt .................... 52
Korona .................... 53
Samfunnsutvikling .................... 57
Mål og tiltak .................... 57
Demografi og folketalsutviking. .................... 64
FN sine berekraftmål .................... 68
Klimarekneskap .................... 73
Klimatiltak .................... 73
Klimarekneskap for Kvam herad som organisasjon .................... 75
Organisasjon og internkontroll .................... 79
Internkontroll .................... 79
Arbeidsgjevarpolitikk .................... 81
Innovasjon, gevinstrealisering og omstilling .................... 84
Arbeid for likestilling og tilgjenge, og mot diskriminering .................... 86

Kraft ....91
Kraftforvaltning ....91
Straumutgifter ....94
Finans ....95
Finansielle måltal for 2022 ....95
Finans- og gjeldsforvaltning ....96
Forvaltning av midlar (obligasjonsportefølje) ....97
Forvaltning av gjeldsportefølje og finansieringsavtaler ....98
Prosjekt ....105
Driftsprosjekt i Kvam herad ....105
Investeringsprosjekt i Kvam herad ....105
Status investeringar ....107
Kvammabadet KF ....110
Tenesteområda i kommunen ....119
Finans og fellespostar ....119
Status økonomi per teneste ....119
Status investeringar ....121
Status politiske vedtak ....121
Styring og kontrollverksemd ....122
Status økonomi per teneste ....122
Status politiske vedtak ....122
Administrasjon ....124
Utvikling og utfordringer ....124
Status økonomi per teneste ....126
Status investeringar ....127
Status politiske vedtak ....128
Barnehagar ....129
Utvikling og utfordringer ....129
Status økonomi per teneste ....131
Kommentar til status økonomi ....131
Status investeringar ....132
Status politiske vedtak ....132
Grunnskuleopplæring ....134
Utvikling og utfordringer ....134
Status økonomi per teneste ....135

Status investeringar ... 137
Status politiske vedtak ... 137
Kommunehelse ... 139
Utvikling og utfordringer ... 139
Status økonomi per teneste ... 144
Status investeringar ... 145
Status politiske vedtak ... 145
Pleie og omsorg ... 145
Utvikling og utfordringer ... 146
Status økonomi per teneste ... 150
Status investeringar ... 151
Status politiske vedtak ... 152
Sosialteneste ... 153
Beskriving av tenesteområde ... 153
Utvikling og utfordringer ... 153
Status økonomi per teneste ... 153
Status investeringar ... 155
Status politiske vedtak ... 155
Barnevern ... 156
Utvikling og utfordringer ... 156
Status økonomi per teneste ... 157
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon ... 158
Utvikling og utfordringer ... 158
Status økonomi per teneste ... 158
Status investeringar ... 160
Plan og byggesak ... 161
Utvikling og utfordringer ... 161
Status økonomi per teneste ... 162
Status investeringar ... 164
Status politiske vedtak ... 164
Samfunn og utvikling ... 169
Utvikling og utfordringer ... 169
Status økonomi per teneste ... 170
Status investeringar ... 170
Status politiske vedtak ... 171

Kultur ..... 174
Utvikling og utfordringer ..... 174
Status økonomi per teneste ..... 179
Status investeringar ..... 181
Status politiske vedtak ..... 181
Kyrkja ..... 182
Utvikling og utfordringer ..... 182
Status økonomi per teneste ..... 182
Status politiske vedtak ..... 182
Samferdsel ..... 184
Utvikling og utfordringer ..... 184
Status økonomi per teneste ..... 184
Status investeringar ..... 185
Status politiske vedtak ..... 186
Bustad ..... 187
Utvikling og utfordringer ..... 187
Status økonomi per teneste ..... 187
Status investeringar ..... 188
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft ..... 189
Utvikling og utfordringer ..... 189
Status økonomi per teneste ..... 192
Status investeringar ..... 192
Status politiske vedtak ..... 193
Brann- og ulykkesvern ..... 195
Utvikling og utfordringer ..... 195
Status økonomi per teneste ..... 195
Status investeringar ..... 197
Status politiske vedtak ..... 197
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde ..... 198
Status økonomi per teneste ..... 198

# Føreord

Rådmannen si innleiing og takk for samarbeid og innsats i 2022

## Rysta, men står støtt

Når me har vore gjennom eit traume, er det ofte viktig å snakka om det. Heile verda har vore gjennom traume dei siste åra, fyrst med pandemi og deretter Russland sitt angrep på Ukraina. Og mykje både kan og bør seiast, og er sagt, om det verda har stått i, og det me står ovanfor no. I tillegg til krig og energikrisa, merkar me stadig meir av klimaendringane. Samla er det nok til at det er naturleg å kjenna seg rysta og ha oppleving av å gå mot ei mørkare framtid. Likevel er det med optimisme og stoltheit rådmannen legg fram årsmeldinga for 2022. Om utviklinga i verda er rystande, er det ikkje ein passiv organisasjon som går i møte med framtida. Særleg oppløftande er det å sjå den omfattande satsinga på den oppveksande generasjonen, og responsen på den. Den årelange satsinga på tidleg innsats og førebygging, planarbeid, gjennomføring av tiltak og vidare utviklinga av fritidstilbod som arena for meistring og inkludering, viser att. Etter åra med pandemi er det endå viktigare å leggja til rette for gode møteplassar for barn og unge i kommunen vår. Og for nokre flotte ressursar me har i den oppveksande slekta. Rådmannen er så heldig å få møta ein del av dei gjennom m.a. ungdomsråd, vinterfestar, Ungt entreprenørskap, kulturskulearrangement og Juniorforskarprosjekt. Kvart treffpunkt er ei kjelda for framtidshåp og motivasjon til å satsa vidare for å leggja til rette for at dei skal få ei oppsiktsvekkjande framtid i kommunen vår.

Rådmannen er også glad for at arbeidet med klimatilpassingar og reduksjon av utslepp har fått meir fart i 2022. Me har langt att for å nå måla våre, men har mellom anna fått gjennomført ein del ENØK-tiltak, og har fleire som er nært føreståande.

Å få tak i tilstrekkeleg bemanning med kompetanse, har vorte stadig vanskelegare i løpet av året. Det påverkar heile organisasjonen, og det er på sin plass å retta ein stor takk til alle som har stått på for at me skal ha bemanning nok til å utføra tenester, og ikkje minst - alle medarbeidarane våre som har strekt seg langt for brukarane våre når me ikkje har lukkast å få tak i nok tilsette. Det er ein imponerande innsats, engasjement og fleksibilitet som er lagt ned i ei særs vanskeleg tid. Tusen takk for alt de har stått i, og nivået de har levert på i 2022! Det er også på sin plass å takka for at de utover dette, har halde fram med kompetanseutvikling og arbeidd vidare med digitalisering av tenestene våre, slik at me vert betre rusta til å handtera noverande og komande utfordringar.

Om me er rysta av omgjevnadane våre, opplever rådmannen likevel at me står ganske støtt i møte med dei. Dette klarar me med godt samarbeid på tvers internt i organisasjonen, og med mykje eksternt samarbeid med andre kommunar, næringsliv, frivillige lag og organisasjonar, pårørande, brukarar, innbyggjarar og besøkjande. Rådmannen set òg stor pris på å ha eit godt samarbeid med politikarane i Kvam, og vil takka for engasjement og innsats som vert lagt ned i møte med breie og komplekse fagfelt. Oppi alt, er me i den privilegerte situasjonen at me har nok eit rekordstort driftsresultat på heile 88,6 mnok, disposisjonsfond på 252, 3 mnok og vekst i folketalet. No er det din tur til å få innsikt i tenestene, utfordringane, utviklinga og innsatsen som vart lagt ned i 2022. Det er mange som skal takkast for arbeidet med å gjera årsmeldinga lesarverdig, samstundes som at dokumentet skal dekka mange formalkrav. Riktig god lesing!

***Anita Hesthamar***

***Rådmann***

# Føresetnader og premissar

Det føl av kommunelova § 14-4 andre ledd at årsbudsjettet skal visa dei mål og premissar som budsjettet byggjer på. Av forarbeida føl at dette og omfattar premissane for bruken av bevilgningane (Prop 46 L (2017-2018) i kommentarane til §14-4.

**Premissar for bruken av bevilgningar - Heradsstyret sine premissar for bruken av dei talmessige bevilgningane i årsbudsjettet**

Når det gjeld premissar for bruken av bevilgningar, er det ein kombinasjon av omtale av kva tenesta inneheld, forslag til tiltak i budsjettåret og innhald i politiske vedtak. Det meste av dette er i tekstformat, og det kan vera vanskeleg å måla i kor stor grad budsjettpremissane er oppfylt. På grunn av det store omfanget av roller, tenester og mål, og at politikarar prioriterer ulikt når det gjeld kva dei synest er viktigast, er det vanskeleg å trekkja fram enkelte deler av budsjettdokumentet som vesentleg.

I verbalvedtaket til budsjettvedtaket har politikarane tatt inn det dei ser på som nokon av dei viktigaste premissane. Desse vedtaka vert på lik linje med alle andre politiske vedtak svara ut i tertialrapportane og denne årsrapporten under "politiske vedtak" i dei einskilde tenesteområda. Det vert svara ut kor vidt oppdraget er utført eller ikkje utført, der «ikkje utført» utgjer eit avvik. Størst risiko for avvik på dei fleste, samla sett, er mangel på personalressursar til å gjennomføra vedtaka.

Alle politiske vedtak vert lagt inn i Framsikt, inkludert budsjettvedtaka. Dei vert følgt opp og meldt tilbake på i tertialrapportar og årsmelding. Status politiske vedtak vert kommentert under kvart tenesteområde.

**Store avvik i høve føresetnader for 2022**

Etter to år med pandemi, vart verda rysta av Russland sitt angrep på Ukraina i februar 2022. Verken energikrise, “dyrtid” eller flyktningstraum frå Ukraina var tema i risikovurderinga eller føresetnadane, då budsjettet vart utarbeidd hausten 2021. Som følgje av dette, har det vore store endringar i dei økonomiske føresetnadane i løpet av året. Kvam herad og Noreg har likevel vore i ein unik situasjon som energileverandør i ein marknad med svært høge energiprisar. Store deler at dei ekstra inntektene til kommunen er inndrege av staten, men me står likevel att med rekordresultat på kraftsal. Kraft er omtala i eige kapittel i årsmeldinga.

På grunn av dei store endringane i føresetnadane, har det vore relativt store endringar i budsjettrammene i løpet av året gjennom tertialane. I perioden frå 2. tertial og ut året, har det likevel vore ytterlegare endringar som har ført til nye avvik i høve føresetnadane i tertialen. Avvika er kommentert gjennom heile årsmeldinga.

Forutanom endring i energiprisar og høgare prisvekst, har mottak av 75 flyktningar (mot “normalt” 25-30), påverka drifta i 2022. Pandemien medverka til høgt sjukefråvær, og til den samla situasjonen med bemanningsutfordringar.

**Mål og tiltak**

Kvam herad har ei rekkje mål og tiltak som presentert i budsjettet og svara ut i årsmeldinga  ut frå dei ulike rollene til kommunen, som samfunnsutviklar, arbeidsgjevar, tenesteytar og ressursforvaltar. Tiltaka er svært omfattande, og gjerne ambisiøse, og lar seg ikkje alltid gjennomføra. Det vert i så fall kommentert i årsmeldinga. I tillegg er mål og tiltak for rolla som tenesteytar fordelt på KOSTRA-tema som barnehage, grunnskule, kommunehelse m.m. Mål er ofte henta ut frå planarbeid, og tiltak frå handlingsplanar knytt til desse.

**Tenesteomtale**

Budsjettet og årsmelding har òg ei skildring av kvart tenesteområde. Det som er omtala er også ein del av premissane for budsjettet. Her er også alle politiske vedtak svara ut.

# Vedlegg og rettleiing til årsmeldinga

## Vedlegg til årsmelding 2022:

Finansrapport per 31.12.22

Gjeldsrapport per 31.12.22

Etterkalkyle sjølvkost note

Fondsoversikt

Lenkje til driftsprosjekt

Tilskotsliste

## Rettleiing til årsmeldinga - korleis finne fram

Kva er årsmelding og årsrekneskap og korleis finn du fram?  Her er ei enkel rettleiing om både innhaldet og nettsida.

**Kva er årsmelding og årsrekneskap?**

Jmf. Kommunelova §14-3, 2.ledd skal heradsstyret vedta årsrekneskap  og årsmelding seinast seks måneder etter rekneskapsåret sin slutt.

Årsrekneskap skal innehalda driftsrekneskap og investeringsrekneskap. Driftsrekneskap og investeringsrekneskap skal delast inn og stillast opp på same måte som årsbudsjettet. Årsrekneskap skal også innehalda balanserekneskap og noteopplysningar.

**Korleis finn du fram i den digitale utgåva av årsmelding og årsrekneskap?**

**Meny**
Alle kapittel ligg tilgjengeleg på framsida. Nederst på framsida ligg det også lenkja til grafikk og nøkkeltal og til alle tenesteområda. I menyen øvst til venstre finn du alle delane av dokumentet i listeform.

**Søkefelt**
Her kan du søkje etter ting du vil lese meir om i dokumentet.

**Kva inneheld dei ulike kapittela?**

**INTRODUKSJON**

**Føreord.** Rådmann si innleiing til årsmeldinga.
**Føresetnader og utfordringar.** Det føl av kommunelova § 14-4 andre ledd at årsbudsjettet skal visa dei mål og premissar som budsjettet byggjer på.

**Vedlegg og rettleiing til årsmeldinga:** Kapittelet som me står i inneheld vedlegg til årsmeldinga og denne rettleiinga.

## ÅRSMELDING

**Årsreknskap** Inneheld alle obligatoriske økonomiske oversiktar og notar til rekneskapen. Avvik i drift er kommentert ut i §5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3). Avvik i investering er kommentert ut i §5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A).

**Økonomiske hovudlinjer** Grafisk framstilling og kommentarar til ulike deler av rekneskapen.

**Samfunnsutvikling** Kvam herad som samfunnsutviklar, visjon, mål og tiltak, folketalsutvikling og FN sine berekraftsmål.

**Klimarekneskap** Klimatiltak i 2022 og klimarekneskap for Kvam herad som organisasjon

**Organisasjon og internkontroll.** Kapittelet omhandlar internkontroll og Kvam herad som arbeidsgjevar.

**Kraft** Kvam herad som kraftforvaltar og eigne straumutgifter

**Finans** Finansielle tal for 2022.

**Prosjekt** Oversikt over alle investeringsprosjekt og driftsprosjekt. Du kan klikke på prosjektnamnet for å få meir informasjon om kva investeringsprosjektet gjeld.

**Kvammabadet KF** Rekneskap og årsmelding frå det kommunale foretaket, Kvammabadet KF.

## TENESTEOMRÅDA

Kvam herad har ein tenesteorientert rapporteringsstruktur. Heradet er delt opp i 19 ulike tenesteområde. Frå dei store til dei heilt små. På kvart område finn du informasjon om tenesta, utvikling og utfordring i 2022, økonomiske tabellar på drift og investering, KOSTRA og status på politiske vedtak tilknytt det aktuelle tenesteområdet.

Når det gjeld KOSTRA-tala er det viktig å vera merksam på at 2022 er basert på ikkje reviderte tal og at 2021 tala er justerte for prisstiging (deflator) for å letta samanlikninga med 2022 tala.

**Samanheng mellom planstrategi, kommuneplanar, budsjett og økonomiplan**

Kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigaste dokumentet for kommunen si utvikling og styring fram mot 2030. Planen viser korleis kommunen kan realisera sine moglegheiter for å skapa ei positiv utvikling i kommunen. Langsiktigheit i vedtak som gjeld budsjett og føringer for økonomiplanperioden krev tette koplingar til både kommuneplanar og fagplanar.

Planstrategien er eit verktøy for å styrke den strategiske planlegginga i kommunen, der ein set strategisk retning for planarbeidet i kommunen. Planstrategien skildrar kva planar det er behov for, i lys av

utfordringane kommunen har og i lys av dei nasjonale og regionale føringane.

Planstrategien er eit viktig verktøy for å vurdera planressursar, og den samla trongen til kommunedelplanar, tema- og sektor (fag)planar, samt viktige offentlege reguleringsplanar.



# Årsrekneskap

I dette kapittelet vert rekneskapstal 2022 for Kvam herad presentert. Her viser dei obligatoriske oversiktane i årsrekneskapen og "Noter", jmf. kap.5 i Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar.

Kommunerekneskapen er delt opp i to rekneskapsdeler: drift og investering. I budsjett- og årsmeldingssamanheng er det offentlege Noreg oppteken av to hovudelement for den kommunale drifta:

1. Kva teneste kommunen brukar pengar på. På drift går det fram av skjema 1B. Når det gjeld investeringar er midlane fordelt på ulike investeringsprosjekt. Dette går fram av skjema 2B.
2. Kva ressursar kommunen brukar for å produsera tenestene, viser i 1A og 2A og er svara på i hovudoversikt drift og investering.

Kvam herad forvaltar store økonomiske ressursar, både i drifts- og investeringsmidlar og i eigedelar. I 2022 var driftsinntektene på 1 192 mnok og det vart investert for 265 mnok. Per 31.12.2022 forvalta kommunen eigedelar verdsett for 3,9 milliardar kroner.

**Løyvingsoversikt drift etter 5-4 første ledd (1A)**
Viser kommunen si finansiering av tenesteproduksjon. Her viser frie disponible inntekter, finansinntekter og -utgifter, samt sentrale avsetjingar og bruk av sentrale avsetjingar. Korleis inntektene er fordelt på dei ulike tenesteområda/rammeområda viser i løyvingsoversikt drift 5-4 andre ledd.

**Løyvingsoversikt drift etter 5-4 andre ledd (1B)**
Viser korleis midlane til disp. frå løyvingsoversikt drift 5-4 første ledd er fordelt på dei ulike tenesteområda.

**Løyvingsoversikt investering etter 5-5 første ledd (2A)**
Viser det samla finansieringsbehovet til kommunen og korleis investeringane er finansiert.

**Løyvingsoversikt investering etter 5-5 andre ledd (2B)**
Syner investeringer i anleggsmidler fordelt pr. eining og per prosjekt.

## Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

*Beløp i 1000*

| | Note | Rekneskap 2021 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Rekneskap 2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | | -324 897 | -312 682 | -311 361 | -318 808 | 7 447 | 2,4 % |
| Inntekt- og formuesskatt | | -267 315 | -260 406 | -277 803 | -297 376 | 19 573 | 7,0 % |
| Eigedomsskatt | | -45 798 | -40 000 | -34 500 | -39 386 | 4 886 | 14,2 % |
| Andre generelle driftsinntekter | | -120 580 | -93 581 | -269 231 | -255 520 | -13 711 | -5,1 % |
| **Sum generelle driftsinntekter** | | **-758 590** | **-706 669** | **-892 895** | **-911 089** | **18 194** | **2,0 %** |
| **Korrigert sum løyvingar drift, netto** | | **644 332** | **659 027** | **784 450** | **779 268** | **5 182** | **0,7 %** |
| Avskrivingar | 4 | 50 234 | 47 533 | 47 533 | 51 964 | -4 431 | -9,3 % |
| **Sum netto driftsutgifter** | | **694 566** | **706 559** | **831 983** | **831 232** | **751** | **0,1 %** |

| | Note | Rekneskap 2021 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Rekneskap 2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Brutto driftsresultat** | | **-64 024** | **-110** | **-60 912** | **-79 857** | **18 945** | **31,1 %** |
| Renteinntekter | | -4 250 | -5 193 | -6 505 | -11 599 | 5 094 | 78,3 % |
| Utbytte | | -14 981 | -14 100 | -17 300 | -17 607 | 307 | 1,8 % |
| Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel | | -251 | -200 | -200 | 479 | -679 | 0,0 % |
| Renteutgifter | | 20 232 | 25 210 | 27 110 | 28 708 | -1 598 | -5,9 % |
| Avdrag på lån | 10 | 40 000 | 43 200 | 43 200 | 43 200 | 0 | |
| **Netto finansutgifter** | | **40 751** | **48 918** | **46 305** | **43 181** | **3 124** | **6,7 %** |
| Motpost avskrivingar | 4 | -50 234 | -47 533 | -47 533 | -51 964 | 4 431 | 9,3 % |
| **Netto driftsresultat** | | **-73 507** | **1 275** | **-62 140** | **-88 640** | **26 500** | **42,6 %** |
| **Disponering eller dekning av netto driftsresultat** | | | | | | | |
| Overføring til investering | | 3 714 | 0 | 947 | 3 261 | -2 315 | -244,5 % |
| Avsettingar til bundne driftsfond | 13 | 17 074 | 20 761 | 22 438 | 12 526 | 9 912 | 44,2 % |
| Bruk av bundne driftsfond | 13 | -15 478 | -24 774 | -27 388 | -20 757 | -6 631 | -24,2 % |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 13 | 73 268 | 25 570 | 124 808 | 124 808 | 0 | |
| Bruk av disposisjonsfond | 13 | -5 070 | -22 832 | -58 664 | -31 198 | -27 466 | -46,8 % |
| **Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat** | | **73 507** | **-1 275** | **62 140** | **88 640** | **-26 500** | **-42,6 %** |
| **Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)** | | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | |

# Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

*Beløp i 1000*

| | Note | Rekneskap 2021 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Rekneskap 2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Manglende oppsett | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Finans og fellespostar | | -30 452 | -3 495 | -11 440 | -26 205 | 14 765 | 129,1 % |
| Styring og kontrollverksemd | | 5 015 | 5 276 | 5 427 | 4 252 | 1 175 | 21,7 % |
| Administrasjon | | 41 179 | 44 704 | 52 645 | 48 357 | 4 288 | 8,1 % |
| Barnehagar | | 88 998 | 92 833 | 99 993 | 97 218 | 2 775 | 2,8 % |
| Grunnskuleopplæring | | 160 456 | 164 205 | 173 500 | 167 677 | 5 823 | 3,4 % |
| Kommunehelse | | 43 148 | 36 788 | 40 891 | 46 591 | -5 700 | -13,9 % |
| Pleie og omsorg | | 234 822 | 224 500 | 237 878 | 257 630 | -19 752 | -8,3 % |
| Sosialteneste | | 24 155 | 28 300 | 33 689 | 31 450 | 2 239 | 6,6 % |
| Barnevern | | 18 265 | 23 407 | 26 237 | 24 338 | 1 898 | 7,2 % |
| Vatn og avlaup, avfall og renovasjon | | -5 786 | -7 336 | -7 336 | -8 075 | 738 | 10,1 % |
| Plan og byggesak | | 6 462 | 6 906 | 7 268 | 6 359 | 909 | 12,5 % |
| Samfunn og utvikling | | 3 396 | 3 430 | 4 482 | 3 627 | 855 | 19,1 % |
| Kultur | | 24 569 | 24 795 | 25 224 | 28 256 | -3 032 | -12,0 % |
| Kulturbygg | | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | |
| Kyrkja | | 5 750 | 6 395 | 6 395 | 6 395 | 0 | |
| Samferdsel | | 13 456 | 12 745 | 14 159 | 17 569 | -3 410 | -24,1 % |
| Bustad | | 701 | -3 729 | -54 | 1 477 | -1 531 | 0,0 % |
| Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft | | 42 505 | 27 239 | 101 020 | 96 308 | 4 712 | 4,7 % |
| Brann- og ulykkesvern | | 12 857 | 11 388 | 11 738 | 13 211 | -1 473 | -12,5 % |
| Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde | | 731 | 2 073 | 799 | 1 296 | -497 | -62,3 % |
| **Sum løyvingar drift, netto** | | **690 227** | **700 424** | **822 515** | **817 733** | **4 782** | **0,6 %** |

Av dette:

| | Note | Rekneskap 2021 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Rekneskap 2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Avskrivinger | 4 | 50 234 | 47 533 | 47 533 | 51 964 | -4 431 | -9,3 % |
| Netto renteutgifter og -inntekter | | -6 | 318 | 355 | 292 | 63 | 0,0 % |
| Overføring til investering | | 3 714 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 13 | 9 712 | 15 861 | 17 538 | 6 315 | 11 223 | 64,0 % |
| Bruk av bundne driftsfond | 13 | -15 478 | -22 274 | -27 388 | -20 106 | -7 282 | -26,6 % |
| Avsetninger til disposisjonsfond | | 32 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Bruk av disposisjonsfond | | -2 312 | -40 | 27 | 0 | 27 | 0,0 % |
| **Korrigert sum løyvingar drift, netto** | | **644 332** | **659 027** | **784 450** | **779 268** | **5 182** | **0,7 %** |

# Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

*Beløp i 1000*

| | Note | Rekneskap 2021 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Rekneskap 2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Investeringar i varige driftsmidlar | 4 | 92 201 | 266 347 | 326 109 | 226 807 | 99 302 | 30,5 % |
| Tilskot til andre sine investeringar | | 27 | 0 | 100 | 201 | -101 | 0,0 % |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 15 | 5 293 | 2 500 | 2 059 | 2 059 | 0 | 0,0 % |
| Utlån av eigne midlar | | 7 558 | 15 000 | 56 100 | 31 512 | 24 588 | 43,8 % |
| Avdrag på lån | 10 | 2 914 | 2 500 | 3 000 | 4 006 | -1 006 | -33,5 % |
| **Sum investeringsutgifter** | | **107 994** | **286 347** | **387 368** | **264 584** | **122 784** | **31,7 %** |
| | | | | | | | |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | | -13 252 | -46 144 | -52 566 | -35 930 | -16 636 | -31,6 % |
| Tilskot frå andre | | -19 426 | -36 765 | -52 750 | -11 597 | -41 153 | -78,0 % |
| Sal av varige driftmiddel | 4 | -1 041 | 4 427 | -3 475 | -11 896 | 8 421 | 242,3 % |
| Sal av finansielle anleggsmiddel | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Mottatte avdrag på utlån av eigne middel | | -6 837 | -2 200 | -5 000 | -4 945 | -55 | -1,1 % |
| Bruk av lån | 2 | -62 169 | -159 598 | -217 511 | -165 353 | -52 158 | -24,0 % |
| **Sum investeringsinntekter** | | **-102 727** | **-240 281** | **-331 302** | **-229 721** | **-101 581** | **-30,7 %** |
| | | | | | | | |
| Overføring frå drift | | -3 714 | 0 | -932 | -3 261 | 2 329 | 249,8 % |
| Avsettingar til bundne investeringsfond | 13 | 4 443 | 0 | 3 100 | 5 950 | -2 850 | -91,9 % |
| Bruk av bundne investeringsfond | 13 | -385 | -19 725 | -35 455 | -31 930 | -3 525 | -9,9 % |
| Avsetningar til ubunde investeringsfond | | 6 594 | -19 961 | 200 | 9 371 | -9 171 | 0,0 % |
| Bruk av ubunde investeringsfond | | -12 205 | -6 380 | -22 979 | -14 993 | -7 986 | -34,8 % |
| **Sum overføring frå drift og netto avsettingar** | | **-5 267** | **-46 066** | **-56 066** | **-34 863** | **-21 203** | **-37,8 %** |
| | | | | | | | |
| **Framført til inndekning i seinare år (udekt)** | | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | |

## Kommentar til løyvingsoversikt investering etter §5-5 første ledd (2A)

Antal og størrelse på investeringsprosjekta varierer frå år til år. Kvart enkelt prosjekt er kommentert i tabellen Status investeringer i kapittelet Prosjekt. Mange prosjekt vert forskyve i tid, noko som medfører store avvik mellom rekneskap og budsjett.

Investeringsutgiftene i 2022 var på 265 mnok. 122,8 mnok lågare enn revidert budsjett. Årsaka til avviket er at det er fleire prosjekt som ikkje vart starta eller gjennomført så lang som planlagt. Det vart også kjøpt færre bustader enn budsjettert og lånt ut mindre formidlingslån.

Investeringsinntektene enda på 229,7 mnok, noko som er 101,6 mnok lågare enn budsjett i 2022. På grunn av lågare investeringar vart det brukt 52,2 mnok mindre i lån. Lågare investeringsnivå fører til lågare momskompensasjon og tilskot frå andre.

**Bruk av lån i % av årets investeringar er 62%**

## Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

## 1. Investeringar i varige driftsmidlar

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Rekneskap 2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Gatelys i Tørvikbygd | 0 | 0 | 100 | 0 | 100 | 0,0 % |
| 0* Ny inngangsdør Ingebrigt Vik museum | 0 | 0 | 0 | 112 | -112 | |
| **Sum** | **0** | **0** | **100** | **112** | **-12** | **0,0 %** |
| **Finans og fellespostar** | | | | | | |
| Andre investeringar | 219 | 0 | 0 | 221 | -221 | |
| **Sum Finans og fellespostar** | **219** | **0** | **0** | **221** | **-221** | |
| **Administrasjon** | | | | | | |
| IT-investeringar 2021 | 1 645 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| IT-investeringar - årlege | 0 | 1 800 | 1 800 | 753 | 1 047 | 58,1 % |
| Skjermar HST | 0 | 0 | 313 | 0 | 313 | 0,0 % |
| Tilfluktsrom/arkivrom | 396 | 0 | 727 | 84 | 642 | 88,4 % |
| Deponering av elektronisk arkiv | 0 | 313 | 188 | 70 | 117 | 0,0 % |
| Forprosjekt ventilasjon og varmeanlegg Kvam rådhus | 0 | 350 | 350 | 0 | 350 | 0,0 % |
| Oppgradering arkivsystem | 445 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Digitalisering eigedomsarkiv | 1 169 | 0 | 706 | 393 | 313 | 44,3 % |
| **Sum Administrasjon** | **3 655** | **2 463** | **4 082** | **1 301** | **2 781** | **68,1 %** |
| **Barnehagar** | | | | | | |
| Nye PCar Barnehage | 0 | 188 | 188 | 217 | -30 | 0,0 % |
| Deling av Øystese barnehage, del 3, vegomlegging | 0 | 3 875 | 3 875 | 3 779 | 96 | 2,5 % |
| Deling av Øystese barnehage, del 4 | 0 | 1 875 | 1 875 | 3 191 | -1 316 | -70,2 % |
| Deling av Øystese barnehage, del 1, innveding oppgradering | 2 733 | 0 | 300 | 100 | 200 | 0,0 % |
| Deling av Øystese barnehage, del 2, tilbygg | 1 453 | 8 500 | 9 547 | 5 087 | 4 460 | 46,7 % |
| **Sum Barnehagar** | **4 185** | **14 438** | **15 785** | **12 374** | **3 410** | **21,6 %** |
| **Grunnskuleopplæring** | | | | | | |
| IKT prosjekt i skule og barnehage - årleg | 2 444 | 1 688 | 1 538 | 1 656 | -119 | -7,7 % |
| Kommunale funksjonar i Kvam VGS | 405 | 25 875 | 14 049 | 187 | 13 863 | 98,7 % |
| ENØK tiltak kommunale bygg | 0 | 2 500 | 2 500 | 1 070 | 1 430 | 57,2 % |
| Oppgradering vamepumpe ved kvam ungdomsskule | 0 | 0 | 0 | 878 | -878 | |
| Skulekjøken Øystese skule | 5 877 | 0 | 0 | 617 | -617 | |
| Heissjakt Øystese barneskule | 0 | 1 250 | 150 | 14 | 136 | 0,0 % |
| Ventilasjonsanlegg Ålvik Skule | 0 | 1 875 | 1 875 | 0 | 1 875 | 100,0 % |
| Forprosjekt Øystese barneskule | 0 | 199 | 0 | 0 | 0 | |
| Varmepumpe Kvam Ungdomsskule | 0 | 625 | 2 625 | 251 | 2 374 | 90,4 % |
| Tak på idrettsbygget Ålvik skule | 0 | 0 | 1 500 | 1 354 | 146 | 9,8 % |
| 0*Mellombels lokaler Vaksenopplæringa | 0 | 0 | 100 | 33 | 67 | 0,0 % |
| Norheimsund skule - uteområde | 0 | 482 | 482 | 24 | 458 | 0,0 % |
| Ombygging Øystese barneskule | 0 | 0 | 687 | 656 | 31 | 4,5 % |
| **Sum Grunnskuleopplæring** | **8 727** | **34 494** | **25 506** | **6 739** | **18 767** | **73,6 %** |
| **Kommunehelse** | | | | | | |
| Oppgradering fagsystem Gerica | 0 | 150 | 150 | 0 | 150 | 0,0 % |

| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Rekneskap 2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum Kommunehelse** | **0** | **150** | **150** | **0** | **150** | **0,0 %** |
| **Pleie og omsorg** | | | | | | |
| Velferdteknologi - årleg | 121 | 1 250 | 4 166 | 1 775 | 2 391 | 57,4 % |
| Nye PCar pleie og omsorg | 0 | 300 | 300 | 318 | -18 | 0,0 % |
| Dagsenter Strandebarm | 0 | 750 | 750 | 0 | 750 | 100,0 % |
| Dagsenter Øystese | 16 | 0 | -3 | 72 | -75 | 0,0 % |
| 0*Sansehage Toloheimen | 0 | 1 950 | 450 | 16 | 434 | 0,0 % |
| Skifte av SD - anlegg i kommunale bygg 2020-2024 | 1 035 | 1 000 | 1 412 | 714 | 698 | 49,4 % |
| Utbygging av Strandebarm Omsorg | 13 513 | 114 931 | 117 418 | 89 436 | 27 982 | 23,8 % |
| Tolomarka bufellesskap | 13 728 | 0 | 2 000 | 1 556 | 444 | 22,2 % |
| Legionellastyring institusjonar | 0 | 500 | 500 | 247 | 253 | 0,0 % |
| Oppgradering trygdebustader Ålvik | 0 | 5 156 | 5 156 | 0 | 5 156 | 100,0 % |
| Garderobeanlegg Helse | 0 | 125 | 1 750 | 1 396 | 354 | 20,2 % |
| **Sum Pleie og omsorg** | **28 413** | **125 962** | **133 899** | **95 530** | **38 369** | **28,7 %** |
| **Sosialteneste** | | | | | | |
| Kjøp av varebil NAV SV68267 | 0 | 0 | 0 | 255 | -255 | |
| NAV lokaler | 0 | 0 | 9 950 | 8 017 | 1 933 | 19,4 % |
| **Sum Sosialteneste** | **0** | **0** | **9 950** | **8 272** | **1 678** | **16,9 %** |
| **Vatn og avlaup, avfall og renovasjon** | | | | | | |
| Ny vassleidning, Fosse | 6 | 2 200 | 394 | 32 | 362 | 0,0 % |
| Oppgradering av VA-leidningskart | 538 | 1 000 | 1 000 | 485 | 515 | 51,5 % |
| Utskifting av hovudvassleidning Skålheim - Mo i Øystese | 24 | 2 000 | 1 360 | 682 | 678 | 49,8 % |
| Fornying teknisk utstyr VAR 2021 | 131 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Oppgradering membran Strandebarm vassverk | 1 020 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Fornying teknisk utstyr VAR - årleg prosjekt | 0 | 500 | 869 | 0 | 869 | 100,0 % |
| Ny pumpestasjon P5, Tolo | 14 | 1 368 | 300 | 263 | 37 | 0,0 % |
| Reinseanlegg/overføring Vikøy | 54 | 1 400 | 0 | 26 | -26 | |
| Oppgradering hovudrenseanlegg avløp | 339 | 0 | 827 | 1 235 | -408 | -49,3 % |
| Oppgr. av eksisterande vassverk i Kvam | 347 | 1 300 | 1 091 | 658 | 433 | 39,7 % |
| Reserveforsyning vatn | 516 | 880 | 422 | 404 | 18 | 0,0 % |
| VA-pumpestasjon ved Fartøyvernsenteret | 17 | 370 | 2 724 | 3 535 | -811 | -29,8 % |
| Kloakksanering Ålvik | 173 | 0 | 2 000 | 1 482 | 517 | 25,9 % |
| Opning av dam på Solhaug | 193 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Oppgradering av pumpestasjonar i Steinsdalen | 3 804 | 0 | 472 | 360 | 112 | 0,0 % |
| Oppgradering av kummar i heradet - årleg avlaup | 526 | 600 | 711 | 606 | 105 | 14,8 % |
| Oppgradering av kummar i heradet - årleg vatn | 625 | 1 500 | 1 984 | 1 171 | 813 | 41,0 % |
| Oppgradering av reduksjonskummar - årleg | 357 | 800 | 2 448 | 650 | 1 798 | 73,5 % |
| VA-sanering ved rådhuset/Norheimsund skule | 1 199 | 700 | 501 | 309 | 191 | 38,2 % |
| VA-sanering i Skårdalsvegen i Øystese | 43 | 900 | 1 182 | 943 | 239 | 20,2 % |
| VA-sanering norheim del III | 1 450 | 10 220 | 13 200 | 10 393 | 2 807 | 21,3 % |
| Pumpestasjon og overføring frå Laupsa til Notanes | 1 820 | 2 000 | 3 680 | 64 | 3 616 | 98,3 % |
| Høgdebasseng Torpe | 5 855 | 2 000 | 1 853 | 1 921 | -68 | -3,7 % |
| Movatnet pumpeledning | 6 | 2 500 | 3 694 | 4 179 | -485 | -13,1 % |
| Tolo reinseanlegg - byte av sil | 37 | 340 | 252 | 0 | 252 | 0,0 % |
| Ny vassleidning Børve | 567 | 0 | 286 | 250 | 36 | 0,0 % |
| Prosjektering av reinseanlegg på Tangerås | 0 | 100 | 200 | 0 | 200 | 0,0 % |
| Ny avløpsbil med lasteplan og ein liten kran. | 0 | 750 | 0 | 645 | -645 | |
| Sanering Børveneset , prosjektering | 0 | 200 | 200 | 0 | 200 | 0,0 % |
| Vannkiosk Øystese | 0 | 0 | 650 | 569 | 81 | 12,5 % |
| IKKJE BRUK 0* Prosjektering overvatn Norheim/Mjølstølvegen | 0 | 0 | 0 | 1 | -1 | |
| **Sum Vatn og avlaup, avfall og renovasjon** | **19 662** | **33 628** | **42 299** | **30 864** | **11 435** | **27,0 %** |
| **Plan og byggesak** | | | | | | |
| 0/1*Prosjekt Kvamsøy | 0 | 0 | 99 | 101 | -2 | 0,0 % |
| Utomhus Norheimsund skule, rådhus og KFL | 0 | 625 | 625 | 341 | 284 | 45,5 % |
| 0* Oppdaterte kart | 0 | 0 | 725 | 399 | 326 | 44,9 % |
| **Sum Plan og byggesak** | **0** | **625** | **1 449** | **841** | **608** | **42,0 %** |
| **Samfunn og utvikling** | | | | | | |
| Utfylling i sjø - Øystese sentrum | 5 623 | 0 | 0 | 0 | 0 | |

| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Rekneskap 2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Dagsturhytte | 392 | 0 | 0 | 1 | -1 | |
| **Sum Samfunn og utvikling** | **6 015** | **0** | **0** | **1** | **-1** | |
| **Kultur** | | | | | | |
| Vaskerobot Øystese Idrettshall | 0 | 938 | 938 | 892 | 46 | 4,9 % |
| Ny varmepumpe Norheimsund idrettshall | 0 | 1 125 | 1 125 | 626 | 499 | 44,4 % |
| Sjølvbeteningsløysing  Ålvik bibliotek | 0 | 0 | 1 | 0 | 1 | |
| **Sum Kultur** | **0** | **2 063** | **2 063** | **1 518** | **545** | **26,4 %** |
| **Samferdsel** | | | | | | |
| Asfaltering 2021 | 1 929 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Fornying teknisk utstyr 2021 | 1 157 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Asfaltering - årleg prosjekt | 0 | 1 875 | 2 625 | 2 738 | -113 | -4,3 % |
| Fornying teknisk utstyr - årleg | 0 | 625 | 831 | 734 | 97 | 11,6 % |
| Riving av bustadhus og omlegging av kommunal veg  i Øystese | 0 | 638 | 638 | 7 | 631 | 98,9 % |
| Veg Sandvenhagen/Sæland | 817 | 7 988 | 12 932 | 10 713 | 2 219 | 17,2 % |
| Trafikksikringsplan - årleg | 124 | 375 | 626 | 877 | -251 | -40,2 % |
| Kryss Tolo - Buspareklubben | 6 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Utskifting til LED i veglys | 331 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Kommunale bruer - årleg | 122 | 313 | 313 | 164 | 149 | 0,0 % |
| Rassikringstiltak - årleg | 479 | 1 875 | 4 346 | 1 282 | 3 063 | 70,5 % |
| Oppgradering av kommunale kaiar | 4 800 | 0 | 3 722 | 1 085 | 2 637 | 70,8 % |
| 0/1*Rekkverk kommunale vegar - årleg | 710 | 625 | 72 | 0 | 72 | 0,0 % |
| Uteområde Sandven drenering /asfaltering | 177 | 625 | 198 | 75 | 123 | 0,0 % |
| Overvassleidning Norheimshagen | 0 | 1 100 | 1 100 | 19 | 1 081 | 98,3 % |
| 0* Varmepumpe Sandven | 321 | 0 | 29 | 63 | -34 | 0,0 % |
| **Sum Samferdsel** | **10 973** | **16 038** | **27 429** | **17 757** | **9 672** | **35,3 %** |
| **Bustad** | | | | | | |
| Bustader tom 2022 | 0 | 2 125 | 16 125 | 11 072 | 5 053 | 31,3 % |
| Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommunale bygg | 239 | 1 850 | 500 | 440 | 60 | 0,0 % |
| Modulbustader til ROP | 0 | 1 875 | 0 | 0 | 0 | |
| Oppgradering bygg 2021 | 889 | 0 | 361 | 369 | -8 | 0,0 % |
| Brannsikring trygdebustad Hatlevegen | 0 | 450 | 500 | 86 | 414 | 0,0 % |
| Oppgradering bygg -årleg prosjekt | 0 | 1 250 | 1 250 | 634 | 616 | 49,3 % |
| **Sum Bustad** | **1 128** | **7 550** | **18 736** | **12 601** | **6 135** | **32,7 %** |
| **Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft** | | | | | | |
| Hardangerbadet | 46 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Komp.midlar veg skjering Bakka | 5 212 | 0 | 0 | 10 | -10 | |
| Infrastruktur ind.område Sandvenhagen del II | 6 | 0 | 0 | 126 | -126 | |
| **Sum Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft** | **5 264** | **0** | **0** | **136** | **-136** | |
| **Brann- og ulykkesvern** | | | | | | |
| Forprosjekt KVBR | 181 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Brannstasjon KVBR | 3 672 | 23 100 | 38 203 | 32 024 | 6 179 | 16,2 % |
| Vasstankbil KBR | 105 | 5 525 | 5 520 | 5 687 | -167 | -3,0 % |
| Redningsutstyr Oma Brannstasjon | 0 | 313 | 313 | 309 | 4 | 0,0 % |
| Utviklingskostnadar Naudsentral | 0 | 0 | 625 | 520 | 105 | 16,8 % |
| **Sum Brann- og ulykkesvern** | **3 959** | **28 938** | **44 660** | **38 539** | **6 121** | **13,7 %** |
| **Investeringar i varige driftsmidlar** | **92 201** | **266 347** | **326 109** | **226 807** | **99 302** | **30,5 %** |

## 2. Tilskot til andre sine investeringar

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Rekneskap 2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Riving av bustadhus og omlegging av kommunal veg i Øystese | 0 | 0 | 0 | 201 | -201 | 0,0 % |
| 0* Ny inngangsdør Ingebrigt Vik museum | 0 | 0 | 100 | 0 | 100 | 100,0 % |
| Dagsturhytte | 27 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Tilskot til andre sine investeringar** | **27** | **0** | **100** | **201** | **-101** | **-100,7 %** |

## 3. Investeringar i aksjar og andelar

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Rekneskap 2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eigenkapital KLP 2022 | 1 893 | 2 500 | 2 059 | 2 059 | 0 | 0,0 % |
| Andre investeringar | 3 400 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Investeringar i aksjar og andelar i selskap** | **5 293** | **2 500** | **2 059** | **2 059** | **0** | **0,0 %** |

## 4. Utlån

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Rekneskap 2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Husbanklån | 7 558 | 15 000 | 56 100 | 31 512 | 24 588 | 43,8 % |
| **Utlån av eigne midlar** | **7 558** | **15 000** | **56 100** | **31 512** | **24 588** | **43,8 %** |
| | | | | | | |
| **Sum del 1-4** | **105 080** | **283 847** | **384 368** | **260 578** | **123 790** | **32,2 %** |

## Balanse

| EIENDELER | Regnskap 2022 | Regnskap 2021 | Endring | Note |
|---|---|---|---|---|
| **A. Anleggsmidler** | **3 211 328 478** | **2 917 968 770** | **293 359 709** | |
| I. Varige driftsmidler | 1 810 705 473 | 1 629 311 772 | 181 393 701 | |
| 1. Faste eiendommer og anlegg | 1 555 476 039 | 1 401 669 901 | 153 806 138 | 4 |
| 2. Utstyr, maskiner og transportmidler | 255 229 435 | 227 641 871 | 27 587 563 | 4 |
| II. Finansielle anleggsmidler | 201 034 856 | 172 409 503 | 28 625 352 | |
| 1. Aksjer og andeler | 97 247 469 | 95 188 666 | 2 058 803 | 5 |
| 2. Obligasjoner | - | - | - | |
| 3. Utlån | 103 787 387 | 77 220 837 | 26 566 549 | 9 |
| III. Immaterielle eiendeler | - | - | - | |
| IV. Pensjonsmidler | 1 199 588 149 | 1 116 247 494 | 83 340 655 | 11 |
| **B. Omløpsmidler** | **675 731 132** | **643 081 058** | **32 650 074** | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| I. Bankinnskudd og kontanter | 208 467 562 | 233 383 286 | - 24 915 724 | |
| II. Finansielle omløpsmidler | 218 525 936 | 205 621 554 | 12 904 382 | |
| 1. Aksjer og andeler | - | - | - | |
| 2. Obligasjoner | 218 525 936 | 205 621 554 | 12 904 382 | |
| 3. Sertifikater | - | - | - | |
| 4. Derivater | - | - | - | |
| III. Kortsiktige fordringer | 248 737 634 | 204 076 218 | 44 661 416 | |
| 1. Kundefordringer | 11 728 290 | 5 987 745 | 5 740 545 | |
| 2. Andre kortsiktige fordringer | 123 794 244 | 96 502 201 | 27 292 043 | 1 |
| 3. Premieavvik | 113 215 100 | 101 586 273 | 11 628 827 | 11 |
| **Sum eiendeler** | **3 887 059 610** | **3 561 049 828** | **326 009 782** | |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | **-** | |
| **C. Egenkapital** | **1 076 851 531** | **939 962 054** | **136 889 477** | |
| I. Egenkapital drift | 324 444 720 | 239 066 331 | 85 378 389 | |
| 1. Disposisjonsfond | 252 308 593 | 158 699 315 | 93 609 278 | 13 |
| 2. Bundne driftsfond | 72 136 127 | 80 367 016 | - 8 230 889 | 13 |
| 3. Merforbruk i driftsregnskapet | - | - | - | |
| 4. Mindreforbruk i driftsregnskapet | - | - | - | |
| II. Egenkapital investering | 40 515 181 | 72 116 798 | - 31 601 617 | |
| 1. Ubundet investeringsfond | 25 905 128 | 31 526 706 | - 5 621 577 | 13 |
| 2. Bundne investeringsfond | 14 610 053 | 40 590 092 | - 25 980 040 | 13 |
| 3. Udekket beløp i investeringsregnskapet | - | - | - | |
| III. Annen egenkapital | 711 891 630 | 628 778 925 | 83 112 705 | |
| 1. Kapitalkonto | 717 267 025 | 634 154 320 | 83 112 705 | 2 |
| 2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift | - 5 375 395 | - 5 375 395 | - | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering | - | - | - | |
| **D. Langsiktig gjeld** | **2 513 243 518** | **2 419 349 377** | **93 894 141** | |
| I. Lån | 1 356 636 249 | 1 354 841 924 | 1 794 325 | 9 |
| 1. Gjeld til kredittinstitusjoner | 128 036 249 | 122 041 924 | 5 994 325 | |
| 2. Obligasjonslån | 1 128 600 000 | 1 112 800 000 | 15 800 000 | |
| 3. Sertifikatlån | 100 000 000 | 120 000 000 | - 20 000 000 | |
| II. Pensjonsforpliktelse | 1 156 607 269 | 1 064 507 453 | 92 099 816 | 11 |
| **E. Kortsiktig gjeld** | **296 964 561** | **201 738 397** | **95 226 164** | |
| I. Kortsiktig gjeld | 296 964 561 | 201 738 397 | 95 226 164 | |
| 1. Leverandørgjeld | 36 638 383 | 4 441 504 | 32 196 879 | |
| 2. Likviditetslån | - | - | - | |
| 3. Derivater | - | - | - | |
| 4. Annen kortsiktig gjeld | 254 141 019 | 191 312 244 | 62 828 775 | 1 |
| 5. Premieavvik | 6 185 159 | 5 984 649 | 200 510 | 11 |
| **Sum egenkapital og gjeld** | **3 887 059 610** | **3 561 049 828** | **326 009 782** | |
| **F. Memoriakonti** | **-** | **-** | **-** | |
| I. Ubrukte lånemidler | 19 969 071 | 136 321 912 | - 116 352 841 | 1 |
| II. Andre memoriakonti | 23 817 485 | 36 215 426 | - 12 397 941 | |
| III. Motkonto for memoriakontiene | - 43 786 556 | - 172 537 338 | 128 750 782 | |
| IB kapitalkonto | 634 154 320 | 590 391 138 | 43 763 182 | |

**Kommentarar til Balansen (tal i tusen kr i tabell)**

**Eigendelar:**

Kvam herad har per 31.12.22 eigendeler på i alt 3,9 mrd. kr. 326 mnok meir enn i 2021.

*(A) Anleggsmidlar*

Anleggsmiddel har auka med 293 mnok kr frå 2021, til 3,2 mrd. kr i 2022. Av dette er auken i pensjonsmidlane på 83 mnok.

*(B) Omløpsmidlar*

Sum omløpsmidlar er auka med 33 mnok til 676 mnok.

**Eigenkapital og gjeld**

*(C) Eigenkapital*

Eigenkapitalen er auka med 137 mnok til 1,08 mrd.. Eigenkapitalprosenten er auka med 1,3% til 27,7%.

Det er ein auke i disposisjonsfond i balansen er på 93,6 mnok.

*(D) Gjeld*

Langsiktig gjeld

*"Pensjonsforpliktelsar"* er auka med 92 mnok til 1,16 mrd.  (sjå eigen pensjonsnote).

*Anna langsiktig gjeld* auka med 1,8 mnok i 2022 til 1,36 mrd., og den kortsiktige gjelda er auka med 95,2 mnok til 297 mnok i 2022.

*(E) Memoriakonti*

*"Memoriakonti"* er hjelpekontoar utanfor sjølve balansen. Den viktigaste er «Ubrukte lånemidlar» som viser kor mykje som førebels ikkje er brukt av lån som kommunen har teke opp. Ubrukte lånemidlar er redusert med 116 mnok til 20 mnok, der 24 mnok er ubrukte midlar på andre lån og husbanklån har ein negativ rest på 4 mnok.

Dei to andre elementa er framført underskot på sjølvkosttenester med ein auke på 2,2 mnok og mellombels lån av fondsmidlar til finansiering av prosjekt med ein reduksjon på 14,6 mnok.

## Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

*Beløp i 1000*

| | Note | Rekneskap 2021 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Rekneskap 2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | | -324 897 | -312 682 | -311 361 | -318 808 | 7 447 | 2,4 % |
| Skatt på inntekt og formue | | -267 315 | -260 406 | -277 803 | -297 376 | 19 573 | 7,0 % |
| Eigedomsskatt | | -45 798 | -40 000 | -34 500 | -39 386 | 4 886 | 14,2 % |
| Andre skatteinntekter | | -4 774 | -4 400 | -4 400 | -4 778 | 378 | 8,6 % |
| Andre overføringar og tilskot frå staten | | -116 080 | -89 569 | -265 219 | -251 168 | -14 051 | -5,3 % |
| Overføringar og tilskot frå andre | | -139 129 | -102 281 | -109 322 | -129 262 | 19 940 | 18,2 % |
| Brukarbetalingar | | -29 446 | -29 945 | -30 185 | -29 702 | -483 | -1,6 % |
| Sals- og leigeinntekter | | -99 285 | -102 371 | -121 734 | -121 119 | -615 | -0,5 % |
| **Sum driftsinntekter** | | **-1 026 724** | **-941 654** | **-1 154 524** | **-1 191 599** | **37 074** | **3,2 %** |
| Utgifter til løn | | 486 754 | 490 656 | 513 767 | 521 407 | -7 640 | -1,5 % |
| Sosiale utgifter | 11 | 125 710 | 131 262 | 136 290 | 133 758 | 2 532 | 1,9 % |
| Kjøp av varer og tenester | | 175 404 | 175 067 | 207 597 | 206 539 | 1 058 | 0,5 % |
| Overføringar og tilskot til andre | | 124 598 | 97 028 | 188 425 | 198 074 | -9 649 | -5,1 % |
| Avskrivingar | 4 | 50 234 | 47 533 | 47 533 | 51 964 | -4 431 | -9,3 % |
| **Sum driftsutgifter** | | **962 699** | **941 545** | **1 093 612** | **1 111 741** | **-18 130** | **-1,7 %** |
| **Brutto driftsresultat** | | **-64 024** | **-110** | **-60 912** | **-79 857** | **18 945** | **31,1 %** |
| Renteinntekter | | -4 250 | -5 193 | -6 505 | -11 599 | 5 094 | 78,3 % |
| Utbytte | | -14 981 | -14 100 | -17 300 | -17 607 | 307 | 1,8 % |
| Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar | | -251 | -200 | -200 | 479 | -679 | 0,0 % |
| Renteutgifter | | 20 232 | 25 210 | 27 110 | 28 708 | -1 598 | -5,9 % |
| Avdrag på lån | 10 | 40 000 | 43 200 | 43 200 | 43 200 | 0 | 0,0 % |
| **Netto finansutgifter** | | **40 751** | **48 918** | **46 305** | **43 181** | **3 124** | **6,7 %** |
| Motpost avskrivingar | 4 | -50 234 | -47 533 | -47 533 | -51 964 | 4 431 | 9,3 % |
| **Netto driftsresultat** | | **-73 507** | **1 275** | **-62 140** | **-88 640** | **26 500** | **42,6 %** |
| **Disponering eller dekning av netto driftsresultat** | | | | | | | |
| Overføring til investering | | 3 714 | 0 | 947 | 3 261 | -2 315 | -244,5 % |
| Avsettingar til bundne driftsfond | 13 | 17 074 | 20 761 | 22 438 | 12 526 | 9 912 | 44,2 % |
| Bruk av bundne driftsfond | 13 | -15 478 | -24 774 | -27 388 | -20 757 | -6 631 | -24,2 % |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 13 | 73 268 | 25 570 | 124 808 | 124 808 | 0 | 0,0 % |
| Bruk av disposisjonsfond | 13 | -5 070 | -22 832 | -58 664 | -31 198 | -27 466 | -46,8 % |
| **Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat** | | **73 507** | **-1 275** | **62 140** | **88 640** | **-26 500** | **-42,6 %** |
| **Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)** | | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | |

### Forklaring til avvik mellom driftsrekneskap 2022 og revidert budsjett 2022

Netto driftsresultat vart i 2022 eit positivt resultat på 88,6 mnok. Dette er 26,5 mnok betre enn justert budsjett etter 2.tertial. Hovudårsaka til det store positivet avviket mellom rekneskap og justert budsjett er betydelege inntektspostar der storleiken først vart kjend etter 2.tertial. Inntektene på rammetilskot, skatt og kraft vart på 2.tertial justert etter det som på tidspunktet var siste kjende inntektsprognose.

Prognosane er gitt av KS og kraftforvaltar. Kraftinntektene var justert etter gjeldande prognose frå kraftforvaltar.

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) si anbefaling er at netto driftsresultat skal vere 1,75% av driftsinntektene. I 2022 utgjer det for Kvam 7%. I 2022, som i 2021, så er det dei høge kraftinntektene som er årsaka til det høge netto driftsresultatet.

**Sum driftsinntekter vart 37 mnok betre enn revidert budsjett**

Dei historisk høge kraftprisane gjer at driftsinntektene er spesielt høge i 2022, heile 165 mnok høgare enn i 2021 og 310 mnok høgare enn i 2020. Kommunen mottok 27 mnok meir i rammetilskot og skatt enn forventa i revidert budsjett. Eigedomsskatt på næring vart 4,8 mnok høgare enn revidert budsjett.

På andre overføringar frå staten vart inntektene 14 mnok lågare enn justert budsjett. Det er sal av heimfallskraft som utgjer den største andelen av andre overføringar frå staten. Inntekta på heimfall vert 17,5 mnok lågare enn budsjett. Generelt tilskot til flyktningar vart høgare enn budsjett.

Kommunen mottok 20 mnok meir i overføringar og tilskot frå andre enn budsjettert. 16,6 mnok av auken er auke i sjuklønnsrefusjon og momskompensasjon. Dette er inntekter som er direkte knytt mot ein tilsvarande auke i kostnader. Høge inntekter på sjukerefusjon betyr at kommunen minst har like høge utgifter på sjukevikar. Momskompesasjon går alltid i null på inntekter og utgifter totalt. I tillegg er det motteke meir tilskot frå staten enn det som var budsjettert. Det er også inntektsført eit tilskot til helse som låg i balansen. Øyremerka tilskot som ikkje vart bruk i 2021 er avsett til bundne fond.

Brukarbetalingar vart 0,5 mnok lågare enn budsjett. På helse er avviket mellom rekneskap og budsjett på 0,26 mnok. Også i barnehage og SFO fekk også lågare inntekter på brukarbetalingar med eit avvik på 0,16 mnok.

| IKT-lisensar og telefon | 1 575 |

| | |
|---|---|
| Lønn og sosiale utgifter | 110 317 |
| Utbetaling til legar | 19 866 |
| **Helse og omsorg Totalt** | **138 058** |
| Andre driftskostnader | 31 154 |
| Lønn og sosiale utgifter | 1 004 061 |
| Medisinsk forbruksmateriell | 880 |
| Utbetaling til legar | 15 750 |
| **Oppvekst Totalt** | **1 051 845** |
| **Totalsum** | **-323 097** |

## KOSTRA hovudtal

| | Kvam 2021 | Kvam 2022 | Landet uten Oslo | Kostragruppe 05 |
|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | |
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B) | 6,1 % | 6,7 % | 2,1 % | 3,0 % |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B) | 15,4 % | 21,1 % | 14,5 % | 16,5 % |
| **Økonomi** | | | | |
| Frie inntekter i kroner per innbygger *) **) | 65 751 | 65 072 | 66 167 | 66 212 |
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter | 110,6 % | 103,0 % | 91,0 % | 73,9 % |

## Sentrale inntekter

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. | Rev.bud. 2022 | Rekneskap 2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Frie disponible inntekter | | | | | | |
| skatt på inntekt og formue | -267 315 | -260 406 | -277 803 | -297 376 | 19 573 | 7,0 % |
| Ordinært rammtilskudd | -324 897 | -312 682 | -311 361 | -318 808 | 7 447 | 2,4 % |
| Skatt på eigedom | -45 798 | -40 000 | -34 500 | -39 386 | 4 886 | 14,2 % |
| Andre generelle statstilskudd | -25 876 | -40 231 | -48 231 | -51 668 | 3 437 | 7,1 % |
| Konsesjonsavgift | -4 774 | -4 400 | -4 400 | -4 778 | 378 | 8,6 % |
| **Sum Frie disponible inntekter** | **-668 660** | **-657 719** | **-676 295** | **-712 016** | **35 720** | **-5,3 %** |

## Sentrale utgifter

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. | Rev.bud. 2022 | Rekneskap 2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sentrale utgifter | | | | | | |
| Pensjon | 54 541 | 56 143 | 61 210 | 58 473 | 2 737 | 4,5 % |
| **Sum Sentrale utgifter** | **54 541** | **56 143** | **61 210** | **58 473** | **2 737** | **4,5 %** |

# Utvikling i netto driftsresultat

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap i fjor | Opph. bud. | Rev. bud. | Rekneskap |
|---|---|---|---|---|
| **Bruk av avsetninger** | | | | |
| Bruk av bundne driftsfond | -15 478 | -24 774 | -27 388 | -20 757 |
| Bruk av disposisjonsfond | -5 070 | -22 832 | -58 664 | -31 198 |
| **Sum bruk av avsetnader** | **-20 548** | **-47 606** | **-86 052** | **-51 955** |
| **Avsetninger** | | | | |
| Overføring til investering | 3 714 | 0 | 947 | 3 261 |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 17 074 | 20 761 | 22 438 | 12 526 |
| Avsetninger til disposisjonsfond | 73 268 | 25 570 | 124 808 | 124 808 |
| **Sum avsetnader** | **94 056** | **46 331** | **148 192** | **140 595** |
| **Netto driftsresultat** | **-73 507** | **1 275** | **-62 140** | **-88 640** |
| | | | | |
| **Sum driftsinntekter** | **-1 026 724** | **-941 654** | **-1 154 524** | **-1 191 599** |
| | | | | |
| **Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter** | **7,2 %** | **-0,1 %** | **5,4 %** | **7,4 %** |

# Samfunnsutvikling

Kvam herad har ulike roller å fylla. Ei av dei er å driva fram ynskt samfunnsutvikling. Utviklinga vert styrt ut frå visjonen til kommunen om å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid.

### Visjon
Å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future.

### Visjonsomtale
Kvam herad har som visjon å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future. Visjonen ligg til grunn for kommuneplanen for 2015-2030 (HST-064/15, 6.10.15). Slagordet ut frå visjonen er «Framtida er her». Dei samfunna som klarar å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid er dei som oppmodar til eksperimentering, dyrkar risikovilje, pleier innovatørar, set pris på kreativitet og fremmar det særeigne. Dette gjev oss fire underbyggjande faktorar:

**Talent - Toleranse – Trivsel – Teknologiutnytting**

## Mål og tiltak

Hovudmålet til Kvam herad er: *Vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter som knyter saman Hardanger og Bergensregionen.*

Kvam må ha fokus på å vidareutvikla eige regionsenter i samspel med lokal- og nærsentra for å vera ei motvekt og eit attraktivt alternativ til sentralisering. I kommunereforma er Kvam definert som ein av dei kommunane som står "ufrivillig åleine". Dette utfordrar oss ved at etablerte samarbeid opphøyrer, men nye moglegheiter kan oppstå i nye konstellasjonar. Kommuneplanen set langsiktige mål og strategiar for heile Kvammasamfunnet, Kvam herad sin tenesteproduksjon og kommunen som organisasjon. For å nå måla, er det valt fylgjande hovudstrategiar: «stadutvikling», «bustad», «infrastruktur», «verdiskaping» og «livskvalitet».

| Tema/utfordring | Mål – «Slik vil me ha det» | Tiltak – «Slik gjer me det» |
| --- | --- | --- |
| **Stadutvikling**<br><br>*Sentra våre skal byggja på ei berekraftig utvikling, styrkjast med eit større mangfald av private og offentlege tenestetilbod, ei god blanding mellom bustad, forretning og kontor, god tilrettelegging for alle med varierte møteplassar som innbyr til trivsel, samarbeid opplevingar og fysisk aktivitet.* | Sentra våre skal framstå som estetisk vakre slik at det vert attraktivt å bu, vitje og etablere seg der. | Kvam herad skal aktivt bidra med vidare planlegging, sikring og opparbeiding av fellesareal i sentrumsområda.<br><br>Utarbeider ny reguleringsplan for Øystese sentrum.<br><br>2022: Områdeplan for Øystese under arbeid<br><br>Utarbeider ny reguleringsplan |

| | | |
|---|---|---|
| | | for Kvam vidaregåande skule med omkringliggjande areal i Norheimsund sentrum.<br><br>2022: Reguleringsplan ferdig, nytt byggeprosjekt med attraktive uteområde saman med fylkeskommunen |
| | Sentra våre skal framstå som trafikksikre og trygge for mjuke trafikkantar | Kvam herad skal fortsetja arbeidet med å planleggja, tilretteleggja og opparbeida gode gang- og sykkelvegsystem i, rundt og gjennom sentra.<br><br>2022: I planarbeid for Øystese og Nhs |
| | Sentra våre skal vidareutviklast med eit stort engasjement | Kvam herad skal leggja til rette for brei medverknad, med idédugnader og folkemøte, der spesielt barn og unge skal vera invitert.<br><br>2022: Oppvekstplan med brei medverknad frå barn og unge, vedteken |
| | Me vil at fellesareala og infrastrukturen i tettstadane skal framstå som attraktive, tiltrekkjande og tilgjengelege | Kvam herad skal ha ansvaret for at den felles infrastrukturen vert bygd ut.<br><br>2022: Nye planar vidarefører arbeidet |
| | Me vil at sentrumsområda skal vera mangfaldige og ha ei blanding av service, kontor og bustad | Kvam herad skal i si planlegging sørgja for at sentrumsområda får ein god variasjon i mellom service, kontor og bustad.<br><br>2022: Nye planar vidarefører arbeidet |

| | | |
|---|---|---|
| | Me vil ha trygge og gode tettstadar og lokalsamfunn | Kvam herad skal med godt og tverrfagleg ROS-arbeid driva med førebyggjande og helsefremmande arbeid for å hindra ulukker og skadar.<br><br>2022: Revisjon av ROS er forseinka då ressursane har vorte nytta til beredskapsarbeid |
| | Me vil ha aktive handelsentra | Det skal leggjast til rette for at det skal vera attraktivt å etablera seg med forretningar i sentrum.<br><br>2022: Nye planar vidarefører arbeidet |
| | Me vil at den framtidige gjennomgangstrafikken skal gå utanom Norheimsund | Me planlegg trafikken i tunnel.<br><br>2022: Budsjettmidlar for 2023 avsett til reg.plan. |

| Tema/utfordring | Mål – «Slik vil me ha det» | Tiltak – «Slik gjer me det» |
|---|---|---|
| **Bustad**<br><br>Kvam herad skal ha eit variert bustadtilbod tilgjengeleg for alle grupper som ynskjer å busetja seg i kommunen og som ynskjer å verta buande, samt at folk vert buande lengst<br><br>mogleg i sin eigen heim. | Me vil ha eit meir variert og godt tilgjengeleg bustadtilbod i heile kommunen. | Kvam herad skal til ei kvar tid sjå til at det er godkjente areal- og reguleringsplanar i heile kommunen.<br><br>2022: Områdeplan for Øystese under utarbeiding. |
| | Me vil ha tett utnytting i sentra og spreidd i grendene. | Kvam herad skal i si planlegging følgje opp arealstrategiane forsenterstruktur og utnytting av LNF-område. |

| | | |
|---|---|---|
| | Me vil at det skal vera tilrettelagt rimelege bustadformer for førstegongsetablerarar og andre som treng hjelp og rettleiing. | Kvam herad skal bidra med god rettleiing, god utnytting av verkemidlar og god planlegging. |
| | Me vil at Kvam herad skal vera ein aktiv pådrivar for bustadbygginga i Kvam. | Kvam herad skal oppretta eit eige bustadkontor, som skal ha ansvaret for utbygging og rettleiing.<br><br>2022:<br><br>Midlar til eigen bustadkooridnator fremja som del av budsjettarbeidet for 2023 |
| | Me vil at våre bustadområde skal ha attraktive uteområde, med høg kvalitet og tilgang på nærrekreasjonsområde. | Kvam herad skal sikra tilgang på gode nærmiljøområde, som er universelt utforma og tilrettelagt for alle som ynskjer å nytta dei.<br><br>2022: Samarbeidet med BOF heldt fram. Arbeid med å sikra sentrale friluftsområde. |
| | Me vil ha attraktive tomter langs med sjøen i frå Vikøy til Laupsa. | Kvam herad skal kartleggja den funksjonelle strandsona, der fortetting skal skje i noverande bebygde område og område som er egna til rekreasjon og friluftsliv skal sikrast mot utbygging.<br><br>2022: Lagt til grunn i arealplan |
| | Me vil ha ein funksjonell og god infrastruktur inn til våre nye bustadfelt. | Kvam herad skal bidra som tilretteleggjar og pådrivar for å få på plass infrastruktur. |

| Tema/utfordring | Mål – «Slik vil me ha det» | Tiltak – «Slik gjer me det» |
|---|---|---|
| **Infrastruktur og kommunikasjon**<br><br>Kvam skal ha ein trafikksikker og effektiv infrastruktur – eksternt i mot Bergen for å utvide kommunen sin bu- og arbeidsregion, og internt i heile kommunen for å sikre ei betre samhandling mellom grendene. | Me vil ha ein trygg og god veg til ein større og bu- og arbeidsmarknadsregion i og rundt Bergen. | Kvam herad skal i samsvar med sin eigen arealstrategi arbeide med å få på plass Hardangertunnelen.<br><br>2022: Arbeidd vidare med å få fram reg.plan og gjennomføring av tunnel under Kvamskogen. |
| | Me vil at internkommunikasjonen skal vera god i heile kommunen i frå Gravdal til Kjepso, slik at samhandlinga vert styrka. | Kvam herad skal sørgja for at godkjente reguleringsplaner for infrastrukturen vert realiserte og me skal samhandla med regionale styremakter for å få plass Fv 7, Fv 48 og Fv 49 igjennom kommunen.<br><br>2022: Kommunen arbeider med fleire reg.planar på fylkeskommunale vegar. |
| | Me vil at området mellom Norheimsund og Øystese, samt tilkomsten til Sjusete skal verta betre tilgjengeleg. | Kvam herad skal i samsvar med arealstrategien for Tolomarka få på plass ny veg i kommuneplanen sin arealdel. |
| | Me vil at kollektivtilbodet skal verta betre internt i kommunen og til bergensregionen. | Kvam herad skal samarbeide med fylkeskommunen for å få til eit betre kollektivtilbod i Kvam og mellom Kvam og bergensregionen.<br><br>2022: svarar på årleg høyring om kollektivtilbod |

| Tema/utfordring | Mål – «Slik vil me ha det» | Tiltak – «Slik gjer me det» |
|---|---|---|
| **Verdiskaping gjennom samarbeid**<br><br>I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane, kunnskapen, møteplassane, det frivillige arbeidet, kulturtilboda og lokaldemokratiet | **Entreprenørskap**<br><br>I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane som kan få fram nye idéar, nye produkt, nye verksemder og verdiskaping til beste for samfunnet. | I Kvam skal me etablera nye og ta vare på gamle møteplassar for samarbeid og nytenking.<br><br>2022: fleire møte med m.a næringshage, næringsråd og -lag, Handalag m.fl.<br><br>Felles prosjekt med Voss om forsking på fjernarbeidsplassar |
| | **Møteplassar**<br><br>I Kvam vil me ha eit mangfald av arenaer innanfor kultur, idrett og det frivillige lagslivet. | I Kvam skal me støtta opp om og leggja til rette for at det frivillige lagslivet kan styrkjast og vidareutviklast til beste for alle innbyggjarane.<br><br>2022: Ei rekke tilskotsordningar vart delt ut |
| | **Frivilligheit og kommunen**<br><br>I Kvam vil me dyrka fellesskapet mellom kommunen og det frivillige for å leggja til rette for folk sin trivsel og helse. | I Kvam skal me leggja tilhøva til rette slik at frivillig sektor får gode levekår og utviklar seg på eigne premissar.<br><br>2022: Sjå over |
| | **Breidde og mangfald i kulturlivet**<br><br>I Kvam vil me ha breidde og mangfald i kulturtilbodet. | I Kvam skal me støtte opp om lag organisasjonar, og frivillige og inkluderande tilbod som møter alle sine behov.<br><br>2022: Sjå over |
| | **Lokaldemokratiet**<br><br>I Kvam vil me ha ei aktiv og deltakande befolkning. | I Kvam skal me leggja til rette for at dei folkevalde har reell innflytelse på samfunnsutviklinga. |
| | **Vidaregåande skular**<br><br>I Kvam vil me ha eit godt skuletilbod for ungdommar opp til 19 år. | I Kvam skal me i lag med Hordaland fylkeskommune leggja til rette for ein sentrumsnær og framtidsretta skule i Norheimsund. |

| | | |
|---|---|---|
| | | 2022: Fellesprosjektet mellom kommunen og fylkeskommunen hr tildelt oppdraget til leverandør |
| | **Kunnskap- og kompetansedeling i næringslivet**<br><br>I Kvam vil me satsa på kunnskap og kompetanse i næringslivet. | Kvam herad skal i samarbeid med næringslivet arbeida for koplingar i mellom Kvam herad, lokale verksemder og forskingsmiljø.<br><br>2022: fleire møte med m.a næringshage, næringsråd og -lag, Handalag m.fl. |
| | **Opplevingsøkonomien**<br><br>I Kvam vil me få på plass heilårs aktivitetstilbod som tek utgangspunkt i fjord, fjell og vatn. | I Kvam skal me profesjonalisera oss som opplevingskommune.<br><br>2022: Innvilga ekstra midlar til reiseliv i pandemien |

| Tema/utfordring | Mål – «Slik vil me ha det» | Tiltak – «Slik gjer me det» |
|---|---|---|
| **Livskvalitet**<br><br>I Kvam skal me arbeida for at dei som bur i kommunen skal oppleva høg livskvalitet og at samfunnet vårt vert opplevd på same vis. | **Frivillig sektor**<br><br>I Kvam vil me ha frivilligheit og dugnadsinnsats som eit viktig fundament i lokalsamfunnet. | I Kvam skal me støtta opp om eldsjeler og dei som driv fram det frivillige lags- og organisasjonslivet.<br><br>2022: Ei rekke tilskotsordningar vart delt ut |
| | **Arbeid - og aktivitetstilbod**<br><br>I Kvam vil me at alle skal komme seg ut i arbeid. | I Kvam skal kommunen og næringslivet samarbeide, for å få alle ut i arbeid<br><br>2022: fleire møte med m.a næringshage, næringsråd og -lag, Handalag m.fl.<br><br>Kommunen har i tillegg felles prosjekt med andre kommunar i |

| | | |
|---|---|---|
| | | regionen og NAV. |
| | **Fysisk aktivitet hjå befolkninga**<br><br>I Kvam vil me at alle skal vere litt meir i fysisk aktivitet. | I Kvam skal alle tiltak leggjast til rette for meir fysisk aktivitet for einskildmennesket. |
| | **Barnehage**<br><br>I Kvam vil me ha barnehagar som skal vera ein god arena for sosialisering, integrering og læring. | I Kvam skal det leggjast til rette for eit godt læringsmiljø som fremmar integrering og sosialisering.<br><br>2022: Auka rammer og satsing på barnehage, men ikkje fått ynskt effekt grunna bemanningsutfordringar. |
| | **Tverrfagleg samarbeid**<br><br>I Kvam vil me ha eit samfunn tufta på toleranse og samarbeid | I Kvam skal me oppmuntra til og leggja til rette for møteplassar som fremjar samarbeid. |
| | **Samfunnstryggleik**<br><br>Kvam skal ha eit trygt samfunn som er førebudd på uventa hendingar slik at menneske, miljø og materielle verdiar er tilstrekkeleg sikra mot fare | Gjennomføra gode risiko- og sårbarheitsanalysar med gode kunnskapsgrunnlag.<br>Kontinuerleg fokus på førebyggande tiltak.<br>Gjennomføra faste øvingar der offentlege og private aktørar samarbeider<br><br>2022: ressursane vart brukt til reelle hendingar. Ei fellesøving med fylkeskommunen |

## Demografi og folketalsutviking.

Folketalet i Kvam auka med 34 innbyggjarar til 8.531 ved utgangen av 2022. Det var både netto innflytting og fødselsoverskot i 2022. Figuren under for seg folketalsutviklinga akkumulert dei siste 10 åra.




*Figur 6 viser fødselsoverskot, nettoinnflytting, folketilvekst og akkumulert folketilvekst i perioden 2010 - 2021*

Den blå linja viser fødselsoverskot det einskilde året, og utviklinga er relativt stabil rundt null. Den grå linja viser folketilvekst eller fall det enkelte år. Akkumulert folketalstilvekst vist med den gula linja, fortel oss at i perioden 2009 – 2012 var det ein årleg vekst i folketalet. Frå 2013 til 2016 gjekk folketalet nedover i Kvam, medan det frå 2017 snudde mot ein meir positiv trend igjen. Oransje linje syner netto innflytting. I Vestland er det kommunar rundt Bergen som er vekstvinnarane, medan kommunar i indre Hardanger er i andre enden av skalaen.

Befolkningspyramiden nedanfor syner alderssamansetninga i Kvam herad for ulike aldersgrupper i åra 2012 og 2022, og framskriving for 2032 – ut frå SSB sitt standard scenario om middels vekst i Norge.

For både menn og kvinner flytter tyngda seg oppover i pyramiden, det vil sei at me får ein stadig større del med eldre personar i Kvam herad.




*Figur 1 viser befolkningspyramide for Kvam i åra 2012 og 2022 og framskrivingane fram til 2032*

Ser ein på utviklinga internt i Kvam herad dei siste 20 åra, syner figuren under akkumulert prosentvis endring fordelt på geografi. For Kvam herad samla sett, er det ei sentralisering der Norheimsund og Øystese har vekst i folketal medan Ålvik, Strandebarm og Tørvikbygd har reduksjon i innbyggjartalet.




*Figur 5 viser folkevekst i bygdene i Kvam frå 2010 og fram til 2022.*

Trenden med sentralisering viser også igjen i elevtala i Kvam. Grafen nedanfor syner %-vis endring i elevtal på dei ulike skulane i Kvam herad i høve til skuleåret 2015/2016. Talet på skuleelevar i 2015/2016 er tilnærma identisk med elevtala i skuleår 2020/2021. Utviklinga er klar på at det er auke i skulane i Norheimsund og Øystese, og ein nedgang i skulane i Strandebarm, Ålvik og Tørvikbygd.



## FN sine berekraftmål

FN sine berekraftmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, nedkjempa ulikskap og stoppa klimaendringane innan 2030. Måla gjeld for alle land i verda. Til saman er det 17 mål, illustrert under.




Til kvart mål er det utarbeidd forklaring og delmål, sjå lenkja: https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal. I Noreg er mange av måla nådd, men me har framleis mål som både er aktuelle for oss som nasjon og oss som kommune. Og sjølv om nokre av måla vert rekna for nådd, må me framleis arbeida med tema som fattigdom, likestilling, reint vatn og gode sanitærforhold. Andre mål utfordrar oss likevel meir, som ansvarleg forbruk og å stoppa klimaendringane. Under er nokre av måla som er aktuelle for vår kommune.

| Tema/utfordring | Mål | Tiltak |
|---|---|---|
| **3 - God helse**<br><br>"Sikra god helsa og fremja livskvalitet for alle, uansett alder" | 3.3) Innen 2030 stoppa epidemiane av aids, tuberkulose, malaria og neglisjerte tropiske sjukdomar samt bekjempa hepatitt, vassbårne og andre smittsame sjukdomar.<br><br>3.4) Innan 2030 redusera prematur dødelegheit forårsaka av ikkje-smittsame sjukdomar med ein tredel gjennom førebygging og | Oppdatera smittervernplanen og gjera den kjent<br><br>Ta i bruk infeksjonskontroll-program<br><br>Laga plan for helsemessig og sosial beredskap |

| | | |
|---|---|---|
| | behandling, og fremja mental helse og livskvalitet.<br><br>3.5) Styrka førebygging og behandling av misbruk, blant anna av narkotiske stoff og skadeleg bruk av alkohol.<br><br>3.6) Innan 2020 halvera talet på dødsfall og skadar i verda forårsaka av trafikkulykker. | Utvikla målretta informasjon til alle einingar omkring «helse i alt me gjer»<br><br>Overordna folkehelsegruppe i kommunen og deltaking i folkehelsgruppe interkommunalt og på fylkesnivå<br><br>Følgja opp rusmiddelpolitisk handlingsplan<br><br>Oppfylgjing av underskriven avtale om trafikksikker kommune og tenesteavtale med politiet<br><br>2022: ein del av planarbeidet måtte utsetjast grunna avgrensa ressursar. |
| **4 - God utdanning**<br><br>"Sikra inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremja moglegheit for livslang læring for alle" | 4.5) Innan 2030 avskaffa kjønsskilnader i utdanning og opplæring og sikre lik tilgang til alle nivåer innanfor utdanning og yrkesfagleg opplæring for sårbare personar, deriblant personer med nedsett funksjonsevne, urfolk og barn i utsette situasjonar.<br><br>4.7) Innan 2030 sikra at alle elevar og studentar tileigner seg den kompetanse som er nødvendig for å fremja bærekraftig utvikling, blant anna gjennom utdanning for bærekraftig utvikling og livsstil, menneskerettar, likestilling, fremja av ein freds- og en ikkjevaldskultur, globalt | Sikre heiltids-introduksjonsprogram for flyktningar og på bakgrunn av individuell kartlegging av kompetanse og motivasjon laga karriereplan for arbeid og utdanning<br><br>Ta imot lærlingar og studentar<br><br>Laga kompetanseplanar<br><br>2022: Ei rekkje kompetanseplanar er laga i KS |

| | | |
|---|---|---|
| | borgerskap og verdsetting av kulturelt mangfold og kulturen sin medverknad til bærekraftig utvikling. | Læring.<br><br>Heiltids-introduksjonsprogram klart.<br><br>Kommunen har hatt mange lærlingar i 2022, i samarbeid med Handalag. |
| **9 – Innovasjon og infrastruktur**<br><br>"Byggja solid infrastruktur, fremja inkluderande og bærekraftig industrialisering og medverka til innovasjon" | 9.1) Utvikla påliteleg, bærekraftig og solid infrastruktur av høg kvalitet, herunder regional og grensekryssande infrastruktur, for å støtta økonomisk utvikling og livskvalitet med vekt på overkommeleg pris og likeverdig tilgang for alle.<br><br>9.4) Innen 2030 oppgradera infrastruktur og omstilla næringslivet til å verta meir bærekraftig, med ein meir effektiv bruk av ressursar og større bruk av reine og miljøvenlege teknologiformer og industriprosessar, der alle land gjer ein innsats etter eiga evne og kapasitet. | Arbeida vidare med klimanettverk og ny energi- og klimaplan<br><br>Krav i kommuneplan til planlegging av infrastruktur, bygge miljøvennlege bygg og sette energikrav.<br><br>Halda fram arbeidet med å sanera VA-anlegg<br><br>Halda fram satsing på bruk av el-bilar som tenestebil i Kvam herad<br><br>2022:<br><br>Nye leasingbilar er el-bilar<br><br>Ei rekkje VA-prosjekt i løpet av året<br><br>Strandebarm omsorg vert bygd med fleire miljø- og energiomsyn<br><br>Kvam herad deltek m.a. i Klimapartner Vestland. |
| **12 – Ansvarleg forbruk og produksjon**<br><br>"Sikra bærekraftig forbruks- og produksjonsmønster" | 12.5) Innan 2030 betydeleg redusera avfallsmengda gjennom forbod, reduksjon, gjenvinning og ombruk. | Samarbeida med BIR for å redusera, gjenvinna og ivareta resterande avfall på best mogleg måle. |

| | | |
|---|---|---|
| | 12.7) Fremja berekraftige ordningar for offentlege anskaffingar, i samsvar med dei enkelte land sin politikk og prioriteringar.<br><br>12.b) Utvikla og innføra metodar for å overvaka konsekvensane av ein berekraftig utvikling på ei turistnæring som er berekraftig, skapar arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt. | Arbeida vidare med klimanettverk og ny energi- og klimaplan<br><br>Gjennomføra tiltak i innkjøpsstrategi.<br><br>Samarbeida med Visit Hardangerfjord AS, fylkeskommunen og andre partar for ei berekraftig utvikling av turistnæringa.<br><br>2022: Arbeid med berekraftig turistnæring saman med Hardangerkommunane<br><br>Kvam deltek i fleire nettverk for klima<br><br>Ny gjenbruksstasjon opna i Norheimsund |
| **13 – Stoppa klimaendringane**<br><br>"Handla umiddelbart for å bekjempa klimaendringane og konsekvensane av dei" | 13.1) Styrka evna til å stå imot og tilpassa seg klimarelaterte farer og naturkatastrofar i alle land.<br><br>13.3) Styrka enkeltpersonar og institusjonar si evne til å motvirka, tilpassa seg og redusera konsekvensane av klimaendringar og deira evne til tidleg varsling, samt styrka kunnskapen og bevisstgjeringen om dette. | Arbeida vidare med klimanettverk og ny energi- og klimaplan<br><br>Gjennomføra ROS-analysar for ulike delar av organisasjonen<br><br>Klargjera tilfluktsrom<br><br>Gjennomføra beredskapsøvingar |

| | | |
|---|---|---|
| | | Delta i beredskapskampanjar<br><br>2022: ROS-arbeid utsett grunna ressursar<br><br>Utflytting frå tilfluktsrom til arkiv gjennofmørt<br><br>Ei felles beredskapsøving med fylkeskommunen |

**Klimautslepp i Kvam**

## Utvikling folketal og demografi 4. Kvartal 2022

| | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Folketal ved inngangen av kvartalet** | **8 522** | **8 584** | **8 584** | **8 450** | **8 420** | **8 423** | **8 455** | **8 441** | **8 457** | **8 461** | **8 497** |
| Fødde | 86 | 94 | 88 | 87 | 89 | 76 | 83 | 80 | 72 | 78 | 87 |
| Døde | 81 | 73 | 69 | 97 | 81 | 99 | 85 | 61 | 85 | 71 | 89 |
| **Fødselsoverskot** | **5** | **21** | **19** | **-10** | **8** | **-23** | **-2** | **19** | **-13** | **7** | **-2** |
| Innvandring | 114 | 103 | 75 | 86 | 61 | 50 | 59 | 32 | 31 | 64 | 74 |
| Utvandring | 16 | 38 | 49 | 80 | 43 | 31 | 39 | 30 | 14 | 29 | 48 |
| Innflytting, innanlands | 221 | 196 | 225 | 222 | 196 | 248 | 217 | 230 | 259 | 238 | 262 |
| Utflytting, innanlands | 264 | 282 | 316 | 283 | 274 | 212 | 249 | 235 | 262 | 243 | 254 |
| **Netto innvandring og flytting** | **55** | **-21** | **-65** | **-55** | **-60** | **55** | **-12** | **-3** | **14** | **30** | **34** |
| **Folkevekst** | **62** | **0** | **-45** | **-64** | **-52** | **32** | **-14** | **16** | **4** | **36** | **34** |
| **Folketalet ved utgangen av kvartalet** | **8 584** | **8 584** | **8 539** | **8 475** | **8 423** | **8 455** | **8 441** | **8 457** | **8 461** | **8 497** | **8 531** |

# Klimarekneskap

### FN sine berekraftmål

FN sine berekraftmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, nedkjempa ulikskap og stoppa klimaendringane innan 2030. Måla gjeld for alle land i verda. Til saman er det 17 mål, illustrert under.




Til kvart mål er det utarbeidd forklaring og delmål, sjå lenkja: https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal. I Noreg er mange av måla nådd, men me har framleis mål som både er aktuelle for oss som nasjon og oss som kommune. Og sjølv om nokre av måla vert rekna for nådd, må me framleis arbeida med tema som fattigdom, likestilling, reint vatn og gode sanitærforhold.  Andre mål utfordrar oss likevel meir, som ansvarleg forbruk og å stoppa klimaendringane.

## Klimatiltak

Kvam herad vedtok i 2021 kommunedelplan for energi og klima, med målsetjing om å redusera klimagassutsleppa med 55% innan 2030. Viktige tema i planen er:

- Energi
- Areal og transport
- Jordbruk og skogbruk
- Bygningar
- Biologisk mangfald
- Næring
- Klimaleiing
- Haldningsskapande arbeid
- Samarbeid med andre

I kommunebarometeret for 2022, som er basert på tal for 2021, kjem Kvam herad på 189. plass. Klimagassutsleppa i Kvam i 2021 var på 22035,5 kg pr innbyggjar, mot 21694,16 året før. Utsleppa per innbyggjar er hverken høge eller låge, samanlikna med andre kommunar.

Kvam herad har eit relativt lågt energiforbruk i sine bygg. Energikostnadene på 132,4 kr per kvadratmeter ligg under gjennomsnittet.

I Kvam vart det samla inn 363,9 kilo per innbyggjar, noko som er under landssnittet. Kommunen i landet med lågast innsamling, var Bardu, med 243 kg pr innbyggjar. Av hushaldsavfallet i Kvam vart 26,4 levert til materialattvinning eller biogassproduksjon, noko som er relativt lågt. Landsnittet var 43,2% i 2022.

## Tiltak etter tema:

Nokre tiltak kan dekka fleire tema, men er berre lista opp på eit av dei:

- Energi
  - Heradsstyret løyvde kr. 8 millionar av klima- og energifond til ENØK-tiltak til privatpersonar. Det var svært stor interesse og på ein god månad var 450 søknader handsama og midlane tildelt.
  - Temperaturen er senka i eigne bygg for å redusera energibruken. Kvam kino styrer også energibruken i høve til når bygget er i drift.
- Areal og transport
  - I 2022 var Kvam herad med på sykle til jobben, prosjektet motiverte fleire til å sykla og gå til arbeid, men motiverte også folk til å komma seg ut ved andre høve. Det vart tilsaman 109 deltakarar og det vart spart 1 819 kgCo2
- Jordbruk og skogbruk
  - Det har vore gjeve 3 tilskot til solcelleanlegg.
- Bygningar
  - Kvam herad, i samarbeid med, Bergen kommune, Voss herad, Eidfjord kommune og Vestland fylkeskommune deltek i prosjektet, «grønt hytteliv». Kommunane ynskjer å kartleggja **bruken av hyttene** i dei respektive kommunane, for mellom anna å gjera utrekningar av **klimagassutsleppa** i samband med bruk av hyttene. Arbeidet fortset i 2023.
- Biologisk mangfald
  - I 2022 vart det også gjennomført kartlegging av myrene på Kvamskogen i samband med kommunedelplan for Kvamskogen. Arbeidet er gjort for å ta vare på det biologiske mangfaldet og for å ta vare på karbonet som er lagra i myra.
- Haldningsskapande arbeid
  - I 2022 har Kvam herad vore med på «Rein Hardangerfjord». I heile Hardanger vart det samla inn 20,2 tonn plast på ein dag. Fordelt på 1004 km strandline. Svært mange var engasjert i vår kommune.
  - Kvam herad deltok BIR si gjenbruksveka, mellom anna med arrangement på biblioteket. Det var relativt få arrangement, så her er potensialet stort for å verta betre. Kvam herad hadde også eige klimaveke, mellom anna i samarbeid med Grannehjelpa, Kvam vgs og biblioteka i Kvam og Samnanger.
  - Fleire tenester har gått bort ifrå eingongskoppar og brukar heller koppar som vert brukt om att.
- Samarbeid med andre
  - Kvam herad gjorde og vedtak i 2021 om å melda seg inn i Klimapartner Vestland. Via medlemskapet i Klimapartner Vestland, pliktar kommunen seg til:

        - Utarbeida årleg rapport over eigne utslepp av klimagassar, samt laga planar og gjera tiltak for å redusera desse.
        - Innføra miljøstyring og miljøsertifisering av eiga verksemd.
        - Delta på partnerarrangement med representant(ar) frå toppleiinga.
        - Arbeida for å utvikla produkt eller tenester som bidreg til reduksjon av klimagassutslepp.
    - Kommunen inngår i eit stort innkjøpssamarbeid leia av Bergen kommune, der dei fleste av kommunane rundt Bergen deltek. Desse felles rammeavtalene dekker mange av dei store innkjøpa, som til dømes mat, medisinar og arbeidsklede til pleie og omsorg. I desse rammeavtalane har me tillit til at Bergen, som og er klimapartner, etterlever regelverket.
    - Kvam herad har i 2023 vore ein viktig bidragsytar til Sintef sitt prosjekt om indikatorar for klimatilpassing av bygningar og infrastruktur i kommunane.

Når det gjeld investeringar kan me trekkja fram fylgjande eksempel knytt til klima og miljø:

- Strandebarm omsorg: Borehol for varmepumpe frå grunnvatn. 400 m2 solcelletak, resten grønt tak ( sedum) som gjev ekstra isolering og kjøler om sommaren og varmar om vinteren.
- Tolomarka bufellesskap. Varmepumpe på all oppvarming. Gamal del kopla på ny varmepumpe, som gjev meir effektiv drift. Montert 3 elbilladarar
- Brannstasjon. Utstyr som til dømes høgtryksspylar skal vera ikkje fossil, d.v.s gass eller elektrisk. Sjølve bygget er eit industribygg med store opne portar, der det er særs kostbart å få på plass gode løysingar innanfor den økonomiske ramma. I prosjektet vart det nytta lausmasser frå Tolomarka, som vart køyrd direkte for å spare transport.
- Fleire av investeringane er dessutan reine miljøtiltak, t.d. varmepumper til Øystesehallen og Kvam ungdomsskule. Strandebarm omsorg, 6 elbil-ladarar til heimetenesta og lading av elektriske syklar for personale.
- Bjørketeigen barnehage. I samband med rehabilitering av administrasjonsfløy var det betalt ekstra for bruk av elektrisk gravemaskin.
- Teknisk eining er i gang med å utvikla et skjema for materialbehandling til bruk i framtidige kjøp, basert på ein mal frå miljødirektoratet. Her vil ein mellom anna ha fokus på transportavstandar, fossilfri transport og krav om at avfall skal til godkjent mottak. Skjemaet skal i fyrste omgang prøvast ut på eit takbytte i Ålvik.

## Klimarekneskap for Kvam herad som organisasjon

Kvam herad har laga klimarekneskap i programvara Klimakost, som er utvikla av Asplan Viak for 2021 og 2022. Klimarekneskapen rapporterer på klimagassutslepp innan tre kategoriar: Scope 1, Scope 2 og Scope 3.

- Scope 1 gjeld direkte utslepp av klimagassar frå eige utstyr.
- Scope 2 gjeld utslepp frå energi. For både scope 1 og 2 er det relativt enkelt å fordele ansvar for klimagassutsleppa, der liter drivstoff eller kwh kan reknast om til CO2 ekvivalentar.
- Scope 3 omfattar indirekte utslepp. Det er frivillig å inkludera indirekte utslepp i klimarekneskap. Dette er ikkje fordi scope 3 utgjer ein liten del av utsleppa, tvert imot – for mange verksemder er scope 3 helt klart den største utsleppskategorien. Indirekte utslepp skjer utanfor ei

verksemds operative område, slik at det kan vere vanskeleg å finne tal på utslepp innan dette kategorien, og er derfor frivillig å rapportera på. Det skjer mykje utvikling innan fagfelta klimarekneskap og klimabudsjettering, og spesielt innan ansvarsfordeling og korleis ein rekar ut indirekte utslepp.

Kvam herad har rapportert klimagassutslepp for scope 1, scope 2 og scope 3 for åra 2021 og 2022. Vær merksam på at ein ikkje kan samanlikna åra direkte (figur 1).




Figur 1. Ulike faktorar fører til at ein ikkje kan samanlikna klimarekneskapet mellom år, men gjev likevel nyttig lærdom.

For det første er det rask utvikling i fagfelta, endring i programvara Klimakost, og fordi me i kommunen er i ein læringsprosess med bruk av klimarekneskap, gjev det til dels ulike tal og ulike utrekningsmetodar for dei to åra. For eksempel har me i 2022 hatt høve til å rapportere innafor fleire kategoriar innanfor Scope 3. Dette gjev eit høgare, og meir nøyaktig, klimagassutslepp (figur 2).




Figur 2. Det er viktig å rapportera innan både direkte (scope 1) og indirekte (scope 2 og 3) utslepp for å få ein heilskapleg og realistisk framstilling av kommunen sitt klimafotavtrykk.

For det andre gjev klimarekneskap ei overordna oversikt over klimagassutslepp for dei ulike kategoriane. Innafor Scope 3 er det modellar som reknar om NOK til tonn CO2 ekvivalentar basert på bransjegjennomsnitt. Difor vil to ulike produkt i same rekneskapskategori og til same pris, men som vert

produsert under tilhøve som gjev ulike klimagassutslepp, føre til same mengde CO2 ekvivalentar i klimarekneskapet. Om ein ynskjer meir innsikt i klimagassutslepp for spesifikke produkt, må ein nytta verktøy som følgjer eit produkt frå produksjon, igjennom levetida til produktet, og til avfall (LCA – Life cycle assessment).

Med desse tankane om metodikk i bakhovudet, kan me likevel nytta klimarekneskapet til å læra om oss sjølv og om kva kategoriar vi har størst potensial for utsleppskutt . Den desidert høgaste utslippskategorien i 2022 var «bygg» (Figur ) som ligger under Scope 3. Dermed bør Kvam herad iverksetja klimatiltak i samband med bygg -og anleggssaker. Dette inkluderer utslepp frå mellom anna ikkje-kommunale anleggsmaskiner på byggeplassar på oppdrag frå kommunen og produksjon og transport av byggematerialar. Kvam herad kan/bør som oppdragsgjevar til dømes oppmoda eller stilla krav om låge klimagassutslepp og miljøvennleg materialbruk i byggesaker (som allereie nemnt i Energi- og klimaplanen for 2020-2040).

Ei anna kjelde til høge klimagassutslepp for Kvam herad er varekjøp. Det kan difor vera eit effektivt klimatiltak å fortsetja å stille krav til leverandørar.




| | Utslipp i tonn CO2e |
|---|---|
| Energibruk | 327,7 |
| Varekjøp | 2 219,6 |
| Bygg | 7 005,1 |
| Transport og reise | 736,3 |
| Tjenestekjøp | 125,6 |
| Avfall | 158,6 |
| Direkteutslipp | 248,0 |

Figur 3. Indirekte utslepp frå bygg er Kvam herad si største kjelde til klimagassutslepp, etterfølgt av varekjøp.

# Organisasjon og internkontroll

Kvam herad som organisasjon er mangfaldig med om lag 1000 tilsette i mange ulike yrkesgrupper. Kvar enkelt medarbeidar sitt bidrag er viktig for at kommunen skal levera tenester av god kvalitet. Den framtidige arbeidsmarknaden vert utfordrande med tanke på rekruttering til fleire yrkesgrupper kommunen har behov for. Behovet for helsepersonell vil auka og vil utfordra oss til å gjera grep for å møta framtidige behov. Digitalisering, velferdsteknologi og ei dreiing av tenestene til meir heimebasert omsorg har høgt fokus i det pågåande utviklingsprosjektet i pleie og omsorg. I eit samfunns- og arbeidsliv i endring, må tilsette vera budde på store endringar. Samarbeid, medverknad og open dialog er sentrale verdiar for ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt organisasjon. Kvam har valt «lean-tenking» som filosofi og verktøy for kontinuerleg utvikling av organisasjonen.

**Organisasjonskart for Kvam herad**




Det har ikkje vore endringar i den overordna organiseringa i 2022. Kvam herad har omlag 1000 tilsette, og det vert utført omlag 700 årsverk.

## *Internkontroll*

Kravet til at kommunen har eit internkontrollsystem er heimla i kommunelova § 25-1. Internkontrollen skal bidra til å unngå lovbrot, at vedtatt politikk vert gjennomført, god tenestekvalitet og effektiv ressursbruk. Internkontrollen skal vera basert på risiko- og sårbarheitsvurderingar. Internkontrollen skal vera systematisk og tilpassa kommunen med omsyn til storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Det er utarbeidd eit dokument som gir oversikt over det overordna arbeidet med internkontroll i Kvam herad. Anna tenestespesifikk dokumentasjon av internkontroll, vert utarbeidd på avdelingsnivå. All overordna og tenestespesifikk dokumentasjon skal enten liggja i kommunen sitt kvalitetssystem (Compilo), eller ha lenkja til eventuell anna programvare der dette ligg.

Kvam herad nyttar COSO-modellen i det overordna internkontrollarbeidet, som har følgjande komponentar:




Element i det interne kontrollmiljøet er **kompetanse, organisering og utvikling av medarbeidarar, leiarar sitt engasjement og overordna styring, rolle- og ansvarsfordeling og etiske verdiar**. Ivaretaking av desse elementa skjer gjennom Kvam herad sin **arbeidsgjevarpolitikk, medarbeiderutvikling, delegeringsreglement og etiske verdiar.**

Internkontrollen er retta mot administrasjonen og ikkje mot folkevalde organ, kommunale foretak, aksjeselskap eller interkommunale selskap som kommunen er deleigar i. Kontrollinjer for internkontroll er som følgjer:

*Figur 3.*
*Kontrollinjene*




Utanom eigenkontroll, har kommunen òg tilsyn av fylkeskommunale og statlege organ. Kvam herad nyttar tilsynsprosessar, -resultat og eventuelt etterarbeid som kjelde i arbeidet med kontinuerleg forbetring.

Kontrollutvalet lagar eiga årsmelding, som vert lagt fram for heradsstyret. I snitt vert det gjennomført 1 forvaltningrevisjon i året, i tillegg til oppfølging av tidlegare revisjonsarbeid, og planlegging av komande.

Det vart ikkje gjennomført eigarskapskontroll i 2022. Tilsynskalenderen til Statsforvalteren i Vestland syner at Kvam herad har hatt tilsyn med barnehagemynde i 2021 som vart avslutta i 2022, og at det er ein forvaltningsrevisjon under arbeid: Forvaltningsrevisjon med fokus på personalpolitikk og vikarbruk i skule.

## *Arbeidsgjevarpolitikk*

Arbeidsgjevarpolitikken utgjer eit felles verdigrunnlag for alle som arbeider i Kvam herad. Leiarar har eit særskilt ansvar, ei plikt, men også høve til å påverka og nå mål saman med medarbeidarane sine. Godt leiarskap heng tett saman med godt medarbeidarskap.

Gjennom ein prosess med leiarar og tilsette er det utarbeidd ei plattform for det som skal kjenneteikna godt leiarskap og medarbeidarskap i Kvam herad. Plattforma byggjer på fem ulike kjenneteikn for leiarar og medarbeidarar. Desse kjenneteikna er:

- Meistringsorienterte
- Innovatørar
- Effektjegarar
- Profesjonelle
- Lagspelarar

Godt leiarskap er avgjerande for å levera gode tenester til innbyggjarane. Leiarar skal leggja til at dei gevinstane som var forventa av eit prosjekt eller ein omstillingsprosess, faktisk vert realisert.

Godt medarbeidarskap handlar om å spela kvarandre gode. Ved å utføra arbeidsoppgåvene ansvarsfullt og profesjonelt, tenkja kva som har verdi for brukaren og arbeida med kontinuerleg forbetring, vil me skapa god tenestekvalitet.

**Medarbeidarundersøking – «10-faktor»**

Annakvart år vert det gjennomført medarbeidarundersøkingar. Kvam herad nyttar KS si undersøking «10 faktor»; ei forskningsbasert undersøking og eit godt verktøy for å måla faktorar som vert sett på som avgjerande for at organisasjonen skal oppnå gode resultat. Undersøkinga er gjennomført tre gonger; i 2017, 2019 og 2021.

Undersøkinga er basert på 10 innsatsfaktorar som det er mogleg å påverka for å utvikla godt leiarskap og eit godt arbeidsmiljø. Undersøkinga er orientert både mot medarbeidar- og leiarskap og legg spesiell vekt på meistring, motivasjon og bruk av kompetanse.

Resultata frå medarbeidarundersøkingane på den enkelte arbeidsplass vert arbeidd med gjennom eit felles oppfølgingssystem som byggjer på oppfølgingsmetodikken i 10 faktor. Under er tabell som viser resultat for 2021 for kommunen samla. Skalaen går frå 1 til 5, der 5 tyder at ein er svært einig i ein påstand, og 1 "svært ueinig". Resultata vert samanlikna med alle andre undersøkingar som er gjennomført i same tidsrom.

| 10-FAKTOR KS' medarbeiderundersøkelse | | 10-FAKTOR | | |
|---|---|---|---|---|
| **Faktor** | **Navn** | **10-FAKTOR** | **Norge** | **Beskrivelse** |
| Faktor 1 | Indre motivasjon | 4.1 | 4.2 | Motivasjonen for oppgavene i seg selv, det vil si om oppgavene oppleves som en drivkraft og som spennende og stimulerende. (Også kalt indre jobbmotivasjon) |
| Faktor 2 | Mestringstro | 4.1 | 4.3 | Mestringstroen gjenspeiler hver enkelt medarbeiders tiltro til egen kompetanse og mulighet til å mestre utfordringer i jobbsammenheng. |
| Faktor 3 | Autonomi | 4.1 | 4.2 | Medarbeidernes opplevelse av å ha mulighet til å jobbe selvstendig og gjøre egne vurderinger i jobben sin, basert på egen kompetanse, og innen en definert jobbrolle. |
| Faktor 4 | Bruk av kompetanse | 4.1 | 4.2 | Medarbeidernes opplevelse av å få brukt egen jobbrelevante kompetanse på en god måte i sin nåværende jobb. |
| Faktor 5 | Mestringsorientert ledelse | 3.9 | 3.9 | Ledelse som vektlegger at den enkelte medarbeider skal få utvikle seg og bli best mulig ut fra sine egne forutsetninger, slik at medarbeideren opplever mestring og yter sitt beste. |
| Faktor 6 | Rolleklarhet | 4.0 | 4.3 | Høy rolleklarhet innebærer at forventningene til den jobben medarbeideren skal gjøre er tydelig definert og kommunisert. |
| Faktor 7 | Relevant kompetanseutvikling | 3.6 | 3.6 | Relevant kompetanseutvikling er avgjørende for at medarbeiderne til enhver tid er best mulig rustet til å utføre sine oppgaver med høy kvalitet, og er avgjørende for kvaliteten på de tjeneste som leveres, uansett hvilken type tjeneste vi snakker om. |
| Faktor 8 | Fleksibilitetsvilje | 4.3 | 4.4 | Medarbeiderens villighet til å være fleksibel på jobb og tilpasse sin måte å jobbe på til nye behov og krav. |
| Faktor 9 | Mestringsklima | 4.1 | 4.1 | I et mestringsklima motiveres medarbeiderne av å lære, utvikle seg og gjøre hverandre gode, fremfor å rivalisere om å bli best. |
| Faktor 10 | Prosocial motivasjon | 4.5 | 4.7 | Motivasjon for å gjøre noe nyttig og verdifullt for andre, også kalt prososial motivasjon, er en viktig drivkraft for mange og har en rekke godt dokumenterte, positive effekter. |

## Rekruttera og behalda arbeidskraft

Å sikra kvalifisert arbeidskraft til kommunen sine oppgåver vart meir utfordrande i 2022. Særleg gjeld dette rekruttering til helse og omsorg og til barnehagane. Det har også vore vanskeleg å skaffa lærarvikarar når behov oppstår midt i skuleåret og det er svært få ledige kvalifiserte lærar på jobbmarknaden. Det medfører at mange vikarar i skulen manglar dei formelle kvalifikasjonane for å undervisa. Rekrutteringa  er særleg vanskeleg til skular og barnehagar i indre og ytre delar av kommunen. Sjølv om me klarer å rekruttera til desse områda,  er det ein klar tendens til at tilsette søkjer seg til sentrale delar av kommunen og større fagmiljø når det vert høve til det.

Kvam herad er kjenneteikna ved at me er ein open, folkestyrt organisasjon som skal utvikla og levera tenester i eit samspelet mellom politikk og organisasjon. Å vera ein attraktiv og framtidsretta kommune stiller krav til at me har både endringskompetanse og kan levera tenester med høg fagleg standard. Til det trengs det kompetente medarbeidarar som får brukt kompetansen sin, har ein leveleg arbeidsbelastning og kjenner meistring i jobben. Det vil igjen bidra til indre motivasjon, arbeidsglede og til at dei skapar verdiar.

## Heiltidskultur

Det har vore ei positiv utvikling når det gjeld auke i gjennomsnittleg stillingsstorleik. Framleis er det mange som jobbar deltid – både frivillig og ufrivillig. Her ligg ein stor arbeidskraftreserve som me treng og ynskjer å ta i bruk. Fleire heiltidsstillingar er eit mål, men også å auka stillingar opp mot heiltid. Deltidsarbeid er særleg ei utfordringa innan helsetenestene, men også blant fagarbeidarar i skule og barnehage.

Tabellen syner at den gjennomsnittlege stillingsprosenten har auka:




*Utvikling i gjennomsnittleg stillingsstorleik 2019-2022.*2 % stillingar i brann og redning er utelatne.*

Det vert arbeidd kontinuerleg med ulike tiltak for å auka den gjennomsnittlege deltidsprosenten. Større arbeidsgrupper og årsturnus er sentrale grep for meir heiltidskultur i pleie og omsorg. Det same gjeld arbeidstidsordningar med lengre arbeidsperiodar og lengre friperiodar.  Heradsstyre har løyvd midlar til eit 2-årig bemanningsprosjekt i pleie og omsorg som skal greia ut spørsmål kring m.a. deltid, grunnbemanning og sjukefråvær.

Deltidsproblematikk i skule er ikkje knytt til undervisningsstillingar, men til at andre stillingar også følgjer skuleruta, men utan å ha planleggingstid, og vil difor ikkje kunne oppnå heiltid. I barnehage er det også stort omfang av deltid, der mange ynskjer redusert stilling. Sjølv om det framleis er stort innslag av deltid i enkelte av tenestene, viser effekten av tiltaka at den samla prosenten går oppover, og ligg no på 81,6%.

Kvam herad har til ei kvar tid om lag 25-30 lærlingar jamnt fordelt mellom helsefag og barne- og ungdomsarbeidarfag. Lærlingar er tilsett i heile stillingar og i hovudsak i 2-årige lærlingeløp, men me ser også ein klar tendens til at det er andre læreløp enn det tradisjonelle 2-årige som vert løysinga for mange unge. Individuelt tilpassa læreløp i samarbeid med Handalag opplæringskontor vert meir og meir vanleg. Kvam herad har inngått intensjonsavtale med Handalag om nyvinninga “fleire vegar til fagbrev”. Dette er ein heilt ny veg til fagbrev i dei tilfella der fagtilbodet ikkje fins i det lokale vidaregåande skuletilbodet, men som likevel gjer det mogleg å få gjennomført teori og praksis i lærebedrifter som har behov for faget og tilbyr læreplassar.

## *Innovasjon, gevinstrealisering og omstilling*

Samfunnet er i endring, globalt og lokalt. Den digitale påverknaden er sterk. Teknologi og data er sentrale drivarar for innovasjon.  Å lukkast med innovasjons- og endringsprosessar krev at det er gjort ei vurdering av kva føresetnadar som må vera til stades for at endringane skal kunne skje,  og kva gevinstar som er realistiske å henta ut. Endring av tenester og arbeidsprosessar som betyr unngått kostnad, spart tid eller auka kvalitet er døme på gevinstar.

Gevinstrealisering handlar om dei aktivitetane me set i verk for å oppnå gevinstane. Det er viktig å planleggja korleis me faktisk skal henta ut gevinstane.  Endrings-og innovasjonsprosessar kan vera både enkle eller meir komplekse. Innovasjon i kommunen handlar om å:

- *skapa rom for idéar og setja pris på kreativitet, pleia talent og utfordra innovatørar*
- *sjå kvar det er behov for å skapa noko nytt og føreslå nye løysingar*
- *bruka kompetanse på nye måtar og i nye samarbeidsrelasjonar*
- *henta inspirasjon og løysingar frå andre fagområde og organisasjonar*
- *dela og auka kunnskap internt og eksternt*

Lean vert nytta som filosofi og verktøy for kontinuerleg forbetring av arbeidsprosessar og tenesteutvikling,

Tenesteinnovasjon og endring av arbeidsprosessar er utviklingsprosessar som medfører behov for omstilling. Kvam herad har retningslinjer for omorganisering, omplassering og nedbemanning som saman med Hovudavtalen skal sikra medverknad frå tilsette i slike prosessar.

**Sjukefråvær**

Intensjonsavtalen for eit inkluderande arbeidsliv gjeld for perioden 2019-2022. Målet er å leggja til rette for at så mange som mogleg kan arbeida så mykje som mogleg, så lenge som mogleg. Høg sysselsetting er grunnlaget for å oppretthalda eit berekraftig velferdssamfunn, samtidig som det betyr mykje for den enkelte å vera i jobb. Trepartssamarbeidet om eit meir inkluderande arbeidsliv skal bidra til høg sysselsetting og mobilisering av arbeidskraft gjennom å forebyggja og redusera sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet.

Sjukefråværet i starten av året var framleis prega av pandemien. I tillegg kom ein kraftig influensaperiode med ein topp i februar. Fråværet låg noko over tidlegare år fram til sommaren, men kraup under 2021-nivået utover hausten.  Samla sett ligg sjukefråværet i 2022 over tidlegare år med eit snitt på 10,2%. Det er store variasjonar mellom ulike tenester. Lågast fråvær har dei tekniske tenestene, medan barnehage og helse og omsorg har høgast fråvær. Det er også store kjønnsforskjellar når det gjeld sjukefråvær. Kvinner har vesentleg høgare fråvær enn menn. I Kvam herad er 80% av arbeidsstokken kvinner.

I barnehagane er det sett i gang eit 2-årig HMS-prosjekt med økonomisk tilskot og fagleg støtte frå KLP si HMS-avdeling. Prosjektet har fått namnet “Bli i jobben” og prøver å finna ut kva faktorar som må vera til stades for at barnehagetilsette skal ynskja å bli verande i jobben.

I bemanningsprosjekt i pleie og omsorg, som heradsstyret vedtok i 2022,  er m.a. eitt av måla å finna ut om auka grunnbemanning og større stillingar vil medføra redusert sjukefråvær.

Sjukefråværsstatistikken i Visma HRM viser at det gjennomsnittlege sjukefråværet var høgare i 2022 enn tidlegare år:




| | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2020 | 9,4 | 9 | 11,2 | 8,6 | 8,4 | 7,1 | 5,80 | 6,9 | 8,3 | 8,3 | 8,0 | 7,9 |
| 2021 | 8,5 | 11 | 9,3 | 10,2 | 10,5 | 9,3 | 7,30 | 8,2 | 10,7 | 9,5 | 12,1 | 12,1 |
| 2022 | 10,8 | 14,4 | 11,8 | 11,0 | 10,1 | 9,8 | 8,1 | 7,5 | 9,3 | 8,7 | 9,7 | 10,7 |

**Helse, miljø og tryggleik**

Saman med tilsette og tillitsvalde pliktar arbeidsgjevar å arbeida systematisk med helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen, jf. aml.§ 3-1 og internkontrollforskrifta.

Kommunen pliktar å ha bedriftshelseteneste for alle tilsette. Kjøp av bedriftshelseteneste var på anbod i 2022, og Bedriftshelse1 held fram som leverandør.

Kommunen skal etablera, utøva og vedlikehalda eit internt kontrollsystem for HMS, som skal sikra at reglar og forskrifter vert varetekne, m.a. skal kvar arbeidsplass utarbeida sin eigen HMS-plan. Heradet har framleis fokus på at tilsette må melda frå om HMS-avvik. Talet på melde avvik har auka monaleg sidan 2018 og i 2022 vart det rapportert 343. Oppdatering av prosedyrar og opplæring for både leiarar, verneombod og tilsette i avviksrutina er ein del av det systematiske HMS-arbeidet. På denne måten nyttar me avvikssystemet for å kontinuerleg forbetra HMS-arbeidet i organisasjonen.




Av dei 343 avvika i 2022, var det 53 hendingar med personskade - 8 av desse var uhell. Flest skadar skjer i pleie og omsorg der det vart meldt 35 personskadar. Innan oppvekst var det meldt om 15 hendingar med personskade.

I tillegg var det meldt 27 hendingar som kunne medført personskade. Her er det meldt om 14 i pleie og omsorg, 2 i skule og 10 i teknisk eining. Totalt meldt 80 avvik i kategorien HMS-Personskade.

Det er fleire overordna system som skal medverka til å unngå personskadar. Det førebyggande arbeidet er viktig og inneber at kvar arbeidsplass utarbeider HMS-planar og ROS-analysar. Utgangspunktet er at Kvam herad arbeider etter ein null-visjon for personskader. Hovudvekta av personskadar er knytt til fysiske angrep frå brukarar. Tilsette handterer mange ulike brukargrupper, deriblant personar i sårbare situasjonar som kan utagera. Når det til trass for førebyggjande tiltak skjer uønska hendingar, kan det vera behov for tiltak for den einskilde brukar. ROS-analysar er eit viktig verktøy i planlegging i tillegg til tiltak for kompetanseheving, styrkt bemanning, kollegaalarm, dialog, ansvarsgruppemøte og/eller spesialisthelsetilbod.

## *Arbeid for likestilling og tilgjenge, og mot diskriminering*

Kvam herad er medviten ansvaret for å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremja føremål i likestillingslova og diskriminerings- og tilgjengelova.

Det inneber at det ikkje skal skje direkte eller indirekte forskjellsbehandling som ikkje er lovleg etter likestillingslova eller diskriminerings- og tilgjengelova.

Frå 2021 er det innført ei «aktivitets- og redegjørelsesplikt» for all offentleg verksemd. Det inneber krav om å jobba med likestilling og diskriminering gjennom ein lovbestemt metode i fire trinn, inkludert å kartleggja lønn og ufrivillig deltid annakvart år (aktivitetsplikt).

Vidare skal det gjerast greie for kjønnslikestilling og arbeidet med likestilling og ikkje-diskriminering i årsmeldinga (redegjørelsesplikt).

**Tilsettedata**

80 prosent av dei tilsette i Kvam herad er kvinner. Den kommunale organisasjonen skal i størst mogleg grad spegla mangfaldet i befolkninga. Målet er difor å oppnå ei balansert samansetjing når det gjeld alder, kjønn og kulturell bakgrunn. Det er likevel slik at det er eit klart fleirtal kvinner som arbeider i kommunane.

Kommunen har totalt 135 mellombels tilsette som i hovudsak er knytt til at det er fast tilsette i lovbestemte permisjonar/med redusert arbeidstid og sjukefråvær.

Oversikten viser at det er kvinner som tar ut flest veker med foreldrepermisjon. Dei tar ut 25 veker, medan menn tar ut 14 veker.

Når det gjeld deltidsarbeid, er det 56% av kommunen sine tilsette som har deltidsstilling. Kvinnene sin del utgjer 83%. Den gjennomsnittlege stillingsstorleiken i kommunen er 81%.

| **Kjønnsbalanse** | | **Midlertidig ansatte** | | **Uttak av foreldrepermisjon** | | **Deltidsarbeid**<br>**Faktisk deltidsarbeid** | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Antall kvinner | Antall menn | Midlertidig ansatte kvinner | Midlertidig ansatte menn | Kvinners uttak av foreldrepermisjon (gjennomsnitt antall uker) | Menns uttak av foreldre-permisjon (gjennomsnitt antall uker) | Deltid kvinner | Deltid menn |
| 765 | 216 | 107 | 28 | 24,93 | 13,98 | 454 | 92 |

**Stillingsnivå**

Oversikten viser talet på tilsette fordelt på ulike utdanningsnivå/stillingsnivå, samt fordeling mellom kjønn og del kvinner på ulike stillingsnivå.

Tabellen viser at det er flest kvinner på omlag alle stillingsnivå. Det er berre i stillingar med krav om 5-årig utdanningsnivå at det er balanse mellom talet på kvinner og menn.

| Kjønnsfordeling på ulike stillingsnivå/grupper | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Beskrivelse av stillingsnivå/-gruppe** | Kvinner | Menn | Andel kvinner | Total |
| **Tal tilsette totalt** | 765,00 | 216,00 | 78 % | 981 |
| **Utan formell kompetanse** | 127,00 | 17,00 | 88 % | 144 |
| **Fagarbeidar og fagskuleutdanna** | 258,00 | 75,00 | 77 % | 333 |
| **3-årig høgskule/universitet** | 200,00 | 40,00 | 83 % | 240 |
| **4-og 5 årig høgskule/universitet** | 115,00 | 37,00 | 76 % | 152 |
| **Lektorutdanning** | 19,00 | 7,00 | 73 % | 26 |
| **Akademikergrupper HTA kap 5** | 24,00 | 23,00 | 51 % | 47 |
| **Leiarar HTA kap. 3** | 36,00 | 18,00 | 67 % | 54 |

**Lønnsforhold**

I kolonna “Forskjeller avtalt lønn/fastlønn (%)” viser kor stor del kvinner sitt lønnsnivå utgjer av menn sitt lønnsnivå. Det viser t.d. at kvinner sitt lønnsnivå for stillingar utan krav til formell utdanning utgjer 91,3%, medan for stillingar med krav om 4-årig høgskule/universitetsutdanning, utgjer menn sitt lønnsnivå 96% av kvinner sitt nivå. Forskjellar i dette kan m.a. forklarast ut frå innhaldet i kategorien når det gjeld ansiennitet. Lønnsforskjellar i akademikerkapittelet i HTA kap. 5 inneheld mange ulike stillingstypar fordelte på alle einingar. Lønnsnivået i legegruppa forklarar i hovudsak den store forskjellen i kvinners andel av menns avlønning i denne stilingsgruppa.

| Kjønnsfordeling på ulike stillingsnivå/grupper | Avtalt lønn/fastlønn |
|---|---|

| Beskrivelse av stillingsnivå/-gruppe | Kvinner | Menn | Andel kvinner | Total | Gjennomsnitt avtalt lønn/fastlønn kvinner (kr) | Gjennomsnitt avtalt lønn/fastlønn menn (kr) | Forskjellar avtalt lønn/fastlønn (%) | Forskjellar avtalt lønn/fastlønn (kr) | Gjennomsnittle avtalt lønn/fastlønn (alle) |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Total | 765 | 216 | 78 % | 981 | 510 767 | 559 604 | 91,3% | -48 837 | 535 186 |
| Utan formell kompetanse | 127 | 17 | 88 % | 144 | 398 411 | 383 868 | 103,8% | 14 543 | 391 140 |
| Fagarbeider og fagskule | 258 | 75 | 77 % | 333 | 451 421 | 461 540 | 97,8% | -10 119 | 456 481 |
| 3-årig høgskule/univ. | 200 | 40 | 83 % | 240 | 546 053 | 563 202 | 97,0% | - 17 149 | 554 628 |
| 4-og 5 årig høgskule/univ. | 115 | 37 | 76 % | 152 | 583 624 | 585 659 | 99,7% | -2 035 | 584 642 |
| Lektornivå | 19 | 7 | 73 % | 26 | 632 121 | 604 257 | 104,6% | 27 864 | 618 189 |
| Akademiker-grupper HTA kap 5 | 24 | 23 | 51 % | 47 | 670 838 | 781 954 | 85,8% | -111 116 | 726 396 |
| Leiarnivå HTA kap. 3 | 36 | 18 | 67 % | 54 | 741 422 | 766 483 | 96,7% | -25 061 | 753 953 |

**Diskriminering**

Kvam herad har retningslinjer for førebygging og handtering av konflikter, mobbing og trakassering, i tillegg til varslingsrutiner. Rutinene er gjort kjende og er tilgjengelege for alle tilsette i kvalitetssystemet. Kvam herad som arbeidsgjevar har tett dialog med vernetenesta og tillitsvalde om disse temaene. Det er også eit godt samarbeid med bedriftshelsetenesta både når det gjeld førebygging og oppfølging av konkrete hendingar/saker. Kvam herad har null toleranse for mobbing, trakassering eller anna utilbørleg åtferd. Kor vidt tilsette opplever eit mestringsklima på arbeidsplassen sin, måler me gjennom 10-faktor undersøkinga. I eit mestringsklima vert medarbeidarar motivert av å læra, utvikla seg og gjera kvarandre god, framfor å konkurrera med kvarandre. 10-faktor undersøkinga vart sist gjennomført i 2021 og skal gjennomførast på nytt i 2023.

Medarbeidar- og leiarskapsplattforma for Kvam herad har mestringsorienterte leiarar som eitt av tre hovudkjenneteikn på godt leiarskap og lagspel som eitt av kjenneteikna ved godt medarbeidarskap.

**Etikk**

Det er utarbeidd etiske reglar og retningslinjer for tilsette. Føremålet med etiske retningslinjer er å oppnå ei tillitsskapande forvaltning i som byggjer på ein høg etisk standard hjå alle tilsette og andre representantar for kommunen. Retningslinjene skal gjera tilsette i Kvam herad, innleigde konsulentar og andre samarbeidspartnarar merksame på kva som er etisk akseptable handlemåtar. Det er eigne etiske retningslinjer for folkevalde.

Tilsette i Kvam herad har eit personleg og sjølvstendig ansvar for å følgja dei etiske retningslinjene. Retningslinjene er gjort tilgjengeleg for dei tilsette gjennom kvalitetssystemet og gjennom eit digitalt etikk-kurs på læringsplattforma KS-læring. Det er gjennomført 810 e-læringskurs, 74 av dei i 2022. Det vart ikkje kravd resertifisering i 2022. I tillegg vert det arbeidd med etiske dilemma i avdelingsmøter og felles leiarsamlingar, men her varierer tema og omfang frå år til år. Etikk er også tema i årlege utviklingssamtalar.

# Kraft

## Kraftforvaltning

Kvam herad disponerer årleg ei kraftmengd på 167,5 GWh, av dette er 106,6 GWh heimfallskraft og 60,9 GWh konsesjonskraft. Kraftmengda gjev Kvam herad ein ekstra inntekt som ein middels stor kraftkommune. Kraftmengda vert forvalta etter månadsblokk-modellen, som inneber at volumet er størst om vinteren når forbruket og prisane normalt er høgast. Modellen gjev kommunen eit føreseieleg volum kvar månad, både for konsesjonskraft og heimfallskraft. Kvam herad sin uttaksprofil ser slik ut.




### Kraftprisar

Kraftprisane i 2022 har vore uvanleg høge. Dette skuldast lite vatn i magasina, kombinert med krigen i Ukraina og sanksjonane mot Russland, som har ført til rekordhøge prisar på energi i heile den Europeiske marknaden. Stor utryggleik for forsyningssituasjonen til vinteren førte til rekordhøge prisar i august og september, men mykje nedbør kombinert med høge temperaturar bidrog til at prisane falt tilbake i oktober og november, før dei auka igjen i desember.




Som grafen syner var salsprisane på den usikra heimfallskrafta (oransje søyler) monaleg høgare enn konsesjonskrafta. Dette skuldast inngåtte prissikringsavtalar på konsesjonskrafta.

## Prissikring

Når det gjeld prissikring er ca 80% av konsesjonskrafta prissikra ut 2022. Grafen frå kraftmeglar (Entelios) syner nivået på prissikringa for åra 2022 - 2025:




Den mørkeblå delen av søylene syner delen av konsesjonskrafta som er prissikra fram i tid. Den primære grunnen for prissikringa er å sikre kommunen føreseielege inntekter over tid. Krafta er seld i framtidsmarknaden til priser på ca 0,35 kr/KWh. Dette er betydeleg lågare prisane me ser i kraftmarknaden i dag og forklarer kvifor prisen på konsesjonskraft for tida er lågare enn for heimfallskraft.

## Resultat

Kommunen har hatt positive nettoinntekter frå kraftsal gjennom heile 2022. Variasjonen i inntekter frå månad til månad reflekterer endringar i prisar og kraftmengd.




Akkumulert over året vert bidraget frå kraftsal på heile 106,5 MNOK.




Året under eit, ligg gjennomsnittsprisen på kraft på 1,45 kr/KWh. Dette gjer ein salsverdi på krafta på MNOK 243,4. Kostprisen på krafta er på MNOK 19,7.
Andre kostnader utgjer ei inntekt for kommunen grunna at såkalla «energiledd» har slått positivt ut for kommunen og medført ei netto utbetaling frå kraftleverandørane.
Den store utgiftsposten i kraftrekneskapen er knytt til skatt. Heradet må betala 22% overskotsskatt på kraftinntektene i tillegg til grunnrenteskatt. Med verknad frå 28.09.2022 vart grunnrenteskatten auka frå 37% til 45%. Frå same dato vart det i tillegg vedteke eit såkalla «høgprisbidrag» på 23% for salsprisar over 70 øre/KWh. Høgprisbidraget er ein særavgift til staten og kjem på toppen av grunnrenteskatten når kraftprisen overstig 70 øre/KWh. Det er ikkje endeleg avklart om Kvam er juridisk forplikta til å

betala høgprisbidraget og Landsforeininga for vasskraftkommunar (LVK) arbeider med å ivareta kommunen sine interesser i denne saka. Ut frå eit forsiktigheitsprinsipp er eit berekna høgprisbidrag på 9,5 MNOK utgiftsført i årsrekneskapen for 2022.

| Kraftsal 2022 | Heimfall | Konsesjon | Totalt |
|---|---|---|---|
| Mengd GWh | 106,6 | 60,9 | 167,5 |
| Kr/kWh (gjennomsnitt) | -1,87 | -0,73 | -1,45 |
| Salsverdi MNOK | -199,1 | -44,3 | -243,4 |
| Kostpris MNOK | 12,3 | 7,4 | 19,7 |
| Andre kostnader MNOK | -3,3 | -1,2 | -4,5 |
| Skatter MNOK | 121,7 | 0 | 121,7 |
| **Netto resultat MNOK** | **-68,4** | **-38,1** | **-106,5** |

### *Historisk utvikling*




Som grafen viser, svingar resultatet frå kraftsal mykje. I 2018 og 2019 var prisane gode og netto resultat frå kraftsal vart 24,0 og 29,6 MNOK. I 2020 var kraftprisane uvanleg låge, slik at heradet tapte pengar på heimfall, medan konsesjonskrafta som var seld til fastpris, sikra kommunen eit samla overskot på kraftsalet 5,7 MNOK. I 2021 var prisane historisk høge og resultatet enda på 45,2 MNOK. Grunna krigen i Ukraina og historisk høge energiprisar vart resultatet frå kraftsal i 2022 på heile 106,5 MNOK.

## Straumutgifter

Prisane i kraftmarknaden påverkar og kommunen sine utgifter til eiga bruk av straum. I 2020 var straumutgiftene på 6,7 MNOK. I 2021 var utgiftene auka til 14,5 MNOK, medan straumutgiftene i 2022 var auka til heile 25,4 MNOK

# Finans

Finans- og gjeldsforvaltninga har som føremål å sikre ei rimelig avkastning på kommunen sine plasseringar samt stabile og låge netto finansieringskostnader på låneporteføljen innanfor definerte risikorammer.

## Finansielle måltal for 2022

Kvam herad - Finansielle måltal , budsjett 2022 og økonomiplan 2022-25. Vedtekne i HST sak 122/22.

1. **Lånegjeld i % av driftsinntektene skal ikkje overstiga 160% i økonomiplanperioden.**
2. **Netto driftsresultat skal vere budsjettert til minimum 0% av driftsinntektene i perioden 2022-2025, samla for alle år. For 2022 var budsjettet vedteke med eit nøkkeltal på 0,1%.**

1. Per 31.12.2022 utgjorde lånegjelda, eksklusiv lån til vidare utlån 103% av driftsinntektene. Diagramma under viser total lånegjeld og lånegjeld i % av driftsinntektene. Husbanklån til vidare utlån er lån som kommunen tar opp hjå Husbanken for å låne vidare til privatpersonar (Startlån). Åra 2023 til 2026 viser budsjetterte tal frå økonomiplanen.




Når ein ser på nøkkeltalet "Lånegjeld i prosent av driftsinntekter" er det viktig å vera klar over at driftsinntektene (nevnaren i brøken) har auka mykje på grunn av dei høge marknadsprisane på kraft (sjå eiga kapittel i årsmeldinga). Sjølv om nøkkeltalet indikerer ei nedgang frå 120% til 103%, er den reelle nedgangen i lånegjelda frå 2021 til 2022 på berre 0,4% (4,2 MNOK). Dette er vist i grafen under:




2. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter vart på 7,4% i 2022.

Nøkkeltalet ligg over budsjett for 2022, som vart vedteke på nivå 0,1%. Nøkkeltalet ligg over anbefalt nivå på 1,75% (anbefaling frå "teknisk beregningsutvalg").

Til samanlikning var nøkkeltalet 1,3% i 2020 og 7,2% i 2021.

## Finans- og gjeldsforvaltning

Frå Kvam herad «Melding om vedtak HST- sak 018/21 Reglement finans- og gjeldsforvaltning».

Finans- og gjeldsforvaltninga har som føremål å sikre ei rimeleg avkastning på kommunen sine plasseringar samt stabile og låge netto finanskostnader på låneporteføljen innanfor definerte risikorammer.

Dette vert forsøkt oppnådd gjennom følgjande delmål:

- Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet (inkludert trekkrett) til å dekkja løpande betalingsplikteIser.
- Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko, når ein tek omsyn til tidsperspektivet på plasseringane.
- Lånte midlar skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko, når ein tek omsyn til behov for forutsigbare lånekostnader.
- Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ei god langsiktig avkastning til akseptabel risiko

## Forvaltning av midlar (obligasjonsportefølje)

Heradet sine midlar som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet, kan plasserast i bankinnskot, pengemarknadsfond og renteberande verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner.

Forvaltninga av midlar med lang tidshorisont har som føremål å sikre ei langsiktig avkastning. Det vert styrt etter ein rullerande investeringshorisont på 5 år, samstundes som ein søkjer ei rimeleg årleg bokført avkastning. Med midlar som skal forvaltast med lang tidshorisont aktiva meiner ein midlar som ikkje må reknast som ledige likvider og andre midlar til driftsføremål, og som ut frå kommunen sin økonomiske situasjon kan reknast som forsvarleg å forvalta med lang tidshorisont.

Grafar og tabellar i teksten nedanfor er henta frå **Finansrapport 2022 for Kvam herad.** Denne er utarbeidd av Bergen Capital Managment (BCM) som er kommunen sin finansielle rådgjevar. Den fullstendige rapporten ligg som vedlegg til årsmeldinga: **Finansrapport per 31.12.22.pdf (www.kvam.no)**

Portefølje pr 31.12.2022

**FIGUR 2: Allokering av langsiktige finansielle aktiva**




Midlene er plassert i bankinnskudd og direkteeide rentebærende verdipapir utstedt av norske banker.

Samlet portefølje forvaltet av BCM var ved tertialsslutt 222 349 246 .

Rentebetingelsene på alle verdipapirene i porteføljen er enten faste eller flytende som er knyttet opp mot 3 måneders NIBOR. Se mer under Detaljoversikt.

Investeringene er gjort i børsnoterte verdipapir med god omsetning og andre papirer med tilsvarende god likviditet. Plasseringene kan gjøres disponible for Kvam herad i løpet av kort tid

Ingen av utstederne eller verdipapirene i porteføljen har lavere rating enn BBB-.

Midlene er søkt plassert i henhold til Kvam herad sine etiske retningslinjer for finansielle investeringer.

Porteføljen har også en andel med kontanter som fortløpende benyttes når kjøpsmuligheter oppstår i markedet.

Fordeling på ulike risikoklasser i kroner og prosent

| Klasse | Beløp i kr. | Andel | Ramme | Status |
|---|---|---|---|---|
| Risikoklasse 1 | | 0% | 100% | ✓ |
| Risikoklasse 2 | 222 349 246 | 100% | 100% | ✓ |
| Risikoklasse 3 | | 0% | 25% | ✓ |
| Risikoklasse 4 | | 0% | 0% | ✓ |
| Risikoklasse 5 | | 0% | 0% | ✓ |
| Risikoklasse 6 | | 0% | 0% | ✓ |

Samtlege investeringar gjennom året er gjort i bankobligasjonar og -sertifikat innanfor risikoklasse 2. Porteføljen består av obligasjonar og ansvarlige lån i norske sparebanker og banker som er forventa å ha lav tapsrisiko.. Dette er i samsvar med rammene i reglementet.

Avkastning samanlikna med referanseindeks




Avkastning er 1,66% per siste tertial. Dette er 3,61% - poeng over benchmark som er norsk stat med durasjon på 3 år.

Porteføljen vil avvike fra kommunens referanseindeks, NOGOVD3 (ST4X), som består av norske statsobligasjoner med 3 års durasjon. Porteføljen består hovedsakelig av bankobligasjoner med lavere durasjon/renterisiko og høyere renterisiko enn benchmark.

Porteføljen består av obligasjoner og ansvarlige lån i norske sparebanker og banker som antas å ha lav tapsrisiko.

Ved en sannsynlig normalisering av kapitalmarkedene, vil BCM søke å legge en større andel over i obligasjoner med høyere kredittpåslag innenfor rammen av kommunens finansreglement for å oppnå en høyere forventet avkastning over tid. BCM vil holde på sin strategi med liten turnover (kjøp/salg) i porteføljen.

Stresstest

På årsbasis vil ein rentenedgang på 2% føra til reduserte inntekter frå obligasjonsinvesteringane med ca 4,5 MNOK.

Ein 2% nedgang i rentene ville samstundes føre til ein reduksjon i kommunen sine gjeldsrenter. Kommunen sin lånegjeld med flytande rente er større enn kommunen sine innskot i bankobligasjonar. Rådmannen vurderer difor at ein nedgang i obligasjonsinntektene på grunn av fallande rente vert meir enn oppveia av reduserte gjeldsrenter.

## Forvaltning av gjeldsportefølje og finansieringsavtaler

Grafar og tabellar i teksten nedanfor er henta frå **Gjeldsrapport 2022 for Kvam herad.** Denne er utarbeidd av Bergen Capital Managment (BCM) som er kommunen sin finansielle rådgjevar. Den fullstendige rapporten ligg som vedlegg til årsmeldinga: Gjeldsrapport pr 31.12.22.pdf (www.kvam.no)

Nøkkeltal for låneporteføljа

| Nøkkeltal | 31.12.2022 | 01.01.2022 | Forklaring |
|---|---|---|---|
| Total lånegjeld | 1,36 MNOK | 1,35 MNOK | Viser samla lånegjeld ved utløp av rapporteringsperioden. Inkluderer alle lån som er gjengitt i stamdataoversikten. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Rentebindingstid<br>(inkl. rentebytteavtaler med fremtidig<br>oppstart dersom det finnes slike i<br>porteføljen). | 0,71 år | 1,25 år | Måltalet angir porteføljen si vekta gjennomsnittlege rentebindingstid. Tallet viser kor lenge renta på sertifikat, lån og obligasjonar i porteføljen er fast, hensyntatt alle kontantstraumar (rentebetaling, avdrag og hovudstol). Dersom en låneportefølje uten avdrag og årlige rentebetalinger har rentebindingstid på 1 betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har en rentebinding på 12 måneder. Rentebindingstid er et kontantstrøm basert nøkkeltall og benyttes fremfor durasjon som er basert på markedsverdiar. |
| Vekta gjennomsnittsrente | 2,76 % | 1,57 % | Måltalet angjev porteføljen si vekta gjennomsnittlege kupongrente, effektiv rente vil avvike noko. Ved samanlikning mot referanserente må det tas hensyn til durasjon og rentesikringsstrategi. |
| Kapitalbinding | 6,37 år | | Måltalet angir porteføljen si vekta gjennomsnittlege kredittbinding. Tallet viser kor lang tid det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovedstol er nedbetalt eller forfalt til betaling. Desto høgare tall, desto mindre refinansieringrisiko har porteføljen alt annet like. |
| derivat volum (i % av gjeld) | 0,00 % | 0,00 % | Andel derivater (rentebytteavtaler, FRA, etc.) i (%) forhold til lånevolum. |
| Rentebinding under 1 år | 65,5 % | 56,6 % | Andel derivater (rentebytteavtaler, FRA, etc.) i (%) forhold til lånevolum. |
| Kapitalbinding under 1 år | 23,0 % | | Andel derivater (rentebytteavtaler, FRA, etc.) i (%) forhold til lånevolum. |
| rentesensivitet (1 %-poeng økning) | 8,89 MNOK | 7,67 MNOK | Estimat på auka rentekostnad ved 1 % -poeng auke i det generelle rentenivået (total gjeld x Rentebinding under 1 år x 1 %).Viser kor mykje porteføljens rentekostnad kjem til å auke med p. a. 1 år fram i tid ved 1%- poeng auke i det generelle rentenivået. Måltalet er lineært. |

<u>Opptak av nye lån og refinansieringer i perioden.</u>

Heradsstyret vedtek storleiken for opptak av lån i budsjettåret i samband med budsjettvedtak. Budsjettvedtaket for 2022 la opp til eit lånebehov på 158,8 MNOK, med fråtrekk for ubrukte lånemidlar per 01.01. Dette gav eit lånebehov for årets låneopptak på 39,0 MNOK ble tatt opp i samband med refinansiering 14.02. Lovpålagt minimumsavdrag ble betalt i samband med refinansiering 25.08 og 31.10 med totalt 43,2 MNOK. Dette gjev ein netto nedgang i gjelda på 4,2 MNOK

| Ny långiver | Dato | Beløp | Rente | Forfall/renteregulering | Lånenummer | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|
| KBN | 14.02.2022 | 139 000 000 | 3,750 | 15.02.2027 | 20220035 | Refinansiering av KBN 20190065 (NOK 100 mill.) og årets låneopptak (NOK 39 mill.). 5-års FRN obligasjon ble valgt for å opprettholde en kapitalbindingstid over 3 år. |
| SB1M | 25.05.2022 | 120 000 000 | 1,339 | 25.08.2022 | NO0012533969 | Refinansiering av NO0011009060. Det ble etterspurt tilbud på 4-års FRN og 3 mnd sertifikat. 3 mnd sertifikat ble valgt med bakgrunn i markedsforholdene og rentekurven. Planen er å refinansiere lånet til obligasjonsvilkår i august 2022. |
| Husbanken | 24.06.2022 | 10 000 000 | 1,732 | 01.07.2047 | 13585990 | |
| SB1M | 25.08.2022 | 100 000 000 | 3,035 | 25.01.2023 | NO0012639543 | Refinansiering av NO0012533969 (NOK 120 mill.) – avdrag (NOK 20 mill.). Lånet ble refinansiert videre i sertifikatmarkedet. 5 mnd sertifikat ble valgt for å få et forfall over årsskiftet. Planen er at det neste forfallet (31.10) refinansieres med lengre løpetid for å øke porteføljens kapitalbindingstid. |
| Husbanken | 01.09.2022 | 1 697 549 | 1,729 | 01.07.2028 | 13547281 | Tidligere fastrentelån |
| KBN | 31.10.2022 | 113 800 000 | 4,100 | 31.10.2062 | 20220329 | Refinansiering av KBN 20170551 (NOK 137 mill.) – avdrag (NOK 23,2 mill.). Lånet ble refinansiert i KBN til PT vilkår med bakgrunn i vanskelige markedsforhold og etter ønske om å øke kapitalbindingstiden til gjeldsporteføljen. |

<u>Lån som forfell og må refinansierast innan 12 månader</u>

| Långjevar | Restgjeld | Forfall |
|---|---|---|
| SB1 Markets NO0012639543 | 100 000 000 | 25.01.2023 |
| Swedbank NO0010903115 | 92 700 000 | 28.04.2023 |
| Kommunalbanken 20160504 | 120 000 000 | 31.10.2023 |
| | **312 700 000** | |

## Samanstilling av låneporteføljja







## Løpetid

| Forfallsintervall | Pålydende i NOK | Kapitalbinding | Prosentvis andel av porteføljen |
|---|---|---|---|
| Under 1 år | 312 700 000 | 0,44 | 23,04% |
| 1 til 2 år | 244 500 000 | 1,33 | 18,02% |
| 2 til 3 år | 420 297 549 | 2,46 | 30,97% |
| 3 til 5 år | 143 454 536 | 4,10 | 10,57% |
| >5 år | 236 030 920 | 27,76 | 17,39% |
| **SUM** | **1 356 983 005** | **6,37** | **100,00%** |







**Kommentar**

Tabellen viser gjenværende tid frem til forfallstidspunkt for lånene i porteføljen. Det er tatt hensyn til kapitalbevegelser som f.eks. avdrag i beregningene.

Desto høyere tall desto lavere refinansieringrisiko. Et 3MND sertifikat vil ved inngåelse ha 0,25 i kapitalbinding.

Figurene viser en grafisk fremstilling av refinansieringsrisikoen i porteføljen.

Porteføljer med kapitalbinding under 1 år har et stort kapitalbehov det kommende året.

Porteføljer med kapitalbinding over 5 år antas å ha en «normal» forfallsstruktur.

Porteføljens kapitalbinding må vurderes ut fra et kostnads , – rente og porteføljeperspektiv. Korte lån er normalt sett vesentlig billigere enn lengre lån.

Beregninger av nøkkeltall er gjort ved bruk av lånets nedbetalingsprofil, långiver har ofte en mulighet til å kreve førtidig innfrielse slik at juridisk løpetid kan avvike.

## Rentebindingstid og renterisiko

| Intervall | Pålydende i NOK | Rentebindingstid | Andel | Akkumulert andel | Økning i rentekostnad ved 1% renteøkning |
|---|---|---|---|---|---|
| Under 1 år | 888 883 005 | 0,17 | 65,50% | 65,50% | kr 8 888 830 |
| 1 til 2 år | 244 500 000 | 1,33 | 18,02% | 83,52% | kr 11 333 830 |
| 2 til 3 år | 223 600 000 | 2,18 | 16,48% | 100,00% | kr 13 569 830 |
| 3 til 5 år | 0 | 0,00 | 0,00% | 100,00% | kr 13 569 830 |
| > 5 år | 0 | 0,00 | 0,00% | 100,00% | kr 13 569 830 |
| **SUM** | **1 356 983 005** | **0,71** | **100,00%** | | |

**Rentebindingsintervall i % av porteføljen**




**Rentebindingsintervall i NOK**




**Kommentar**

Rentebindingstid brukes ofte for å måle renterisiko. Det gir et uttrykk for hvor følsom kontantstrømmene til lånene er for en endring i markedsrentene. Man kan se på rentebindingstid som vektet gjennomsnittlig rentebinding for et lån eller en plassering. Porteføljens rentebindingstid er i tabellen målt ved slutten av rapporteringsperioden. Rentebindingen er i tråd med finansreglement og rentesikringsstrategi, hvor forutsigbarhet i rentekostnadene er et viktig element. Porteføljer med rentebindingstid under 1 år vil være svært sensitive for bevegelser i markedsrentene. Porteføljer med rentebindingstid over 5 år vil ha svært forutsigbare rentekostnader i de kommende årene. Alt annet like vil en slik forutsigbarhet ha en pris / «forsikringspremie», som må vurderes opp mot reduserte rentekostnader. Kolonnen økning i rentekostnad ved 1 %- poeng renteøkning viser økt årlig rentekostnad om 1 år, om 2 til 3 år, om 3 til 5 år og om 5 år dersom renten stiger med 1%-poeng. Dvs. når alle bindingene i porteføljen er løpt ut vil økt rentekostnad være 1 % x total gjeld.

## Kapitalbinding og refinansieringsrisiko

| Forfallsintervall | Pålydende i NOK | Kapitalbinding | Prosentvis andel av porteføljen |
|---|---|---|---|
| Under 1 år | 312 700 000 | 0,44 | 23,04% |
| 1 til 2 år | 244 500 000 | 1,33 | 18,02% |
| 2 til 3 år | 420 297 549 | 2,46 | 30,97% |
| 3 til 5 år | 143 454 536 | 4,10 | 10,57% |
| >5 år | 236 030 920 | 27,76 | 17,39% |
| **SUM** | **1 356 983 005** | **6,37** | **100,00%** |

**Forfallsintervall i % av porteføljen**




**Forfallsintervall i NOK**




**Kommentar**

Tabellen viser gjenværende tid frem til forfallstidspunkt for lånene i porteføljen. Det er tatt hensyn til kapitalbevegelser som f.eks. avdrag i beregningene.

Desto høyere tall desto lavere refinansieringrisiko. Et 3MND sertifikat vil ved inngåelse ha 0,25 i kapitalbinding.

Figurene viser en grafisk fremstilling av refinansieringsrisikoen i porteføljen.

Porteføljer med kapitalbinding under 1 år har et stort kapitalbehov det kommende året.

Porteføljer med kapitalbinding over 5 år antas å ha en «normal» forfallsstruktur.

Porteføljens kapitalbinding må vurderes ut fra et kostnads , – rente og porteføljeperspektiv. Korte lån er normalt sett vesentlig billigere enn lengre lån.

Beregninger av nøkkeltall er gjort ved bruk av lånets nedbetalingsprofil, långiver har ofte en mulighet til å kreve førtidig innfrielse slik at juridisk løpetid kan avvike.

## Netto renteeksponert gjeld og vurdering renterisiko

Når ein skal rekna ut effekten av renteauke på kommuneøkonomien, må ein sjå på netto renteberande gjeld. Ein tek då utgangspunkt i kommunen sin langsiktige gjeld eksklusive pensjonsforpliktelser. Deretter kjem renteberande likviditet og gjeld som vert betala av andre til fråtrekk.

Kommunen har i tillegg overskuddslikviditet (ut over ubrukte lånemidlar) som gjev renteinntekter. Likviditeten svingar imidlertid mykje gjennom året og det er difor ikkje trekt inn i vurderinga.

Pr 31.12.2022, ser dette reknestykket slik ut:

| | | |
|---|---|---|
| Lagsiktig gjeld (unnteke pensjonsforpliktelser) | 1 357 MNOK | 100% |
| Ubrukte lånemidlar | - 20 MNOK | 1% |
| Lån til vidare utlån (Husbanklån) | - 128 MNOK | 9% |
| Lån til sjølvkostområda | - 294 MNOK | 22% |
| Langsiktige obligasjonsinvesteringar | - 222 MNOK | 16% |
| **Netto renteeksponert gjeld** | **693 MNOK** | **51%** |

Ei endring i renta på 1,0% på netto renteeksponert gjeld på 693 MNOK, vil difor ha direkte innverknad på resultatet i kommunerekneskapen med ca 6,9 MNOK. Merk at talet ikkje er nøyaktig, av de innskotsrenta og lånerenta ikkje er identiske.

Kommentar til forvaltninga og rentemarknaden

Alle kommunen sine låneopptak og refinansieringer vert løpande konkurranseutsett i marknaden og beste tilbod blir valt. Forvaltninga ligg innanfor rammene i finans- og gjeldsreglement.

Grunna stor usikkerheit knytt til krigen i Ukraina og høg inflasjon, har rentene stige mykje i 2022. i løpet av 2022 har Noregs bank si styringsrente auka frå 0,50% til 2,75%. I tillegg har kredittmarginen (långjevar sitt risikopåslag) auka med ca 0,4%.

Desse forholda speglar seg i utviklinga på gjennomsnittsrenta for låneporteføljen og lånerenta har gjennom året auka frå 1,65% til 2,76%.




**Kommentar**

Vektet gjennomsnittsrente er målt ved utløpet av hver måned i rapporteringsperioden.

Den venstre aksen angir gjennomsnittsrente i %.

**Porteføljen og markedsrenter** (Rentene er justert for kredittmargin (påslag), og indikerer derfor faktiske lånerenter for angitt løpetid)

| Vektet gjennomsnittsrente | P.T.KBN | Norges Bank (foliorenten/styringsrenten) | 3 MND | 6 MND | 12 MND | 3 År | 5 År |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2,76 % | 3,95 % | 2,75 % | 3,61 % | 3,94 % | 3,87 % | 3,96 % | 3,95 % |

Markedsrenter og porteføljens betingelser — Ved utløpet av rapporteringsperioden

Tabellen nedanfor syner korleis renteauken i 2022 har påverka kommuneøkonomien.

| **Gjeld** | **01.01.2022**<br>**Rente 1,65%** | **31.12.2022**<br>**Rente 2,76%** | **Endring 2022**<br>**Rente auke 1,11%** |
|---|---:|---:|---:|
| Langsiktig gjeld unnateke pensjon 1 357 MNOK | 22,4 MNOK | 37,5 MNOK | 15,0 MNOK |
| Netto renteeksponert gjeld 693 MNOK | 11,4 MNOK | 19,1 MNOK | 7,7 MNOK |

Medan nivået på finansutgiftene har auka med 15,0 MNOK på grunn av renteauken, er påverknaden på kommunen sitt resultat gjennom netto renteeksponert gjeld berekna til ca 7.7 MNOK

Merk at tala er utrekna basert på gjeldande gjennomsnittsrente og at innskotsrenta og lånerenta ikkje er identiske. Tala kan difor estimat som ikkje kan gjenfinnast direkte i rekneskapstala.

# Prosjekt

Kvam herad har ei omfattande prosjektportefølje som favner om mange ulike tenesteområde.

Kvam herad har mange investeringsprosjekt og få driftsprosjekt. Investeringsprosjekta er i hovudsak lånefinansiert, medan driftsprosjekta ikkje kan vera lånefinansiert, og dermed må finansierast med driftsfond eller driftsinntekter.

## Driftsprosjekt i Kvam herad

Lenkje til driftsprosjekt

## Investeringsprosjekt i Kvam herad

### Årlege Investeringsprosjekt

Kommunen har ei rekkje årlege prosjekt. Dei årlege rammene viser i tabellen under. Dersom det er mindreforbruk eller meirforbruk på dei årlege prosjekta vert ramma året etter tilsvarande auka eller redusert.

| Løpande årlege prosjekt | Årleg ramme inkl mva |
|---|---:|
| IT-investeringar | 1 800 000 kr |
| Velferdsteknologi | 1 250 000 kr |
| IKT prosjekt i skule og barnehage | 1 500 000 kr |
| Asfaltering | 3 125 000 kr |
| Fornying teknisk utstyr | 625 000 kr |
| Fornying teknisk utstyr VAR | 500 000 kr |
| Kommunale bruer | 313 000 kr |
| Oppgradering av kummar i heradet - avlaup | 600 000 kr |
| Oppgradering reduksjonskummar | 800 000 kr |
| Rassikringstiltak | 1 875 000 kr |
| Oppgradering bygg | 1 250 000 kr |
| Bustader | 10 000 000 kr |

| | |
|---|---|
| **PC til tilsette i skule og bhg** | **750 000 kr** |
| **Barnehage - inventar og utstyr** | **188 000 kr** |
| **Skule - inventar og utstyr** | **188 000 kr** |
| **Oppgradering av kummar i heradet - vatn** | **1 500 000 kr** |

**Prosjekt i Kvam herad**

Prosjekta strekkjer seg gjerne over fleire år og omfattar tidlegare budsjett- og rekneskapsår, medan budsjettrammene vert tildelt årleg. Fokuset til prosjektleiarane er fyrst og fremst å halda dei totale prosjektrammene, ikkje kva år fakturaene kjem i. Det er difor ei ekstra utfordring å treffa med rammefordelinga per budsjettår. Kvam herad nyttar 1. og 2. tertialrapport til å justera prosjektrammene mellom år. Det kan likevel oppstå avvik i enkelt år, utan at det er avvik på totalramma for prosjektet.

Nokre prosjekt står som ferdige med eit mellombels meirforbruk på totalramma. Årsaka kan vere at forventa tilskot eller salsinntekter kjem i etterkant av at prosjektet er ferdigstilt. Tabellane under "Status investering" syner ei oversikt over prosjekt i 2022. Nærare beskriving og status av prosjekta kjem fram ved trykka seg inn på kvart enkelt budsjett i tabellen. Dei løpande prosjekta har årlege prosjektrammer og har difor ingen totalramme å forhalda seg til, påløpt totalt er heller ikkje synleg.
Nedst i tabellen ligg det eit punkt "Sum andre prosjekt", dette er tidlegare avslutta prosjekt som har rekneskapsmessige feilføringar/korrigeringar i 2022.

## Status investeringar

*Beløp i 1000*

| Investering | Totalbudsjett Vedteke totalt | Påløpt totalt | Vedteke ferdigår | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Driftskonsekvens |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0* Ny inngangsdør Ingebrigt Vik museum | 100 | 112 | 2022 | 100 | 112 | -12 | Nei |
| 0* Oppdaterte kart | 1 450 | 399 | 2023 | 725 | 399 | 326 | Nei |
| 0* Varmepumpe Sandven | 350 | 384 | 2022 | 29 | 63 | -34 | Nei |
| 0*Mellombels lokaler Vaksenopplæringa | 875 | 33 | 2026 | 100 | 33 | 67 | Nei |
| 0*Sansehage Toloheimen | 2 975 | 16 | 2025 | 450 | 16 | 434 | Nei |
| 0/1*Rekkverk kommunale vegar - årleg | 2 813 | 1 012 | 2025 | 72 | 0 | 72 | Nei |
| Andre investeringar | 1 770 | 2 802 | 2029 | 0 | 221 | -221 | Nei |
| Asfaltering - årleg prosjekt | - | - | LØPANDE | 2 625 | 2 738 | -113 | Nei |
| Brannsikring trygdebustad Hatlevegen | 500 | 86 | 2024 | 500 | 86 | 414 | Nei |
| Brannstasjon KVBR | 37 025 | 30 360 | 2023 | 32 978 | 26 321 | 6 657 | Nei |
| Bustader tom 2022 | - | - | LØPANDE | 25 | 0 | 25 | Nei |
| Dagsenter Strandebarm | 200 | 36 | 2022 | 150 | 0 | 150 | Nei |
| Dagsenter Øystese | 176 | 178 | 2022 | 0 | 72 | -72 | Nei |
| Dagsturhytte | 0 | 288 | 2024 | 0 | 1 | -1 | Nei |
| Deling av Øystese barnehage, del 1, innveding oppgradering | 3 125 | 2 832 | 2023 | 300 | 100 | 200 | Nei |
| Deling av Øystese barnehage, del 2, tilbygg | 11 000 | 6 538 | 2023 | 9 547 | 5 087 | 4 460 | Nei |
| Deling av Øystese barnehage, del 3, vegomlegging | 3 875 | 3 779 | 2022 | 3 875 | 3 779 | 96 | Nei |
| Deling av Øystese barnehage, del 4 | 1 875 | 3 191 | 2023 | 1 875 | 3 191 | -1 316 | Nei |
| Deponering av elektronisk arkiv | 388 | 70 | 2023 | 188 | 70 | 117 | Nei |
| Digitalisering eigedomsarkiv | 2 500 | 1 366 | 2023 | 706 | 393 | 313 | Nei |
| ENØK tiltak kommunale bygg | 500 | 0 | 2025 | 500 | 0 | 500 | Nei |
| Fornying teknisk utstyr - årleg | - | - | LØPANDE | 754 | 643 | 111 | Nei |
| Fornying teknisk utstyr VAR - årleg prosjekt | - | - | LØPANDE | 869 | 0 | 869 | Nei |
| Forprosjekt ventilasjon og varmeanlegg Kvam rådhus | 350 | 0 | 2023 | 350 | 0 | 350 | Nei |
| Garderobeanlegg Helse | 1 750 | 1 396 | 2023 | 1 750 | 1 396 | 354 | Nei |
| Gatelys i Tørvikbygd | 500 | 0 | 2023 | 100 | 0 | 100 | Nei |
| Heissjakt Øystese barneskule | 1 250 | 14 | 2025 | 150 | 14 | 136 | Nei |
| Husbanklån | 100 585 | 52 107 | 2099 | 26 100 | 0 | 26 100 | Nei |
| Høgdebasseng Torpe | 8 000 | 8 015 | 2022 | 1 853 | 1 921 | -68 | Nei |
| IKT prosjekt i skule og barnehage - årleg | - | - | LØPANDE | 1 538 | 1 656 | -119 | Nei |
| Infrastruktur ind.område Sandvenhagen del II | 25 000 | 24 744 | 2024 | 0 | 51 | -51 | Nei |
| IT-investeringar - årlege | - | - | LØPANDE | 1 800 | 753 | 1 047 | Nei |
| Kjøp av varebil NAV SV68267 | 0 | 255 | 2023 | 0 | 255 | -255 | Nei |
| Kloakksanering Ålvik | 1 593 | 1 129 | 2023 | 1 243 | 726 | 517 | Nei |
| Kommunale bruer - årleg | - | - | LØPANDE | 313 | 164 | 149 | Nei |
| Kommunale funksjonar i Kvam VGS | 46 143 | 724 | 2024 | 14 049 | 187 | 13 863 | Nei |
| Legionellastyring institusjonar | 500 | 247 | 2023 | 500 | 247 | 253 | Nei |
| Movatnet pumpeledning | 3 700 | 4 185 | 2023 | 3 694 | 4 179 | -485 | Nei |
| NAV lokaler | 9 950 | 8 017 | 2022 | 9 950 | 8 017 | 1 933 | Nei |
| Norheimsund skule - uteområde | 500 | 42 | 2023 | 482 | 24 | 458 | Nei |
| Ny avløpsbil med lasteplan og ein liten kran. | 750 | 645 | 2023 | 0 | 645 | -645 | Nei |
| Ny pumpestasjon P5, Tolo | 5 000 | 277 | 2023 | 300 | 263 | 37 | Nei |
| Ny varmepumpe Norheimsund idrettshall | 1 125 | 626 | 2022 | 1 125 | 626 | 499 | Nei |
| Ny vassleidning Børve | 900 | 864 | 2022 | 286 | 250 | 36 | Nei |
| Ny vassleidning, Fosse | 2 400 | 38 | 2027 | 394 | 32 | 362 | Nei |
| Nye PCar Barnehage | 188 | 217 | 2022 | 188 | 217 | -30 | Nei |
| Nye PCar pleie og omsorg | 300 | 318 | 2022 | 300 | 318 | -18 | Nei |
| Ombygging Øystese barneskule | 949 | 918 | 2023 | 687 | 656 | 31 | Nei |

| Investering | Totalbudsjett Vedteke totalt | Påløpt totalt | Vedteke ferdigår | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Driftskonsekvens |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Oppgr. av eksisterande vassverk i Kvam | 4 500 | 2 001 | 2024 | 1 091 | 584 | 507 | Nei |
| Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommunale bygg | 2 250 | 1 021 | 2029 | 500 | 440 | 60 | Nei |
| Oppgradering av kommunale kaiar | 9 375 | 6 222 | 2029 | 3 722 | 1 085 | 2 637 | Nei |
| Oppgradering av kummar i heradet - årleg avlaup | - | - | LØPANDE | 711 | 545 | 166 | Nei |
| Oppgradering av kummar i heradet - årleg vatn | - | - | LØPANDE | 1 984 | 1 171 | 813 | Nei |
| Oppgradering av pumpestasjonar i Steinsdalen | 5 000 | 4 879 | 2022 | 472 | 360 | 112 | Nei |
| Oppgradering av reduksjonskummar - årleg | - | - | LØPANDE | 2 448 | 650 | 1 798 | Nei |
| Oppgradering av VA-leidningskart | 3 000 | 2 096 | 2023 | 1 000 | 485 | 515 | Nei |
| Oppgradering bygg 2021 | 1 250 | 1 255 | 2022 | 361 | 369 | -8 | Nei |
| Oppgradering bygg -årleg prosjekt | - | - | LØPANDE | 1 250 | 634 | 616 | Nei |
| Oppgradering fagsystem Gerica | 150 | 0 | 2023 | 150 | 0 | 150 | Nei |
| Oppgradering hovudrenseanlegg avløp | 129 430 | 85 080 | 2024 | 827 | 1 235 | -408 | Nei |
| Oppgradering trygdebustader Ålvik | 3 506 | 0 | 2023 | 3 506 | 0 | 3 506 | Nei |
| Oppgradering vamepumpe ved kvam ungdomsskule | 0 | 878 | 2022 | 0 | 878 | -878 | Nei |
| Overvassleidning Norheimshagen | 1 100 | 19 | 2024 | 1 100 | 19 | 1 081 | Nei |
| Prosjektering av reinseanlegg på Tangerås | 200 | 0 | 2023 | 200 | 0 | 200 | Nei |
| Pumpestasjon og overføring frå Laupsa til Notanes | 5 500 | 1 880 | 2023 | 3 680 | 64 | 3 616 | Nei |
| Rassikringstiltak - årleg | - | - | LØPANDE | 4 346 | 1 282 | 3 063 | Nei |
| Redningsutstyr Oma Brannstasjon | 313 | 309 | 2022 | 313 | 309 | 4 | Nei |
| Reinseanlegg/overføring Vikøy | 1 500 | 81 | 2024 | 0 | 26 | -26 | Nei |
| Reserveforsyning vatn | 2 000 | 1 359 | 2023 | 422 | 350 | 72 | Nei |
| Riving av bustadhus og omlegging av kommunal veg i Øystese | 638 | 208 | 2023 | 638 | 208 | 430 | Nei |
| Sanering Børveneset , prosjektering | 200 | 0 | 2023 | 200 | 0 | 200 | Nei |
| Sjølvbeteningsløysing Ålvik bibliotek | 313 | 0 | 2023 | 1 | 0 | 1 | Nei |
| Skifte av SD - anlegg i kommunale bygg 2020-2024 | 5 000 | 2 300 | 2024 | 1 412 | 714 | 698 | Nei |
| Skjermar HST | 313 | 0 | 2023 | 313 | 0 | 313 | Nei |
| Skulekjøken Øystese skule | 3 050 | 3 737 | 2022 | 0 | 617 | -617 | Nei |
| Tak på idrettsbygget Ålvik skule | 1 500 | 1 354 | 2022 | 1 500 | 1 354 | 146 | Nei |
| Tilfluktsrom/arkivrom | 675 | 531 | 2023 | 727 | 84 | 642 | Nei |
| Tolo reinseanlegg - byte av sil | 860 | 608 | 2022 | 252 | 0 | 252 | Nei |
| Tolomarka bufellesskap | 6 999 | 8 806 | 2022 | -400 | 550 | -950 | Nei |
| Trafikksikringsplan - årleg | 2 250 | 1 659 | 2099 | 626 | 877 | -251 | Nei |
| Utbygging av Strandebarm Omsorg | 101 925 | 106 554 | 2023 | 69 218 | 87 112 | -17 894 | Nei |
| Uteområde Sandven drenering /asfaltering | 625 | 222 | 2023 | 198 | 45 | 153 | Nei |
| Utomhus Norheimsund skule, rådhus og KFL | 125 | 181 | 2025 | 125 | 181 | -56 | Nei |
| Utskifting av hovudvassleidning Skålheim - Mo i Øystese | 3 150 | 772 | 2023 | 1 360 | 682 | 678 | Nei |
| Utviklingskostnadar Naudsentral | 625 | 520 | 2023 | 625 | 520 | 105 | Nei |
| Vannkiosk Øystese | 650 | 569 | 2023 | 650 | 569 | 81 | Nei |
| VA-pumpestasjon ved Fartøyvernsenteret | 3 500 | 4 138 | 2022 | 2 224 | 3 535 | -1 311 | Nei |
| Varmepumpe Kvam Ungdomsskule | 2 625 | 251 | 2022 | 2 625 | 251 | 2 374 | Nei |
| VA-sanering i Skårdalsvegen i Øystese | 1 275 | 1 033 | 2022 | 1 182 | 943 | 239 | Nei |
| VA-sanering norheim del III | 15 000 | 11 729 | 2023 | 13 200 | 9 926 | 3 274 | Nei |
| VA-sanering ved rådhuset/Norheimsund skule | 1 700 | 1 509 | 2022 | 501 | 309 | 191 | Nei |
| Vaskerobot Øystese Idrettshall | 938 | 892 | 2022 | 938 | 892 | 46 | Nei |
| Vasstankbil KBR | 5 625 | 5 639 | 2022 | 5 520 | 5 534 | -14 | Nei |
| Veg Sandvenhagen/Sæland | 9 513 | 7 545 | 2024 | 9 012 | 6 398 | 2 614 | Nei |
| Velferdteknologi - årleg | - | - | LØPANDE | 3 908 | 1 517 | 2 391 | Nei |

| Investering | Totalbudsjett Vedteke totalt | Påløpt totalt | Vedteke ferdigår | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Driftskonsekvens |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ventilasjonsanlegg Ålvik Skule | 1 875 | 0 | 2022 | 1 875 | 0 | 1 875 | Nei |
| Sum andre prosjekt | 52 498 | 13 877 | | 0 | 1 | -1 | |
| **Sum** | **675 447** | **439 971** | | **270 027** | **199 228** | **70 799** | |

# Kvammabadet KF

Kvammabadet KF er eit kommunalt foretak som er ein del av konsernet Kvam herad, som med badeanlegg for skule og ålmenta, som saman med privat familiebasseng utgjer opplevingssenteret Hardangerbadet.

## Årsmelding

**Kvammabadet KF**

Kvammabadet KF er eit kommunalt føretak og ein del av konsernet Kvam herad, med ansvar for å tilby eit badeanlegg til bruk for skule og ålmenta. Dette saman med det privat familiebasseng utgjer opplevingssenteret Hardangerbadet.

## Om Kvammabadet KF

**Verksemda sitt virke**

Kvam Kvammabadet KF (Kvammabadet) skal i samsvar med vedtektene stå for drift av anlegg til skulebading. Seksjonen til Kvammabadet utgjer saman med tilstøytande seksjonar eigd av Hardangerbadet Eigedom AS og Almeland Eigedom AS, opplevingssenteret Hardangerbadet. Når badeanlegget ikkje vert nytta til kommunale føremål, kan Kvammabadet leiga ut seksjonen til kommersiell drift.

**Om anlegget**

Kvammabadet sin del av anlegget består av garderobeanlegg, trenings- og konkurransebasseng og eit opplærings- og terapibasseng. Dagleg drift og vedlikehald av anlegget er sett ut til Hardangerbadet AS gjennom ein samarbeids- og driftsavtale av 22. september 2020.

**Aktivitet 2022**

2022 var Hardangerbadet sitt tredje driftsår. Badet starta året med avstenging av anlegget i deler av januar grunna Covid-19 pandemien. Oversikt frå Hardangerbadet AS viser at besøkstalet i Hardangerbadet var høgare enn i 2021, men lågare enn i 2020. Totalt registrerte badet 44.509 besøkjande mot 39.036 i 2021.

Dei kommunale bassenga vert nytta til skulebading, og målet er å læra alle born i skulealder å symja og meistra aktivitetar i vatn.

**Besøkstal Hardangerbadet 2020-2022**

| Månad | 2020 | 2021 | 2022 | Endring frå i fjor |
|---|---|---|---|---|

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Januar | 5 628 | 4 200 | 2 590 | -1 610 |
| Februar | 8 741 | 1 128 | 3 318 | 2 190 |
| Mars | 3 002 | 3 390 | 4 398 | 1 008 |
| April | 0 | 1 032 | 3 716 | 2 684 |
| Mai | 0 | 2 893 | 3 509 | 616 |
| Juni | 1 857 | 2 694 | 2 428 | -266 |
| Juli | 8 545 | 6 063 | 6 294 | 231 |
| August | 4 157 | 4 222 | 3 561 | -661 |
| September | 4 226 | 2 995 | 2 890 | -105 |
| Oktober | 4 917 | 5 284 | 5 063 | -221 |
| November | 4 654 | 3 621 | 3 813 | 192 |
| Desember | 3 866 | 1 514 | 2 929 | 1 415 |
| **Sum** | **49 593** | **39 036** | **44 509** | **5 473** |

**Økonomien i 2021**

Kvammabadet sitt rekneskap inngår i kommunen sitt årsrekneskap, og det er kommunestyret som vedtek årsrekneskap og årsrapport.

**Økonomisk stilling og utvikling**

Årsrekneskapen til Kvammabadet er gjort opp med eit underskot på kr. 1 000 000.

Rapport frå Hardangerbadet AS syner at leigeinntektene vart kr. 1 117 153 lågare enn budsjettert grunna lågare besøkstal enn venta. På den anna side vart driftskostnadene for KF sin seksjon kr. 1 658 460 høgare enn budsjettert. I tillegg hadde Kvammabadet eit negativt budsjettavvik på eiga drift på kr. 84 331. Til saman utgjorde det eit underskot før anna inndekning på kr. 2 859 944.

Etter samarbeids- og driftsavtalen med Hardangerbadet AS og Hardangebadet Eigedom AS er det føresett at leigeinntektene til Kvammabadet skal tilsvara Kvammabadet sine kostnader til drift, forvaltning og vedlikehald av Kvammabadet sin seksjon det enkelte år. I pkt 6.3 i avtalen framgår at *«Dersom KF sin andel av billettinntektene ikkje dekker KF sine kostnader til drift, forvaltning og vedlikehald av KF-seksjonen det aktuelle året, skal HB (Hardangerbadet) kvart år dekka det resterande etter påkrav frå KF».*

I samsvar med avtalen, vil det bli sendt eit slikt krav fra Kvammabadet til Hardangerbadet AS. For 2022 utgjer dette kr. 1 859 944.

I tillegg har 36 private kausjonistar stilt kausjon med til saman kr. 1 000 000 pr år i 10 år til dekning av driftsunderskot i Kvammabadet.

Det rekneskapsmessige underskotet i Kvammabadet på kr. 1 000 000 for 2022, vil såleis verta inndekt ved innbetaling frå sjølvskuldnarkausjonistane.

Kvammabadet sitt budsjett for 2022 var oppgjort med eit resultat på kr. 0.

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Rekneskap 2022 | Avvik bud/rek 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Bilettinntekter/husleige | 1 541 400 | 2 350 000 | 1 232 847 | 1 117 153 |
| Husleigeinntekt (ekstra for at KF skal gå i null) | 1 679 686 | | 1 859 944 | - 1 859 944 |
| Tilskot frå garantistar | - | | 1 000 000 | - 1 000 000 |
| Momskompensasjonsinntekt drift | 506 744 | 485 600 | 734 139 | - 248 539 |
| Strukturinnsparing (overføring frå KH) | 945 810 | 985 000 | 985 000 | - |
| **Sum inntekter** | **4 673 640** | **3 820 600** | **5 811 930** | **- 1 991 330** |
| | | | | |
| Drift og forvaltning KF | 712 312 | 300 000 | 384 331 | - 84 331 |
| Drift og vedlikehold KF seksjon | 4 454 584 | 3 035 000 | 4 693 460 | - 1 658 460 |
| Dekning av tidlegare års negative driftsresultat | | | 1 000 000 | - 1 000 000 |
| Momskompensasjonsutgift drift | 506 744 | 485 600 | 734 139 | - 248 539 |
| **Sum utgifter** | **5 673 640** | **3 820 600** | **6 811 930** | **- 2 991 330** |
| | | | | |
| **Underskot** | **1 000 000** | **-** | **1 000 000** | |

**§5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)**

| **Økonomisk oversikt - drift** | **Regnskap 2022** | **Reg. budsjett 2022** | **Oppr.budsjet 2022** | **Regnskap 2021** |
|---|---|---|---|---|
| Driftsinntekter | | | | |
| 1 Rammetilskudd | - | - | - | - |
| 2 Inntekts- og formuesskatt | - | - | - | - |
| 3 Eiendomsskatt | - | - | - | - |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 4 Andre skatteinntekter | - | - | - | - |
| 5 Andre overføringer og tilskudd fra staten | - | - | - | - |
| 6 Overføringer og tilskudd fra andre | 2 719 139 | 1 470 600 | 1 470 600 | 2 952 554 |
| 7 Brukerbetalinger | - | - | - | - |
| 8 Salgs- og leieinntekter | 3 092 791 | 2 350 000 | 2 350 000 | 3 221 085 |
| **9 Sum driftsinntekter** | **5 811 930** | **3 820 600** | **3 820 600** | **6 173 639** |
| Driftsutgifter | | | | |
| 10 Lønnsutgifter | 163 000 | 163 000 | 163 000 | - |
| 11 Sosiale utgifter | 22 983 | 25 000 | 25 000 | - |
| 12 Kjøp av varer og tjenester | 4 892 108 | 3 147 000 | 3 147 000 | 4 791 506 |
| 13 Overføringer og tilskudd til andre | 734 226 | 485 600 | 485 600 | 2 382 133 |
| 14 Avskrivninger | - | - | - | - |
| **15 Sum driftsutgifter** | **5 812 317** | **3 820 600** | **3 820 600** | **7 173 639** |
| **16 Brutto driftsresultat** | **- 387** | **-** | **-** | **- 1 000 000** |
| Finansinntekter | | | | |
| 18 Utbytter | 387 | - | - | - |
| **22 Netto finansutgifter** | **387** | **-** | **-** | **-** |
| 23 Motpost avskrivninger | - | - | - | - |
| **24 Netto driftsresultat** | **-** | **-** | **-** | **- 1 000 000** |
| Disp. eller dekning av netto driftsresultat: | | | | |
| 30 Dekning av tidligere års merforbruk | 1 000 000 | - | - | - |
| 31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat | 1 000 000 | - | - | - |
| **32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)** | **1 000 000** | **-** | **-** | **1 000 000** |

**Balanse**

| **Oversikt - balanse** | **Endring Regnskap 2022** | **Endring Regnskap 2021** |
|---|---|---|
| EIENDELER | | |
| **A. Anleggsmidler** | **-** | **-** |
| **B. Omløpsmidler** | **396 826** | **- 247 082** |
| I. Bankinnskudd og kontanter | 293 503 | - 662 268 |
| II. Finansielle omløpsmidler | - | - |
| III. Kortsiktige fordringer | 103 322 | 415 186 |
| 1. Kundefordringer | 103 322 | 415 186 |
| 2. Andre kortsiktige fordringer | - | - |
| **Sum eiendeler** | **396 826** | **- 247 082** |
| EGENKAPITAL OG GJELD | | |
| **C. Egenkapital** | **-** | **- 1 000 000** |
| I. Egenkapital drift | - | - 1 000 000 |
| 1. Disposisjonsfond | - | - |
| 2. Bundne driftsfond | - | - |
| 3. Merforbruk i driftsregnskapet | - | - 1 000 000 |
| 4. Mindreforbruk i driftsregnskapet | - | - |
| **D. Langsiktig gjeld** | **-** | **-** |
| I. Lån | - | - |
| **E. Kortsiktig gjeld** | **396 826** | **752 918** |
| I. Kortsiktig gjeld | 396 826 | 752 918 |
| 1. Leverandørgjeld | - 75 389 | 675 389 |
| 2. Likviditetslån | - | - |
| 3. Derivater | - | - |

| | | |
|---|---|---|
| 4. Annen kortsiktig gjeld | 472 215 | 77 529 |
| **Sum egenkapital og gjeld** | **396 826** | **- 247 082** |
| **F. Memoriakonti** | **-** | **-** |

**Andre forhold**

Kvammabadet har motteke førespurnader frå både Hardangerbadet AS og Hardangerbadet Eigedom AS om bidrag til å dekkja underskot i Hardangerbadet AS. Dette vil i tilfelle vera tilskot frå kommunen som må handsamast politisk, og førespurnadene er difor sendt til kommunen for vurdering og vidare handsaming.

**Styre og leiing**

**Styret**

Styret har i perioden 1. januar 2022 til 9. desember 2022 hatt fyljande medlemmer:

Styreleiar: Frank Eithun Helland (2021-2022)

Nestleiar: Reidun Skålheim Solberg (2021-2023)

Styremedlem: John Audun Jensen (2021-2025)

Varamedlem: Marie Steine (2021-2025)

Frank Eithun Helland har i tillegg hatt funksjonen som dagleg leiar.

8. desember 2022 har heradsstyret gjort vedtak om fylgjande samansetnad av styret:

Styreleiar: Reidun Skålheim Solberg (2023-2024)

Nestleiar: Frank Eithun Helland (2023-2023)

| | | |
|---|---|---|
| Styremedlem: | John Audun Jensen | (2021-2025) |
| Varamedlem: | Marie Steine | (2021-2025) |

Valperioden for styremedlem er fire år, medan valperioden for leiar og nestleiar er to år. Medlem av styret fungerer inntil nytt medlem er vald. Heradsstyret gjorde vidare vedtak; For å sikre kontinuitet mellom styreleiar og nestleiar, bør periodane overlappa med eit år. Det er difor tilrådd at styreleiar vert vald for 2 år no, og nestleiar for 1 år, for å koma i «rute» med dette.

Styresamansetjinga inneber ei fordeling på 50% mellom kjønna.

Tom Rasmussen er engasjert som dagleg leiar i styremøte 12. januar 2023 og fram til 31.12.2023.

**Etisk standard**

Som eit kommunalt føretak, pliktar Kvammabadet å følgja dei etiske reglane og retningslinjene til Kvam herad, sjå link: https://www.kvam.no/politikk-og-organisasjon/politikk/reglement/politisk-reglement/etiske-retningslinjer-for-folkevalde/

Norheimsund, 27. mars 2023

| | | |
|---|---|---|
| ______________________ | ______________________ | ______________________ |
| Reidun Skålheim Solberg | Frank Eithun Helland | John Audun Jensen |
| Styreleiar | Nestleiar | Styremedlem |

# NOTAR

## Note 1 Arbeidskapital

| **NOTE nr. 1: Endring i arbeidskapital** | |
|---|---|
| Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-10, a) | |
| | |
| **BALANSEN** | **Endring 2022** |
| Omløpsmidler | 396 826 |
| Kortsiktig gjeld | 396 826 |
| **Arbeidskapital** | **0,00** |
| **DRIFTS- OG INVESTERINGSREGNSKAPET (bevilgningsoversikter)** | **2022** |
| Netto driftsresultat | 0,00 |
| Netto utgifter/inntekter i investering | 0,00 |
| Endring ubrukte lånemidler (økning +/reduksjon-) | 0,00 |
| Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsregnskapet | 0,00 |
| **Differanse i endring arbeidskapital balanse og drift og investering** | **0,00** |
| | |

**Note 2 til note 15 er ikkje aktuelle for Kvammabadet KF**

**Note 16 Ytelsar til leiande personar**

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-13, d)

| **Ytelser til ledende personer** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **Brutto lønn** | **Fast godtgjørelse** | **Bonus** | **Eventuelt annen tillegssgodtgjørelse** |
| Styreleiar | 0 | 80 000 | 0 | 0 |
| Dagleg leiar | | 70 000 | | |

**Note 18 Konsolidert rekneskap**

I konsolidert rekneskap inngår Kvam herad og Kvammabadet KF

| | |
|---|---|
| Andel av kommunalt foretak sine inntekter som kjem frå kommunen | 19 % |
| Andel av kommunalt foretak sine inntekter som kjem frå andre | 81 % |
| Overføring frå kommunen for å dekke inn meirforbruk i foretaket | 0 |

# Tenesteområda i kommunen

## Finans og fellespostar

### Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: Finans

### Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Årets premieavvik | -5 228 | -4 275 | 1 817 | 748 | 5 024 | 671,2 % |
| Amortisering av tidligere års premieavvik | 2 585 | 2 863 | 0 | 0 | -2 863 | 0,0 % |
| Pensjon | -6 | 15 | 22 | 72 | 57 | 78,9 % |
| Diverse fellesutgifter | 731 | 410 | 1 982 | 1 982 | 1 572 | 79,3 % |
| Skatt på inntekt og formue | 0 | 0 | 143 | 140 | 140 | 100,0 % |
| Generelt statstilskudd vedrørende flyktninger m.v. | 1 821 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Motpost avskrivninger | -50 234 | -51 964 | -47 533 | -47 533 | 4 431 | 9,3 % |
| Renter/utbytte og lån (innlån og utlån) | 129 | 42 | 151 | 151 | 108 | 72,1 % |
| Interne finansieringstransaksjoner | -6 036 | 2 611 | -2 647 | 3 053 | 442 | 14,5 % |
| **Sum** | **-56 237** | **-50 297** | **-46 065** | **-41 386** | **8 911** | **21,5 %** |

### Kommentar til status økonomi

På finansområdet ligg felleskostnader og inntekter som ikkje er knytt til tenesteområda.

Pensjonskostnadene er rekneskapsført og budsjettert per tenesteområde, mens premieavvik og motpost premiefond ligg på finansområdet. Størrelsen på premieavvik og premiefond påverkar pensjonskostnaden på tenesteområda.

Avskrivingskostnaden på 52 mnok ligg på tenesteområda, mens motposten ligg på finans. Postane er 4,4 mnok over budsjett og forbetra dermed resultat på finansområdet.

Det er eit avvik på 1,6 mnok på diverse fellesutgifter som skuldast at budsjettert forsikringskostnad er rekneskapsført riktig på dei ulike tenesteområda.

### KOSTRA Nøkkeltal

#### Kostra-analyse

| | Kvam 2021 | Kvam 2022 | Landet uten Oslo | Kostragruppe 05 |
|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | |
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B) | 6,1 % | 6,7 % | 2,1 % | 3,0 % |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B) | 15,4 % | 21,1 % | 14,5 % | 16,5 % |
| **Økonomi** | | | | |
| Frie inntekter i kroner per innbygger | 65 751 | 65 072 | 66 167 | 66 212 |

| *) **) | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter | 110,6 % | 103,0 % | 91,0 % | 73,9 % |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

## Status investeringar

*Beløp i 1000*

| Investering | Totalbudsjett Vedteke totalt | Påløpt totalt | Vedteke ferdigår | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Driftskonsekvens |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Andre investeringar | 1 770 | 2 802 | 2029 | 0 | 221 | -221 | Nei |
| **Sum** | **1 770** | **2 802** | | **0** | **221** | **-221** | |

## Status politiske vedtak

### Budsjettvedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| Budsjettvedtak 2022-10: "Auke i inntekter. Rammetilskot er føresett auka med 4,3 mill. Jusstering inntekter frå kraftsal for 2022 med 2 mill kr." | | Ferdig | | Budsjettala for 2022 er oppdatert. |
| Budsjettvedtak 2022-14: "Rådmannen får i oppdrag å leggje fram sak om makspris på straum til innbyggjarane i Kvam ekslusiv nettleige og avgifter." | Ordninga skal gjennomførast ved sal av konsejonskraft til innbyggjarar, næringsliv og hytte eigarar i heradet som er abonnentar i Kvam energi ,med spotpris avtalar og tilhold i Kvam herad.<br>Rådmannen skal ikkje inngå nye avtalar om sal av konsejonskraft før saka er framlagt.<br>Rådmannen skal forhandla fram avtale om gjennomføring og administrasjon av ordninga med Kvam energi. | Iht. plan | | Heradet si disponible mengd konsesjonskraft er for lita til å kunne nyttast direkte i ei slik ordning. For næringslivet vil det oppstå utfordringar knytt til statstøtteregelverket dersom kommunen lagar ei ordning med kraft til under marknadspris. Det pågår arbeid med ulike støtteordningar både i Noreg og EU som vil ha stor påverknad på korleis ein eventuell kommunal ordning kan utformast og administrasjonen vil koma tilbake til saka når dette er avklara.<br><br>Sal av kraft på framtidskontrakter er stansa i samsvar med heradsstyret sitt vedtak. |
| Budsjettvedtak 2022-1: "Reduksjon i eigedomsskatt frå 3,2 promille til 3 promille med verknad ca 1,5 mill kr. Innføring av botnfrådrag på 200.000 kr i eigedomsskattetakstane for bustader og fritidseigedommar. Med verknad ca 4.0 mill for året 2022." | | Ferdig | | Vedtaket er innarbeidd i eigedomsskatten 2022. |

# Styring og kontrollverksemd

## Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: Styring og kontrollverksemd

### Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Politisk styring | 4 036 | 3 269 | 4 109 | 4 228 | 958 | 22,7 % |
| Kontroll og revisjon | 770 | 768 | 1 019 | 1 019 | 251 | 24,6 % |
| **Sum** | **4 806** | **4 037** | **5 128** | **5 246** | **1 209** | **23,1 %** |

## Kommentar til status økonomi

Styring og kontrollverksemd har eit totalt mindreforbruk på 1,2 mnok.

Politiske organ nytta 0,95 mnok mindre på frikjøp av politikarar, godtgjersle folkevalde, kurs, reise og overnatting.

Det er nytta 0,25 mnok mindre på kontroll og revisjon, rekneskapen har samme nivå som året før.

## KOSTRA Nøkkeltal

## Kostra-analyse

| | Kvam 2021 | Kvam 2022 | Landet uten Oslo | Kostragruppe 05 |
|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | |
| Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **) | 511 | 397 | 410 | 746 |
| **Kommunekasse** | | | | |
| Netto driftsutgifter i prosent 100 politisk styring (B) (Kommunekasse) | 0,7 % | 0,6 % | 0,6 % | 1,1 % |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

### Status politiske vedtak

## HST- og FSK-vedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| Forvaltningsrevisjonsrapport - Internkontroll | På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Internkontroll» ber heradsstyret rådmannen syta for: | Forsinket | | Overordna internkontrolldokument er revidert per januar 2023, og status på tiltak oversendt Kontrollutvalet til handsaming |

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| | 1. Ferdigstille arbeidet med å a. etablere eit felles internkontrollsystemet a. utarbeide det overordna internkontrolldokumentet, og gjere det kjend blant tilsette og leiarar b. ytterlegare konkretisere måla for einingane c. etablere rutine som sikrar at dei etiske retningslinene årleg blir drøfta av alle tilsette i heradet d. utarbeide skriftlege rutinar for arbeidsprosessar som manglar dette e. ta i bruk dokumentsytringsmodulen i kvalitetssystemet, slik at rutinar blir haldne oppdaterte og blir gjort tilgjengelege på ein føremålstenleg måte<br><br>2. Etablere system for å a. gjennomføre risikovurderingar på både overordna og operasjonelt nivå b. kontrollere at rutinar og retningsliner blir etterlevd c. jamleg gjennomgå og evaluere internkontrollen d. halde oversikt over kompetanse- og bemanningsbehov<br><br>3. Vurdere tiltak for å a. sikre at ansvar og myndigheit er tydeleg fordelt, blant anna gjennom at det administrative delegeringsreglementet blir gjort kjend b. auke fokus på å førebyggje korrupsjon og misleghald c. sikre tidsriktig og effektiv kommunikasjon og informasjon d. sikre at rapporteringa gir leiinga god oversikt og kontroll på heile verksemda e. sikre at rutinar for varsling og oppfølging av varsel blir gjort kjende f. vidareutvikle kulturen for å melde og følgje opp avvik<br><br>4. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.08.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. | | | 20.2.23 som gjorde følgjande vedtak: *Kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjon av internkontroll og ønskjer lukke til i det vidare forbetringsarbeidet* |

# Administrasjon

## Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: Administrasjon

### Utvikling og utfordringer

**Lønn og HR**

Tilsette er den viktigaste ressursen i kommunen og avgjerande for gode tenester.

HR gir leiar- og medarbeidarstøtte i alle aktivitetar som omhandlar planlegging, tilsetjing, utvikling og avvikling i arbeidsforhold. HR utfører månadleg lønnsforvaltning for om lag 1200 personar. HR gir også støtte og rådgjeving innan kompetanseutvikling, HMS og personvern. Krav til dokumentasjon i alle prosessar er aukande og medfører at kun påkrevde utviklingsoppgåver kan prioriterast.

Det fører igjen til oppretthald av manuelle rutinar som kunne vore effektiviserte gjennom digitale løysingar. Oppgåver som rådgjeving og saksbehandling innan Husbanken sine låneordningar vert utført av HR, men skal i 2023 overførast til ei nyoppretta stilling som bustadkoordinator. Det behov for at frigjort tid kan nyttast til utviklingsarbeid.

Rekrutteringssituasjonen utfordrar oss med mange tilsetjingsprosessar og redusert tal søkjarar som fører til at stillingar vert utlyst fleire gonger. Me ser ein tendens til at stillingar vert lyst ut i større stillingsprosent enn tidlegare. Det er i tråd med kommunen sitt arbeid for heiltidskultur. Ein stram arbeidsmarknad utfordrar også den lokale lønnspolitikken gjennom at fleire stiller individuelle lønnskrav. Kommunen har på mange område eit «sørge for-ansvar» som medfører at me er avhengig av å rekruttera høg kompetanse for å kunne løysa stadig meir komplekse oppgåver.

**IT**

IT avd utfører tenester intern til Kvam herad, Kvam energi AS, Eidfjord kommune og Ulvik herad. Dette omfattar drift av fagsystem, serverfasilitetar i Kvam og til saman nesten 100 nettverkslokasjonar inkl pumpestasjonar. I tillegg har me førstelinje 24/7 for tilsette.

Fokus 2022 har vore sikring av infrastruktur mot hacking. Trygging av data knytt til backup, 2.faktor for tilsette og sikring av servere. Internt har me m.a arbeid med kontinueringsplanar saman med resten av organisasjonen med fokus på "hacked - alle data er tapt". Tanken med dette er å førebu organisasjonen på situasjonar der me er er angripen og ikkje har tilgang til data i opptil 200 dager. Kva skal IT prioritere? Kva skal organisasjonen gjer i ein slik situasjon, korleis varsle tilsette og omverda, mv. ?

Kvam herad IT er aktiv deltakar i fleire prosjekt knytt til DigiVestland. IT drift, personvern, oppvekst mm.

I 2022 har me diverre hatt utfordringer med leveranser av utstyr og stor prisstigning på datautstyr. Det kan sjå ut som det betrar seg kommande år.

**Økonomi og rekneskap**

Økonomiavdelinga utfører økonomitenester for alle avdelingane i Kvam herad. Dette omfattar rekneskap, fakturering, innfordring, budsjetterting, kontroll, analyse og utarbeiding av budsjett og

rekneskapsrapportar. Den daglege drifta og dei obligatoriske rapporteringane krev mykje. Derfor vart det også i 2022 lite rom for å jobbe så mykje med utvikling og opplæring som det er behov for. Likevel er det kontinuerleg fokus på å effektivisere og vidareutvikle økonomiarbeidet og å gje opplæring og veiledning til leiarar.

I løpet av 2022 er det innført ny funksjonalitet på eigedomsgebyr. Alle som eig eigedom i Kvam han logge inn på "Min Eigedom" for å sjå alle opplysningar om eigen eigedom og oversikt over kommunale gebyr knytt til eigedomen. Det er frå 2022 mogleg for kvar enkelt eigar å dele opp faktura i fleire terminar i 1,2,4 eller 12 terminar i året.

Bruken av Framsikt har vorte utvida kvart år. I løpet av 2022 er planmodulen tatt i bruk. På sikt skal alle kommunale planar inn i Framsikt. Alle mål og tiltak knytt til planane skal svarast ut i programmet.

**Innkjøp**

Kvam deltek på ei rekkje rammeavtaler saman med Bergen Kommune og andre nabokommunar og dette utgjer "grunnmuren" i innkjøpsarbeidet. Personalmessig har me mangla ressursar i 2022 og det har vore utfordrande å gjennomføra eigne innkjøpsprosessar. For å bøta på dette har det vore nytta noko konsulentbistand. I løpet av hausten har me fått attende både ein controller og ein jurist frå fødselspermisjon. Begge desse skal arbeida ca 50% med innkjøp og me går inn i 2023 med tilnærma "normal" bemanning på innkjøp.

**Juridisk og informasjon**

Juridiske rådgjevarar og informasjonsrådgjevar syt for generell rådgjeving og bistand til heile kommunen. Ut over juridisk rådgjeving og tvistehandtering, bidreg juristane ved offentlege anskaffingar og har grunneigarrolla for kommunen. Informasjonsrådgjevar arbeidar etter gjeldande kommunikasjonsstrategiar, og arbeidar med informasjon og kommunen sin grafiske profil.

**Fellessekretariat og arkiv**

*Kvam herad skal ha ei heilskapleg forvaltning av arkiv og dokument*

Oppfølging av tilsyn av arkivforvaltning: Tre av seks pålegg er lukka innan fristane som vart gitt av Arkivverket våren 2021. Det som står att er:

- Oppdatering av arkivplanen: Arkivplanen skal sikre at Kvam herad tek i vare arkivansvaret sitt etter arkivlova § 6. Oppdateringa er starta, men ein er ikkje i mål.
- Utarbeiding av retningslinjer for elektronisk behandling av arkivdokument
- Flytting av arkiv frå det gamle arkivrommet til det nye.

Arkivverket har fått tilbakemelding på at dette skuldast ressursmangel. Dei meiner dei attståande avvika gir grunn til uro over forvaltninga av arkiva i Kvam, og har varsla Statsforvaltaren i Vestland om dette. Utfordringa er å finne nok tid til å jobbe med avvika.

Langtidsbevaring av arkiv: Det er oppretta prosjekt på uttrekk (kopi) av avslutta system og fagprogram, mellom anna den gamle databasen til Acos WebSak. Både Acos og Interkommunalt arkiv i Hordaland hjelper Kvam med dette arbeidet i tillegg til ressursar frå IT og arkivleiar.

Fellessekretariatet har ei sentral rolle som informasjonsformidlar og vera kontaktpunkt mellom innbyggjarane og kommunen. Det vert endring i telefonsystemet når Kvam endrar leverandør frå

Telenor til Telia. Fasttelefon går ut, og det vert ringing gjennom datasystem (Teams) eller mobiltelefonar. Endringa er delvis sett i drift. Framleis er det nokre beredskapstelefonar som ligg igjen på Telenor.

Det er òg ønskjeleg å få vurdert digitale sjølvbeteningsløysingar og andre informasjonsskjermar. IT-leiar, arkivleiar og informasjonsrådgjevar jobbar med å vurdere behovet.

*Kvam herad skal sikra at rett informasjon er tilgjengeleg til rett person og syta for innebygd personvern i alle løysingar*

Tilrettelegge for innsyn: Mål om å svare raskt på innsynskrav, ha gode, søkbare postlister og ha gode rutinar for rask tilgjengeleggjering av politiske dokument. Rask behandling av innsynskrav i tråd med regelverket er ei utfordring i ein travel kvardag.

eDialog – Sikker digital post: Ei teneste frå KS som er tatt i bruk i Kvam der innbyggjarane og tilsette kan sende dokument (inkl. konfidensielle opplysningar) til Kvam herad via ein sikker og effektiv kanal.

Digitalisera eigedomsarkivet: Eigedomsarkivet vart sendt til Danmark for digitalisering. Eigedomsarkivet fram til og med 2015 vil i løpet av 2023 bli tilgjengeleg for innbyggjarane. Etter kvart skal eigedomsarkivet for 2016-2021 også bli tilgjengeleg.

IKAH har digitalisert deler av kulturarkivet til Kvam, som innbyggjarane har fått digital tilgang til via IKAH sine heimesider.

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Administrasjon | 31 246 | 37 341 | 35 519 | 41 113 | 3 772 | 9,2 % |
| Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen | 1 854 | 2 583 | 3 040 | 3 035 | 452 | 14,9 % |
| Administrasjonslokaler | 3 592 | 3 919 | 3 027 | 4 499 | 580 | 12,9 % |
| Interkommunale samarbeid (§§ 27/28a - samarbeid) | 15 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum** | **36 707** | **43 844** | **41 586** | **48 648** | **4 804** | **9,9 %** |

## Kommentar til status økonomi

Samla sett har tenesteområdet eit mindreforbruk på 4,8 mill i forhold til budsjett 2022.

**Administrasjon** har eit mindreforbruk på 3,8 mnok i 2022. Mindreforbruket skuldast i hovudsak at det ikkje vart nytta av pott for overlappende stillinger på 3 mnok i 2022. I tillegg var det eit mindreforbruk på driftsprosjektet P19190 Lean.

**Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen og Administrasjonslokale** har til saman eit mindreforbruk på 0,6 mnok som i er lågare kostnad til elektrisitet enn justert budsjett og fordeling av indirekte kostnader til sjølvkostområdet.

# KOSTRA Nøkkeltal

## Kostra-analyse

| | Kvam 2021 | Kvam 2022 | Landet uten Oslo | Kostragruppe 05 |
|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | |
| Administrasjon nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) **) | 4 477 | 4 671 | 4 085 | 4 897 |
| Administrasjon, kommune Lønn ekskl. sykelønn Beløp pr innb (kr) *) | 3 503 | 3 285 | 3 319 | 4 618 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

## Status investeringar

*Beløp i 1000*

| | Totalbudsjett | | | Budsjett for året | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Investering** | **Vedteke totalt** | **Påløpt totalt** | **Vedteke ferdigår** | **Rev. bud.** | **Rekneskap** | **Avvik i kr** | **Driftskonsekvens** |
| Deponering av elektronisk arkiv | 388 | 70 | 2023 | 188 | 70 | 117 | Nei |
| Digitalisering eigedomsarkiv | 2 500 | 1 366 | 2023 | 706 | 393 | 313 | Nei |
| Forprosjekt ventilasjon og varmeanlegg Kvam rådhus | 350 | 0 | 2023 | 350 | 0 | 350 | Nei |
| IT-investeringar - årlege | - | - | LØPANDE | 1 800 | 753 | 1 047 | Nei |
| Skjermar HST | 313 | 0 | 2023 | 313 | 0 | 313 | Nei |
| Tilfluktsrom/arkivrom | 675 | 531 | 2023 | 727 | 84 | 642 | Nei |
| **Sum** | **4 225** | **1 967** | | **4 082** | **1 301** | **2 781** | |

# Status politiske vedtak

## Budsjettvedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| Budsjettvedtak 2020 – 2. Prosjekt heiltid | | Iht. plan | | HST sak i møtebolk 5 |

## HST- og FSK-vedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| HST 042/22 Tertialrapport 2022, 1. tertial - HST tillegg k) Rekrutteringspott (3 MNOK) til å finansiera overlappande stillingar. | HST 042/22 Tertialrapport 2022, 1. tertial - HST tillegg k) Rekrutteringspott Rådmannen får fullmakt til å bruka inntil 3 mill.kr. i løpet av budsjettåret til å finansiera overlappande stillingar i samband med rekrutteringsarbeid. Potten vert finansiert med disposisjonsfond for ekstra kraftinntekter, konto 25600200. | Ikke startet | | I praksis ikkje delt ut/nytta pott i 2022, då det har vore vakante midlar til bruk i andre einingar. |
| HST Interpellasjon 5. april 2022: Endra registrert namn i offentlege register til "herad", og iverksetja endring av e-postadresser slik at dei syner 'herad', og ikkje 'kommune'. | Kvam heradsstyre ber rådmannen om å endra registrert namn i offentlege register til "herad" og iverksetja endring av e-postadresser slik at dei syner "herad", og ikkje "kommune". | Iht. plan | | Kvam herad er registrert i Brønnøysundsregistra.<br><br>Når deg gjeld epost, er mottaksadressa @kvam.herad.no på plass, men det står noko att på avsendarkonto. |
| HST Interpellasjon 5. april 2022: Kvam herad tildeler 200.000 kroner til Raudekrossen sitt arbeid for flyktningar i nærområda til Ukraina. | Kvam herad tildeler 200 000 kr. til Raudekrossen sitt arbeid for flyktningar i nærområda til Ukraina. Finansiering: Dispensasjonsfond. | Ferdig | | Beløpet er innbetalt og Kvam herad har motteke takkebrev frå Raudekrossen. |
| Revidering av etiske retningslinjer 2020. Val av arbeidsgruppe | | Forsinket | | Val av arbeidsgruppa vart gjennomført i HST-017/20, men arbeidet stoppa opp under pandemien, og har ikkje vorte teke opp att i etterkant.<br><br>Må vurderast om gruppearbeidet skal gjennomførast våren 2023, eller overlatast til nytt heradsstyre. |

# Barnehagar

## Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: Barnehagar

## Utvikling og utfordringer

### Utvikling 2022

Barnehagesektoren har fokus på felles kompetanseheving, utvikling av felles system og implementering av desse i heile sektoren. Å få ei felles forståing, ta i bruk nye system og at alle går i same retning er ein omfattande og tidkrevjande prosess.

**Kompetanseheving:**

Det er utarbeida felles kompetanseplan for alle barnehagane i Kvam 2021-2025.

- PPT har gjeve opplæring i "Sjå barnet innanfrå" til personale i barnehagane Sjydnahaugen, Bjørketeigen, Strandebarm og Tørvikbygd. I 2023 skal Norheimsund og Ålvik gjennomføra opplæringa. "Sjå barnet innanfrå" skal fremje trygg tilknyting mellom barn og omsorgspersonar. Barn skal få hjelp til å kjenna seg trygg og på den måten stå sterkare rusta til å møta utfordringar seinare i livet.
- Alle barnehagane har fått opplæring i BTI (betre tverrfagleg innsats) og implementeringsarbeidet er igang.
- Kvam herad sine barnehagar deltar i regional ordning for kompetanseutvikling (Rekom). Rekom skal bidra til at barnehagane utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Ordninga er eitt av fleire verkemiddel som skal sikra at barn får eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet.
- Regelverk for psykososialt barnehagemiljø. Ny lov skal sørge for at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag. Planleggingsdagar og personalmøter har vorte brukt og skal brukast til å trygga og auka tilsette sin kompetanse i innhaldet i lova. Barnehagane gjennomfører Udir sine kompetansepakkar om trygt og godt barnehagemiljø. Dette skal sikre lik kompetanse og kunnskap om kva me skal gjera dersom barn ikkje opplever eit trygt barnehagemiljø. Mobbeombodet i Vestland har gjeve opplæring til personale. Barnehagane i Kvam har laga ein ny handlings og aktivitetsplan for trygt og godt barnehagemiljø som gjeld alle barnehagane.
- Nyutdanna barnehagelærarar får oppfølging og rettleiing dei to fyrste åra.
- Kvam herad har laga kompetansepakkar som tilsette skal gjennomføra i arbeidstida. Det har ikkje vore nok tid til dette i 2022 og må vidareførast til neste år.
- Alle styrarane har deltek i leiaropplæring for å forstå leiarrolla, kartlegga utfordringar og finna løysingar for endring av praksis. Ein styrar deltek på styrarutdanning ved NHH og tre barnehagelærarar deltek på vidareutdanning i regi av Udir.

**Felles system:**

- Barnehagane har felles årsplan, felles visjon og hovudmålsetjing.
- Barnehagane er i gang med å utvikla felles system for alle kommunale barnehagar (malar, skjema og liknande). Dette saman med felles visjon og målsetjing sikrar meir likskap i barnehagane våre.

- Det er laga plan for arbeid med fleirspråklege barn i barnehagane i Kvam, og barnehagane føl felles foreldremøteplan som gjeld frå barnehage til ungdomsskule.
- Alle barnehagane i Kvam brukar Leikbasert læring for femåringane i barnehagane, og barnehagane føl felles plan for overgang barnehage – skule.
- Hausten 2021 vart det laga ein eigen plan for gjennomføring av tidleg innsats, spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for barn i barnehagane. Denne gjeld framleis for 2022. Det ordinære barnehagetilbodet har blitt styrka og fleire barn får støtte og hjelp tidlegare ved at eventuelle utfordringar vert arbeidd med på eit tidleg tidspunkt. Gjennom denne endringa har Kvam fått eit gjennomgåande støttesystem frå barnehage til ferdig grunnskule. Det er gjennom dette støttesystemet tilsett spesialpedagogar som er fast stasjonerte ute i barnehagane. Dette styrker tilbodet til alle og aukar kvaliteten på det allmennpedagogiske tilbodet. Fleire barn kan få god hjelp utan at det må ha vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Det er for tidleg å seia noko om talet på tilviste saker på individnivå til PPT går ned, men tendensen er der.
- Barnehagemynde byrja i 2022 å gjennomføra tilsyn i barnehagane innan tema trygt og godt barnehagemiljø. Dette fortset i 2023.
- Barnehagane i Kvam har fokus på godt arbeidsmiljø og saman med KLP deltek barnehagane i prosjektet "Bli i jobben." Målet er å styrka arbeidsmiljøet slik at sjukefråværet vert redusert og tilsette blir verande i barnehagane våre.

**Utfordringar 2022**

- Regjeringa har auka fokus på kompetanse i barnehagar, og arbeider for at minst 50% av dei tilsette som arbeider direkte med barn skal vera barnehagelærar. Det har vore utfordrande å få tak i nok pedagogar i 2022. Dette er ei utfordring ein ser i mange andre kommunar og. Sjølv med styrka grunnbemanning i barnehagane er det framleis krevjande å få til god bemanning i heile barnehagen si opningstid. Personale arbeider 7,5 time pr dag og barnehagen kan vera open inntil 10 timar. Det betyr i praksis at det kan vera 1 tilsett åleine med ei stor barnegruppe morgon og ettermiddag. Den auka grunnbemanninga hjelper på huset samla sett, eks når dei ikkje får tak i vikar kan det hjelpe på ei avdeling eller dei set inn den auka grunnbemanninga på ei avdeling som har ekstra utfordringar. Det har vore vanskeleg å rekruttera til ledige stillingar, slik at effekten av auka grunnbemanning ikkje har fått full effekt fordi stillingar står ledig.
- Rekruttering. Det har vore brukt mykje ressursar på bemanning og utlysing av stillingar i 2022. Ved barnehageopptaket 2022-2023 bemanna me barnehagane for at dei skulle vera klar til å ta imot barn i løpet av året. Me klarte ikkje å bemanna dei største barnehagane slik som planlagt grunna for få kvalifiserte søkjarar. Barnehagane bør vera fullbemanna ved barnehageoppstart i august, både med pedagogar og fagarbeidarar, slik at ein sikrar seg kvalifisert personale og unngår færrast mogleg dispensasjonar og tilsetjingar i løpet av året. Den auka grunnbemanninga barnehagane fekk i 2022 har i hovudsak gått inn i ordinær grunnbemanning pga. få søkjarar til ledige stillingar og få vikarar. Det har vore særleg utfordrande å få nok vikarar, i tillegg til at det er særleg vanskeleg å finna vikarar til ytre strok. Vikarane er mykje i bruk og vert på lik linje med resten av bemanninga sjuke innimellom i løpet av året.
- Løpande opptak. Alle barn med rett til barnehageplass får plass, og i hovudsak i den barnehagen dei ynskjer ved hovudopptaket. Etter innføring av løpande opptak ser me ei utfordring med å plassera barn midt i året. Mange søkjer barnehageplass i Norheimsund og Øystese områda, men det er ikkje nok plassar/areal i barnehagane med stort søkjartal. Føresette får tilbod om barnehageplass i ein annan barnehage enn dei søkte, og fleire takkar nei til slikt tilbod. Etter innføring av løpande opptak skal det ikkje vera ventelista i barnehagane. I 2022 har foreldre likevel opplevd å ikkje få tilbod om barnehageplass når dei har ynskt grunna utfordringar med å

få tak i bemanning. Målet har vore å gje foreldre tilbod om plass i ein barnehage som har ledig areal snarast mogleg, men nokre har måtte venta ei stund.

- Styrarane opplever eit stort og aukande arbeidspress. Dei har mange oppgåver både administrativt, pedagogisk og som personalleiar og opplever at arbeidstida ikkje strekk til. Dei siste åra har mykje av arbeidstida deira gått til omorganiseringa av bemanning og vikararbeid. Dette har medført at arbeid med innføring av f.eks nye system går seint. Styrarane må setje av meir tid til administrative arbeidsoppgåver. Vedtak om auke i administrasjonsressurs i budsjettvedtaket i 2022 vil avhjelpa styrarane med vikararbeid og andre administrative oppgåver og styrarane får såleis frigitt tid til system- og utviklingsarbeid.
- Dei siste åra har barnehagane hatt lite og dårleg digitalt utstyr, mangla kompetanse og lisensar som samsvarar med behovet og rammeplanen. Det har i 2022 ikkje vore prioritert tid til å laga plan for digitalisering i barnehage, og dette arbeidet må derfor løftast og prioriterast framover, det same på innkjøp av digitalt utstyr til personale og til bruk med barn.

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Førskole | 57 610 | 63 722 | 64 131 | 66 375 | 2 654 | 4,0 % |
| Styrket tilbud til førskolebarn | 7 872 | 7 707 | 8 275 | 9 619 | 1 912 | 19,9 % |
| Førskolelokaler og skyss | 10 318 | 12 218 | 10 633 | 12 300 | 81 | 0,7 % |
| **Sum** | **75 800** | **83 647** | **83 038** | **88 294** | **4 647** | **5,3 %** |

## Kommentar til status økonomi

Barnehagetenesta har i 2022 brukt 4,6 mnok mindre enn budsjett. 2,0 mnok av mindreforbruket er knytt til driftsprosjekt som ikkje er gjennomført ihht til budsjett.  Barnehage har hatt utfordringar med å fa tak i nok tilsette i 2022, noko som har ført til mindreforbruk på lønskostnader. Elektrisitetskostnadene har ikkje vorte så høge som forventa. På inntektssida er brukarbetalingane litt under budsjett, mens lærlingetilskotet og tilskot frå staten er høgare enn budsjett.

# KOSTRA Nøkkeltal
## Kostra-analyse

| | Kvam 2021 | Kvam 2022 | Landet uten Oslo | Kostragruppe 05 |
|---|---|---|---|---|
| **Dekningsgrad** | | | | |
| Andel barn 1-5 år med barnehageplass (B) | 94,0 % | 97,6 % | 93,6 % | 92,4 % |

## Status investeringar

*Beløp i 1000*

| Investering | Totalbudsjett Vedteke totalt | Påløpt totalt | Vedteke ferdigår | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Driftskonsekvens |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Deling av Øystese barnehage, del 1, innveding oppgradering | 3 125 | 2 832 | 2023 | 300 | 100 | 200 | Nei |
| Deling av Øystese barnehage, del 2, tilbygg | 11 000 | 6 538 | 2023 | 9 547 | 5 087 | 4 460 | Nei |
| Deling av Øystese barnehage, del 3, vegomlegging | 3 875 | 3 779 | 2022 | 3 875 | 3 779 | 96 | Nei |
| Deling av Øystese barnehage, del 4 | 1 875 | 3 191 | 2023 | 1 875 | 3 191 | -1 316 | Nei |
| Nye PCar Barnehage | 188 | 217 | 2022 | 188 | 217 | -30 | Nei |
| **Sum** | **20 063** | **16 557** | | **15 785** | **12 374** | **3 411** | |

## Status politiske vedtak

### Budsjettvedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| Budsjettvedtak 2022-3: "Auke i grunnbemanninga oppvekst/barnehage. 2.0 mill kr. Heradsstyret forventar ei innsparing på kring ein 1 mill kr i redusert sjukefråvær og vikarbruk som fylgje av dette vedtaket. " | | Ferdig | Middels risiko | Midlane er fordelt ut frå størrelsen på barnehagane med 0,15 årsverk på den minste (Tørvikbygd barnehage) til 1 årsverk på den største (Norheimsund barnehage)<br><br>Heradsstyret forventar ei innsparing på kring ein 1 mill kr i redusert sjukefråvær og vikarbruk som fylgje av dette vedtaket.<br><br>Heile budsjettet til kortidsfråvær på kr. 500.000 og budsjettet til velferdspermisjonar på kr 156.000 er fjerna. Samt at budsjettet til vikar ved kurs og møter vart redusert med kr. 130.000. I 2021 var overforbruket på desse postane på om lag kr. 600.000 og i 2020 var overforbruket på om lag kr. 400.000. Dette viser at budsjettet tidlegare år i utgangspunktet har vore for lågt i forhold til behovet for vikar.<br><br>Dei største barnehagane har 6 avdelingar og det er ofte meir enn ein tilsett som er sjuk på ein dag. Styrka grunnbemanning med 1 årsverk dekkar ikkje opp for dette fråværet. Korttidsfråvær er ofte knytt til influensa, omgangssjuke ol.<br><br>Barnehagane er flinke til å omdisponere personell mellom avdelingane, dersom det og er barn som er fråverande frå barnehagen. Barnehagane  dekker slik inn ein del av korttidsfråværet. I andre tertial er |

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | det likevel eit meirforbruk til vikar på 230 000  knytta til korttidsfråvær. |
| Budsjettvedtak 2022-6: "Helse og oppvekst.vert styrka med 200.000 kr ekstra til innkjøp av utomhusklær. (100.000 kr øyremerkt ekstra på kvar sine budsjett)" | | Ferdig | | Det er kjøpt inn kjeledressar til tilsette i barnehage og skule/SFO |

# Grunnskuleopplæring

## Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: Grunnskuleopplæring

## Utvikling og utfordringer

**Utvikling og utfordringar**

Utstyr:

- Det er kjøpt inn digitale ressursar i kombinasjon med bøker. Læreverka er felles på tvers av skulane. Det vert jobba med implementering av LK 20. Gjennomføring av udir sine komptansepakkar gjennom heile 2022, men alle skulane har ikkje fullført alle modulane.
- Det er kjøpt inn utstyr til programmering til alle skulane for variasjon i undervisninga og som støtte for å nå kompetansemål i faga. Fleire tilsette har teke vidareutdanning i programmering. Programmering har også vore tema på del av planleggingsdag.
- Dekningsgrad av maskiner/nettbrett til frå 5-10 trinn er 1-1. PC-tettleiken på 4. trinn har auka i 2022.

Digitalisering/GDPR

- Deltaking i «Veiledertenesten» i DigiVestland for å få støtte til personvernarbeid (GDPR) i skulen.
- Det er ikkje laga digitaliseringsplan som syner kompetanse og progresjon. Arbeidet vert teke opp i samarbeid med regionen når ny nasjonal digitaliseringsstrategi kjem på plass mot sommaren 2023.

Bemanning

- Bemanning i skulane. Det har vore ein aukande belastning på tilsette i skulane gjennom året. Sjukefråværet er ikkje nødvendigvis arbeidsrelatert, men det aukar likevel presset på dei som er att. Kombinert med at det fleire stader er vanskeleg å få nok kvalifiserte vikarar, fører dette til lågare kontinuitet for både tilsette og elevar. Dei miste skulane er mest sårbare her då det er lite handlingsrom ved fråvær.
- Det har vore manglande kontinuitet i skuleeleiarstillingar og ikkje nok kapasitet til å fylgja opp frå skuleeigarnivå

Systemarbeid og tverrfagleg samarbeid

- Skulane har utarbeida planar for arbeid med det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring. I tillegg jobbar skulehelsetenesta og skulane med å vidaretutvikla eit systematisk samarbeid for å gje elevane eit samanhengane og heilskapleg tilbod.
- Det er utarbeida ny plan for særskild språkopplæring og skulane har fått auka rammer for å imøtekoma lovkrava på dette området.
- Implementering av BTI er i full gang i alle skulane.
- Arbeid med felles planar og rutinar for å sikra eit likt og godt tilbod til alle elevane i Kvam.
- Trygt og godt skulemiljø. Oppfølging av § 9A i opplæringslova både på individ -og systemnivå. På individnivå har det vore komplekse saker som krev tett oppfølging både frå skuleleiar og

skuleeigar. Det har vore fokus på å vidareutvikla system for førebyggjande arbeid, mellom anna bruk av kartleggingsverktøy. Auka tal miljørettleiarar i skulane vil ha ei sentral rolle i dette arbeidet. Heradet har fått råd og rettleiing frå Mobbeombodet i Vestlandet og kompetansesenter.

- Målet i 2022 har vore å auka kompetansen på utfordringar som skal løysast i ordinær undervisning og ha eit sterkt fokus på inkluderande læringsmiljø for alle.
- Fokus på Støttesystemet og ordinær undervisning. Gjennom å styrka den ordinære undervisninga, skal ein redusera behovet for spesialundervisning. Det er framleis stort trykk på tilvisingar til PPT. Det å stola på at tiltaka som vert sett inn tidleg i ordinær undervisning med støttesystem kan ofte vera dei som er mest verksame for elevane, er ei utvikling som tek tid.
- Deltaking i oppfølgingsordninga (forfase) der det har vore jobba med å identifisera kva faktorar som opprettheld utfordringane skuleleiarar og skuleeigar møter.
- Det er utarbeida lokal plan for SFO og nye vedtekter som vert gjeldande frå 01.08.23

Kompetanseheving:

- Tilbod om kompetanseheving for lærarar slik at dei har verktøy til å møta t.d. elevar med dysleksi, språkvanskar, ADHD og matematikkvanskar i ordinær opplæring, samt gjennomført foreldre- og elevopplæring i kompenserande lese- og skrivestøtte. Alt dette i tett samarbeid med PPT.
- Tilbod om vidareutdanning for lærarar.
- Det vart ved årsskiftet tilsett fleire miljørettleiarar i skule.

Flyktningsituasjonen:

- Elevtalsutviklinga kombinert med mottak av flyktningar har auka presset på dei største skulane. Bustad til flyktningane har ikkje samsvara med kvar det har vore kapasitet i skule.
- Vaksenopplæringa har hatt aukande elevtal og har tilpassa seg flyktningsituasjonen. Dei har gitt tilbod til alle elevar som her rett til opplæring.

Vaksenopplæringa

- VO har vore gjennom prosess med byte av lokale og er flytt frå gamle ungdomsskulen i Norheimsund til lokale på gateplan i Norheimsund sentrum(rett ovanfor biblioteket)

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Grunnskole | 111 946 | 116 686 | 117 836 | 120 436 | 3 751 | 3,1 % |
| Voksenopplæring | 5 530 | 5 866 | 6 046 | 5 835 | -31 | -0,5 % |
| Skolefritidstilbud | 2 581 | 3 667 | 2 494 | 3 139 | -528 | -16,8 % |
| Skolelokaler | 22 931 | 25 044 | 20 933 | 26 503 | 1 459 | 5,5 % |
| Skoleskyss | 3 707 | 3 399 | 4 120 | 4 120 | 721 | 17,5 % |
| **Sum** | **146 695** | **154 662** | **151 428** | **160 033** | **5 372** | **3,4 %** |

## Kommentar til status økonomi

Grunnskule har eit mindreforbruk på ca 3,7 mnok.

2,7 mnok gjeld innsparing lønn og sjukelønnsrefusjon , skulen har hatt utfordringar med sjukdom og å skaffa nok og utdanna ressursar til skulane. Refusjonar frå andre er på ca 0,5 mnok over budsjett. Fondsdisponering ca 0,9 mnok i differanse mellom avsetning og bruk av fond. Lønnspott ca 1,1 mnok og sjukeløn refusjon på PPT 0,3 mnok.

Vaksenopplæringa har hatt innsparing på spesial pedagogikk og lønn PPT. Vaksenopplæring for framandspråklege og drift av lokaler har hatt eit meirforbruk.

Skule fritidsordninga (SFO) har ein meirkostnad med vikarar i 2022, driftskostnader som til dømes husleige og lågare inntekt på brukarbetalingar, ca 0,5 mnok.

Skulelokaler har eit mindreforbruk på ca 1,5 mnok. Tenesta har eit meirforbruk på lønn, men sparar inn på driftskostnader som i hovudsak gjeld elektrisitet.

Kostnad med skuleskyss varierer frå år til år, og i 2022 vart det spart inn ca 0,7 mnok på skyss til og frå skulen.

## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostra-analyse

| | Kvam 2021 | Kvam 2022 | Landet uten Oslo | Kostragruppe 05 |
|---|---|---|---|---|
| **Produktivitet** | | | | |
| Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall) | 30,2 | 52,4 | 36,4 | 48,6 |
| **Dekningsgrad** | | | | |
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning | 10,4 % | 10,5 % | 7,9 % | 9,5 % |
| Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent) | 72,6 % | 76,5 % | 73,3 % | 69,4 % |
| Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent) | 72,0 % | 76,3 % | 70,5 % | 67,9 % |
| **Kvalitet** | | | | |
| Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall) | 43,0 | 41,8 | 43,1 | 43,0 |

## Status investeringar

*Beløp i 1000*

| Investering | Totalbudsjett Vedteke totalt | Påløpt totalt | Vedteke ferdigår | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Driftskonsekvens |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0*Mellombels lokaler Vaksenopplæringa | 875 | 33 | 2026 | 100 | 33 | 67 | Nei |
| ENØK tiltak kommunale bygg | 500 | 0 | 2025 | 500 | 0 | 500 | Nei |
| Heissjakt Øystese barneskule | 1 250 | 14 | 2025 | 150 | 14 | 136 | Nei |
| IKT prosjekt i skule og barnehage - årleg | - | - | LØPANDE | 1 538 | 1 656 | -119 | Nei |
| Kommunale funksjonar i Kvam VGS | 46 143 | 724 | 2024 | 14 049 | 187 | 13 863 | Nei |
| Norheimsund skule - uteområde | 500 | 42 | 2023 | 482 | 24 | 458 | Nei |
| Ombygging Øystese barneskule | 949 | 918 | 2023 | 687 | 656 | 31 | Nei |
| Oppgradering vamepumpe ved kvam ungdomsskule | 0 | 878 | 2022 | 0 | 878 | -878 | Nei |
| Skulekjøken Øystese skule | 3 050 | 3 737 | 2022 | 0 | 617 | -617 | Nei |
| Tak på idrettsbygget Ålvik skule | 1 500 | 1 354 | 2022 | 1 500 | 1 354 | 146 | Nei |
| Varmepumpe Kvam Ungdomsskule | 2 625 | 251 | 2022 | 2 625 | 251 | 2 374 | Nei |
| Ventilasjonsanlegg Ålvik Skule | 1 875 | 0 | 2022 | 1 875 | 0 | 1 875 | Nei |
| **Sum** | **59 267** | **7 951** | | **23 506** | **5 669** | **17 837** | |

## Status politiske vedtak

### Budsjettvedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| Budsjettvedtak 2022-7: "Heradsstyret bed rådmannen om å reversera 1 mill kr kutt i spesialundervisning/støtteteam i skulen." | | Ferdig | | |

### HST- og FSK-vedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| HST 042/22 Tertialrapport 2022, 1. tertial - HST tillegg i) Kjøp og gjennomføring av eit førebyggjande haldningsprogram skule med inntil kr 500.000. | **HST 042/22 Tertialrapport 2022, 1. tertial - HST tillegg i) Førebyggjande haldningsprogram skule.** Rådmannen får fullmakt til å bruke inntil kr 500.000 til kjøp og gjennomføring av eit førebyggande haldningsprogram, t.d. MOT eller Mitt Val, med tema mobbing, rus, psykisk helse, livsmeistring, negativ åtferd/haldningar o.l. Haldningsprogrammet skal nyttast i Kvammaskulen. Finansiering: Disposisjonsfond | Iht. plan | | Det er gjennomført 3 drøftings/arbeidsmøter med Mobbeombodet i Vestland og representant frå UH-sektoren for å innhenta råd og rettleiing i arbeidet med å styrka arbeidet med trygt og godt skulemiljø. Rådmannen viser ellers til orientering frå Mobbeombodet i Vestland i heradstyret 27.09.22 og til orientering frå administrasjonen om status på arbeidet og plan for hausten.<br><br>Midlane som ikkje vart brukt opp hausten 2022, vert overført til 2023 og arbeidet held fram. Viser til tiltaksliste i budsjettprosessen der det er signalisert behov for å gje meir kompetanseheving til tilsette knytt til trygt og godt skulemiljø. Planlegg kompetansehevingstiltak |

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | våren 2023 |
| Rehabilitering og påbygg av Øystese skule - prosjektplan | | Iht. plan | Middels risiko | Arbeid med skulekjøkken er ferdig og teke i bruk. Heis er ikkje montert i heissjakt. Montering vert utsett til etter avklaring av vidare prosjekt med Øystese barneskule. Ideskisse for barneskulen er ferdig, men må justerast noko etter innspel frå skuleleiinga. Politisk sak knytt til skulen er venta våren/sommaren 2023. |

# Kommunehelse

## Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: Kommunehelse

### Utvikling og utfordringer

#### Pandemien i 2022

Fyrste del av 2022 har som 2020 og 2021, vore prega av coronapandemien. Kommuneoverlegen er kommunen sin smittevernlege og han har vore svært sentral i arbeidet knytt til pandemien. Det vart tidleg i pandemien oppretta eigen teststasjon og smittesporingsgruppe. Desse teneste er no avvikla. Vaksinasjonsprogram for covid-19 vart vidareført til 2022. Vaksinekoordinator har vore sentrale i planlegginga og gjennomføringa av vaksineringa som i samarbeid med kommuneoverlegen, fastlegane, helsesjukepleiarane og pleie- og omsorgstenesta. I siste del av 2022 er stilling til vaksinekoordinator redusert og vert lagt ned fra 01.01.23. Leiar ved helsestasjon tok etter kvart over nokre av vaksinekoordinator sine oppgåver. Vaksinering mot covid-19 skjer no ved fastlegekontora og i pleie- og omsorgstenesta. Kommunen har informasjon om råd for vaksinering mot covid-19 på heimesida for kvam herad.

#### Legetenesta

Siste åra har det både i fagmiljøa og i nasjonale media vore peika på at fastlegeordninga er i krise. Rekrutteringsvanskar og flukt frå fastlegestillingar skjer ikkje berre i småkommunar, men også i dei store byane. I Kvam har me i mange år hatt eit stabilt fastlegekorps, men me er no i eit begynnande generasjonsskifte og opplever at det er problem med å rekruttera nye fastlegar i ledige heimlar. Kommunen greidde ikkje å rekruttera ny lege til ledig heimel ved Helsebanken legekontor på nyåret i 2022. Det har vorte brukt mykje ressursar på å få lagt vikarkabalar for denne heimelen og fleire foreldrepermisjonar på legekontor og sjukeheim, på best mogleg måte. I perioden august-desember 2022 måtte me likevel halda  Ålvik legekontor stengt, og oppgåvene flyttast til Helsebanken legekontor.

Med bakgrunn i den krevjande rekrutteringssituasjonen som kommunen er i, oppretta rådmannen eit rekrutterings- og stabiliseringsutval med representantar frå fastlegane og administrasjonen i 2021. I 2022 har kommunen hatt fleire møter med forhandlingsutvalget for fastlegane i Kvam for å  drøfta mogleg kommunal overtaking av legekontora. Forhandlingane held fram i 2023.

#### Miljøretta helsevern

Det har vore arbeidd lite med miljøretta helsevern i 2022. Det er løyst nokre saker som er meldt inn. Det er ikkje utført planlagt tilsyn med miljøretta helsevern. Det er eit ynskje og behov å få på plass ein samarbeidsavtale om kompetansemiljø innan miljøretta helsevern med nabokommunar. Dette har det ikkje vore konkret framdrift med i 2022.

#### Ergo- og fysioterapitenesta

Pandemien påverka tenestetilbodet heilt i starten av 2022, men resten av året har det vore normal drift. Det er noko etterslep i utviklingsarbeid som vart satt på vent under pandemien som kravde fysisk tverrfagleg involvering,  t.d. utvikling av kvardagsrehabilitering. Ergo- og fysioterapitenesta arbeidar tverrfagleg både på system og individnivå for å møte dei overordna målsettingane med at flest mogleg skal bu i eigen heim (helse- og omsorgsplanen), vera ein del av trygge vaksne for barn og unge (oppvekstplanen)og helse i alt me gjer (helse- og omsorgsplanen). Ergo- og fysioterapitenesta har mykje kompetanse innan forebyggande arbeid, tidleg innsats, tilrettelegging for eit sjølstendig liv, kurative tiltak, habilitering og rehabilitering. Ergo- og fysioterapitenesta jobbar aktivt ut i frå: «Kva er viktig for deg?»

Det vart jobba mykje med rullering av ergo- og fysioterapiplanen i 2022. Det var fyrste temaplanen som skulle nytte Framsikt, og dette vart eit krevjande nybrottsarbeid. Meir analysearbeid må utførast før planarbeidet held fram, med mål, prioriteringar og tiltak.

Tenesta nyttar *prioriteringsnøkkelen* som ledd i å sikra lik og rett prioritering av oppdrag/tiltak.

Tenesta har i 2022 gjeve tilbod til 1842 (2021:1752 brukarar, før pandemien 2019: 1851 brukarar). Dette syner at me nå er tilbake i full drift etter pandemien. Pasientar på KRB er ikkje med.

På institutta er det jobba tilsvarande 2,3 driftstilskot utover dei 6,35 driftstilskotet for å gje dette tilbodet. Det er i tillegg avvik frå prioriteringsnøkkelen. Dette gjeld pasientar som har lågast prioritet. Fysioterapeutane strekk seg langt for å gje pasientane med 1. prioritet behandlingstilbod. Det er synt at trening kan utsette mange operasjonar. Dette gjev auka behov for tenesta då det er mange som treng opptrening etter operasjon og. Det satsast og mykje på tiltak og informasjon som gjer at pasientane har moglegheit for å ta vare på eiga helse. For pasientar med lågast prioritet har det vore ventetid på 6 måneder. For psykomotorisk fysioterapi har ventetida vore opp i 12 måneder. Desse pasientane har behov for lang oppfølging og er ekstra sårbare. Det er difor ei belastning med lang ventetid. Både ungdom og nybakte mødre med depresjon er ei prioritert gruppe.

Ergoterapi Av 1842 brukarar har 137 fått ergoterapeut (2021: 86 brukarar, og før pandemien 2019: 96). Dette er ein auke i brukarar. Dette er i tråd med satsing på at fleire skal bu lengst mogleg heime og kunne leve eit mest mogleg sjølvstendig liv. Det har vore 8 avvik frå prioriteringsnøkkelen. Det er eit lite fagmiljø med 100% kommuneergoterapeut og 20% stilling på KRB (denne stillinga er lagt under rehabiliteringsavdelinga), og dette gjer satsinga sårbar. Kommune-ergoterapeuten er ein del av demensteamet og dei har begynt å jobbe meir med oppfølging. I framtida er det forventa ei auke i demente og vil krevje meir oppfølging av ergoterapeut på system- og individnivå.

Gruppetilbod: Som eit ledd i arbeidet med ventelister har det vore satse på fleire grupper. Det har i 2022 vore 32 grupper fordelt på 3 institutt. Pga stor arbeidsbelastning måtte bassenggruppene leggjast ned. I Strandebarm og Ålvik er det lågterskelgrupper og talet deltakarar kjem i tillegg til dei 1842 pasientane. Fastlønte fysioterapeutar har framleis med styrke og balansegruppa, og det har vore auke i talet deltakarar då etterspurnaden har vore stor. I samarbeid med Grannehjelpa har det vore etablert eit lågterskeltilbod, trakkatrimmen, for å gje eit tilbod til dei som har noko betre funksjon og avhjelpe venteliste.

Eldre/vaksne/rehabilitering: Ergo- og fysioterapitenesta har vore med å gje tenester for at flest mogleg bur lengst mogleg heime (44% av brukerne er over 85 år). Dette syner m.a. variasjonen i type hjelpemidlar som er søkt på, tid til bustadtilrettelegging og auka tal heimebehandlingar. I tillegg er det godt samarbeid med institutta for å gje gode tenestar. Det er mange av dei eldre som får tilbod på instititutta. I Strandebarm og Ålvik er 46% av pasientane over 67 år. Rehabiliteringsavdelinga er mykje nytta og vert høgt prioritet i tenesta. Det gjeld og rehabiliteringspasientar som kjem rett heim

Barnefysioterapi: Det er 1,2 stilling kombinert med leiar og barnefysioterapi. I tillegg har det vore nytta kommunale timar for å teste ut barselgruppe for å sikre god relasjonsbygging mellom barn og vaksne, og trygga foreldre i ei sårbar tid. Det har vore 15 4-mndr.grupper på helsestasjonen. For å hindre avvik i frå prioriteringsnøkkelen har det fått konsekvensar for oppfølging og leiaroppgåvene. Det er lite ressursar til det førebyggande arbeidet, tilsvarande ca. 100% stilling etter rettleiande norm.

Prosjekt: Ein fysioterapeut har vore prosjektleiar for aktivitetsprosjekt ved Strandebarmheimen og omsorgsbustadane. Det har gjeve auke i aktivitetstilbodet. Prosjektet var finansiert med eksterne midlar

og går nå over i ein driftsfase. Det har vore deltaking i prosjektet BTI og oppvekstplanen. Ergoterapeuten sit i prosjektgruppa i velferdsteknologi.

Nettverk: Ein fysioterapeut deltek i ressursnettverk i kreftomsorg og palliasjon. Ein fysioterapeut deltek i tverrfagleg nettverk i «Gode pasientforløp».

Kompetanse: Ein av dei fastlønte tek master i folkehelse og samhandling. Institutta står føre eit generasjonsskifte. 5 av 7 vil nå pensjonsalder innan dei neste 3 åra. Det er viktig å planleggja godt for å erstatta kompetanse når fleire sluttar ved oppnådd aldersgrensa. Nokre av fysioterapeutane har små driftsheimlar, dette gjev utfordringar i samband med både rekruttering, kompetanseheving og vidareutdanning. Det er ei aukande uro i ergo- og fysioterapitenesta over manglande satsing på auking av driftsheimlar som gjer det økonomisk mogleg å ta vidareutdanning. Me treng å kunne halde fram med høg kompetanse innan både psykomotorisk fysioterapi, generell fysioterapi og manuell terapi. Me har allereie mista tilbodet om lymfødembehandling.

Heiltidskultur: Det er ingen av dei faste fysioterapeutane som har 100% stillingar. Det er 4 av 7 driftsheimlar som er deltidsheimlar. Det er trong for meir satsing på heiltidskultur.

## Rus og psykisk helse (ROP)

- I løpet av 2022 hadde tenesta 110 tilvisningar. I 2021 var det 104. Tenesta ser ein auke i tilvisningar av ukrainske flyktninger.
- I tillegg til å tilby individuelle samtaler, har ROP bidratt med rettleiing i institusjonar, samt bidratt med kompetanse inn i foreldremøter på ungdomsskule og vidaregåande som eit ledd i det førebyggjande rusarbeidet i kommunen.
- Ellers går dagtilbodet Holmsund som normalt, ca 12 brukarar på den eldste gruppa og 5-6 brukarar i den unge gruppa. Opningstidene er tirsdag-torsdag og fredag. Det er to tilsette i 50% stilling.
- Rop driv Kafepåfyll, som er ein lågterskel kafè med høve for litt mat og en god prat. Den vert drifta av ein tilsett frå ROP og ein frivillig.
- Nytt i 2022 er Kanskje-kafe. Eit lågterskel tilbod for og med brukarar. Den vart opna fyrste gong 01.juni 2022 og har vore ein suksess så langt. Mange besøkande og fleire brukarar som engasjerer seg kvar veke i ulike prosjekt. Ope onsdag-fredag frå 11.00-15.00. Avdelinga har hatt prosjektmidlar til ein 60% stilling i 2022.
- Avdelinga jobbar med å få implementert ei nytt digitalt verktøy i avdelinga. Dette er et sjølvhjelpsprogram kor pasienten kan jobbe sjølvstendig heime, parallelt med at pasienten får oppfølging frå behandlar i ROP. Dette har avdelinga stor tru på kan hjelpa på arbeidspresset i avdelinga, og gje pasienten eit betre tilbod.

## Helsestasjon- og skulehelsetenesta

**Utvikling**

- Digitale verktøy. I 2022 har tenesta oppgradert fagprogrammet Visma Hs Pro, og teke i bruk nye verktøy i digi-helsestasjon. Dette fører til meir effektivitet, mindre kostnader med innkallingar til konsultasjonar, betre innbyggjardialog, og auka sikkerheit og kvalitet.
- Samarbeid med eksterne. Gjeve tilbod om vaksine mot hjernehinnebetennelse til elevar ved dei vidaregåande skulane i kommunen. Elevane har fått vaksinen gratis, og det var stor oppslutning om vaksineringa. Statsforvaltaren i Vestland og kommunen deler på kostnaden. Tenesta har også starta barselgrupper i lag med psykomotorisk fysioterapeut. Gode tilbakemeldingar på tilbodet.

- Rekruttering. Tenesta klarte å rekruttera helsesjukepleier til ledig fast stilling hausten 2022. Me jobbar kontinuerleg med rekrutteringsarbeid, for å få sjukepleiarar som bur i kommunen vår til å ta vidareutdanning.
- Samordning og samarbeid. Faste samarbeidsmøter med leiar for skule. Retningslinjene for skulehelsetenesta fokuserer særleg på korleis skulen og skulehelsetenesta skal samhandla. Skulehelsetensta har vore forplikta til samarbeid gjennom lov, men dette har ikkje vore gjensidig for skulane. No er dette endra m.a gjennom Meld.St. 21 ( 2016-2017) og lovendring i 2022 i 14 velferdstenestelover (m.a opplæringslova og helse- og omsorgstjenestelova) der alle har plikt til samarbeid og samordning mellom tenestene på individ og systemnivå
- Delteke i tverrfagleg samarbeid m.a arbeidet oppvekstplan, plan for foreldrestøtteprogram, BTI og konsultasjonsteam for vald og overgrep
- Kompetanseheving – kurs om tankevirus til bruk i undervisning med ungdom og oppdatert felles undervisningsopplegg i skulane. Deltek i ulike nettverk; helsestasjon for ungdom, jordmødre i kommunane og leiarar for helsestasjon-og skulehelsetenesta.

**Utfordringar**

- Det er eit stort press på tenesta og det kjem stadig fleire oppgåver som skal løysast. Tenesta ser ein vekst i samansette hjelpebehov, og fleire unge som opplever dårleg psykisk helse og utanforskap som påverkar folkehelse og livskvalitet.

Det er behov for at helsesjukepleiarane er nok tilstades for elevane både på individ- og systemnivå. Tenesta er ein viktig partnar i arbeidet med å skape ein helsefremmande skule, blant anna gjennom å samarbeide med dei tilsette i skulen om tiltak som fremmer eit godt psykososialt og fysisk lærings- og arbeidsmiljø for elevane. Bemanningsnorma er ikkje bindande, men ligg under når det gjeld skulehelsetenesta. Dei siste åra er det gitt auke i tilskudd både i dei statlege overføringane til kommunane, og i ein eigen tilskuddsordning for helsestasjon-og skulehelsetenesta for å bøta på underbemanninga.

- Mottak av flyktningar. Tenesta har brukt 20% ekstra stillingsressurs til helsestasjon for flyktningar i samband med mottak av fleire flyktningar i 2022. Dette har ført til redusert skulehelsetenestetilbod til elevane.
- Framleis koronaarbeid i 2022- Tenesta har hatt stor arbeidsbelastning over fleire år, og løysingsorienterte, fleksible og lagorienterte tilsette har løyst oppgåvene på best mogleg sjølv med høgt arbeidspress i tenesta. Leiar har og dette året hatt ekstraarbeid med oppfølging av vaksinekoordinator og organisering av koronavaksinering. Tenesta har prioritert dei viktigaste oppgåvene i nokre periodar, og flytta nokre av oppgåvene framover i tid. Dette har blant anna medført at noko gruppetilbod(COS) til foreldre har vorte utsett. Tenesta har prioritert individuell cos-veiledning til nokre flyktningefamiliar. Avvik er registrert knytt til tenestekvalitet.
- Rekruttering - Sjølv med fleire utlysingsrundar har ein ikkje klart å rekruttera helsesjukepleiar til vikariat i 80% eller til prosjektstilling som er finansiert med øyremerka midlar frå helsedirektoratet til skulehelsetenesta. Desse midlane er overført til 2023/24. Rekrutteringsutfordring er ein felles problematikk i distrikt-Norge, og mange kommunar slit med å rekruttere kvalifiserte helsesjukepleiarar. Rekrutteringsarbeidet må prioriterast videre i åra som kjem.
- Bruka meir tid på implementering. Tenesta skal vera utviklingsorientert og nytta forskingsbasert kunnskap og metodar. Det vert derfor viktig å ikkje "gapa" over for mykje og setje i gang for mange nye prosjekt på ein gong men bruka meir tid på implementering.

## Familiesenter - Psykolog for barn og unge - kommunepsykolog - Utekontakt

**Utvikling:**

- Rekruttering: Lukkast med å rekruttera/behalda psykologar i alle stillingane i 2022 (3 stillingar), og rekruttera familieterapeut til ledig stilling i familiesenteret. Viktig at kommunen framover er konkurransedyktig når det gjeld lønn, tilbod om vidareutdanning og deltaking i nettverk. Ved årsslutt er personalsituasjonen i Familiesenteret god, ingen vakante stillingar.
- Samarbeidet med BUP Voss – psykisk helsevern for barn og unge – er meir etablert med faste møtepunkt, deltaking i underutval og bruk av nettressursen Barn og unges Helseteneste. BUP Voss har no fleire tilbod til barn og foreldre i Kvam, men framleis ikkje etablert fast utekontor.
- Foreldrestøtteprosjektet er avslutta, der m.a. målet var å etablera faste foreldrekurs, som no er i gang.
- Aktiv pådrivar i utvikling av ein heilskapleg og tverrfagleg strategi for foreldrestøtte, som i første omgang inkluderer kompetanseheving til barnehagetilsette.
- Delteke i interkommunalt fosterheimsprosjekt i regi av Statsforvaltaren.
- Deltaking i tverrfagleg systemarbeid, ma implementering av BTI, utarbeiding av Oppvekstplan og medlem i konsultasjonsteamet.
- Tildelte forprosjektmidlar til FACT-ung er ikkje nytta i 2022 pga prioritering av drift.
- Fritid: Besøkstalet på Ungdomsbasen har stabilisert seg etter pandemien.  Stor pågang til Ung Fritid sitt ferietilbod, særleg familieaktivitetar og actionprega aktivitetar til ungdom.
- Utekontakten er stadig etterspurd og deltek i det førebyggjande arbeidet for å motverka utanforskap. Det gjeld fritids- og ferieaktivitetar som Ung Fritid, utvikling av Ungdomsbasen, ungdomsmedverknad, oppsøkjande arbeid på skulane, rusførebyggjande arbeid, deltaking i plan – og prosjektarbeid.

**Utfordringar**:

- Psykologtenesta er del av tilbodet i Familiesenteret. Det er lovpålagt at kommunane skal ha tilgang på psykologkompetanse. Det er få nasjonale retningslinjer om organisering eller prioritering av oppgåver, men ei forventning om allmennpsykologisk hjelp og bidrag til kommunen sitt plan- og utviklingsarbeid. Psykiske helseplager blant ungdom ser ut til å auka, det same gjeld forventningar om lett tilgjengleg hjelp. Begge delar stiller store krav til prioritering av oppgåver opp mot deltaking i systemarbeid og leiing. Press på tilbodet om individuell hjelp er framleis høgt. Ressursen er knapp og skal balanserast mot leiarfunksjon og systemarbeid.
- Familiesenteret som eiga avdeling er ikkje lovpålagt. Avdelinga skal prioritera hjelp og støtte til familiar som har vedtak om hjelpetiltak etter barnevernlova, utvikla kurs- og gruppetilbod for særskilde utfordringar og ha høg kompetanse. Familiesenteret si rolle har også fylt nokre av «mellomromma» mellom ulike tenester, frå lett tilgjengeleg psykisk helsehjelp for barn og unge, tilby støtte og hjelp til foreldre som ber om det og tilby foreldrekurs. Det er stabil pågang av familiar som søkjer råd og rettleiing på eiga hand.  Det same gjeld kursdeltaking. Dette er ei ønskt utvikling, i tråd med nasjonale strategiar om tidleg innsats og førebygging. Men utviklinga har samstundes utfordra ressursbruken med tanke på familiar med komplekse utfordringar som har vedtak etter barnevernslova. Ressursane strekk ikkje til i tilstrekkeleg grad til dei familiane som har komplekse utfordringar. Barnevernet etterlyser tettare samarbeid rundt familiane, og felles tiltaksutvikling kring komplekse utfordringar. Både tidleg innsats, og verksame tiltak for å møta samansette utfordingar er nødvendig for å oppfylla krava i ny barnevernslov/Oppvekstreforma. Jmf utfordring omtalt under barnevern.

- Barn, unge og familiar ber ofte om hjelp i Familiesenteret pga lang reiseveg til Familievernkontor (Odda, Bergen) og BUP Voss. Foreldre ber om hjelp til å samarbeid ifm samlivsbrot og ved konfliktar. Ungdom i vidaregåande skule ønskjer ofte hjelp lokalt for å unngå skulefråvær, jmf fråværsgrense. Behovet for utekontor frå desse tilboda i Kvam er tematisert fleire gonger med, men tydeleg signal frå Kvam herad har til no ikkje medført at det er oppretta utekontor.
- Familiesenteret fyller nokre behov i «mellomrommet» mellom tenestene, enten innad i kommunen eller mellom sektorar. Eit behov er foreldrestøtte til dei som har barn med særskilde utfordringar, og som har kontakt med mange tenester. Avdelinga har bygd opp kompetanse som kan bidra med hjelp og støtte til denne målgruppa, men her strekk ikkje ressursane til.

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste | 9 774 | 9 223 | 9 635 | 9 574 | 351 | 3,7 % |
| Annet forebyggende helsearbeid | 3 772 | 5 825 | 2 137 | 3 134 | -2 691 | -85,9 % |
| Diagnose, behandling, re-/habilitering | 25 323 | 27 150 | 22 102 | 24 149 | -3 001 | -12,4 % |
| **Sum** | **38 868** | **42 198** | **33 880** | **36 856** | **-5 341** | **-14,5 %** |

## Kommentar til status økonomi

Kommunehelse har eit samla overforbruk på 5,3 mnok. Avviket på Helsestasjon skuldast mindreforbruk på lønn.
Meirforbruket 2,6 mnok på anna førebyggjande helsearbeid skuldast at budsjettet for utbetalingar av ENØK-tiltak i private heimar er lagt til denne tenesta i 2023. Det er altså ikkje eit reelt meirforbruk på kommunehelse.

Meirforbruket på Diagnose, behandling, re/habilitering fordelar seg mellom meirforbruk på vikarar i fastlegetenesta og meirutgifter til kjøp av tenester. Det er brukt 0,7 mnok på korona-relaterte kostnader. Kommunen har motteke ekstra rammetilskot for å kompensere dette, men tilskotet er ikkje fordelt ut på tenestene.

## KOSTRA Nøkkeltal
## Kostra-analyse

| | Kvam 2021 | Kvam 2022 | Landet uten Oslo | Kostragruppe 05 |
|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | |
| Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B) *) **) | 5 208 | 4 699 | 3 658 | 3 639 |
| **Produktivitet** | | | | |
| Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (khelse+plo) | 4,8 | 2,9 | 4,7 | 6,8 |
| **Dekningsgrad** | | | | |
| Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 4 års alder (B) | 97,8 % | 102,1 % | 98,0 % | 93,6 % |
| Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B) | 8,9 | 9,4 | 10,0 | 12,1 |
| **Kvalitet** | | | | |
| Gjennomsnittlig listelengde | 890,0 | 811,0 | 994,0 | 721,0 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Reservekapasitet fastlege | 102,0 | 101,0 | 100,0 | 106,0 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

## Status investeringar

*Beløp i 1000*

| | Totalbudsjett | | | Budsjett for året | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Investering** | **Vedteke totalt** | **Påløpt totalt** | **Vedteke ferdigår** | **Rev. bud.** | **Rekneskap** | **Avvik i kr** | **Driftskonsekvens** |
| Oppgradering fagsystem Gerica | 150 | 0 | 2023 | 150 | 0 | 150 | Nei |
| **Sum** | **150** | **0** | | **150** | **0** | **150** | |

## Status politiske vedtak

### HST- og FSK-vedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| FSK 133/21 Utgreiing om oppretting av kommunalt fastlegekontor | "Heradsstyret bed rådmannen om å ferdigstilla forprosjekt ved Øystese Skule snarast og leggja fram konklusjonar og framdrift /finansiering av naudsynt investering ved skulen til heradsstyret sitt møte i mai 2022." | Forsinket | | Subsidiering av basistilskot per pasient for 2023 vart vedteke i HST-131/22 som eit stabiliseringstiltak for næringsdrivande fastlegar og rekruttering av eventuelle nye legar. Forhandlingane om eventuell overtaking av fastlegekontora held fram i 2023. |

# Pleie og omsorg

## Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: Pleie og omsorg

## Utvikling og utfordringer

Pleie- og omsorgstenestene er fordelt på tenester til heimebuande, heildøgns omsorg og til menneske med utviklingshemming. I tillegg har tenestene eit tenestekontor.

**Tenester til heimebuande**

I 2022 arbeidde tenestene vidare med dei same utviklingsarbeida som i 2021 .

Leiarar, representantar frå dei tilsette og brukarar har delteke i utviklingsarbeidet som held fram i 2022. Kommunen har også delteke i ulike nettverk og prosjekt knytt til *Leve hele livet* – reforma.

Ein har har deltatt i to læringsnettverk:

**Det gode pasientforløp, støtta av FHI og KS.**

Dette nettverket har som mål å jobba fram betre rutinar i overgangane mellom tenestene, og sikra brukarane sitt behov for heilskaplege , trygge og koordinerte tenester, med fokus på «kva er viktig for deg»-spørsmålet.

**Det gode demensforløp, i regi av USHT.**

Hensikta med nettverket er å betra kontinuitet, forutsigbarheit og tryggleik i tenestetilbodet til personar med ein demenssjukdom. Me har som mål og etablere gode rutinar og å ha fokus på å legga til rette for at ein lett kan finne informasjon om tenester og anna informasjon kring demenssjukdom på kommunen sine heimesider. Kommunen jobbar og ut mot samfunnet elles med kunnskap og informasjon om demenssjukdom. Begge desse læringsnettverka tek utgangspunkt i innsatsområda i Leve hele livet-reforma.

Dagtilbodet ved Øysteseheimen har i snitt hatt 20 brukarar i 2022. Gruppa har eit stort spenn i alder, diagnosar og utfordringar. Det gjev utfordringar knytt til lokala og behovet for å skreddarsy opplegg til t.d yngre demente, som kan ta større omsyn til brukarane sine behov for tilrettelegging. Men det er funne gode og kreative løysingar. Tenesta har hatt god fagleg dekning , og rammeauke med 30 %-stilling.

Med tilskot frå Statsforvaltaren skulle prosjektet Plusskamerat vera eit tilbod til eldre heimebuande under pandemien. Midlane vart overført frå 2021 til 2022, og plusskameratar kom på besøk til brukarar om lag ein gong i veka. Det var og planlagt felles sosiale møteplassar. Grunna smittevernreglar og smitteutbrot, har det vore utfordrande å få dette til, men ein middag vart arrangert i regi av prosjektet på Spildegarden.

Arbeidet med kompetanseheving i dei ulike yrkesgruppene har halde fram. Tenesta vidareutviklar og har meir fokus på kompetanseplanar for dei ulike faggruppene i KS læring der det er ulike digitale opplæringsprogram, t.d. innan medikamentopplæring, smittevern, ferievikaropplæring m.m.

20 tilsette har gjennom 2022 fortsett vidareutdanninga for helsefagarbeidarar i observasjons- og vurderingskompetanse, i samarbeid mellom kommunen og Fagskulen i Viken. Denne vidareutdanninga fortset til våren 2023. Me ser stor gevinst i denne kompetansehevinga, og det gjer fagarbeidarane ein

kompetanse som er nødvendig når me ser at dei får eit større ansvar, og til å ta på seg nye oppgåver i framtida.

I tillegg har fleire sjukepleiarar avslutta vidareutdanningar som sårsjukepleie , E-helse og akuttmedisinsk eldreomsorg. Ein sjukepleiar har starta på ein master i avansert klinisk sjukepleie.

Tenester for heimebuande har merka rekrutteringsutfordingane i større grad i 2022. Me har hatt lite søkjarar til sjukepleiarstillingar i kommunen, samt at ein byrjar å sjå utfordringar med å rekruttere helsefagarbeidarar. Dette har ført til at ein i større grad må ha tatt i bruk vikarbyrå, for å få dekka behova for kompetanse. I tillegg har tilgang på andre vikarar vore i nedgang. I samband med ferieavviklinga i 2021 hadde pleie- og omsorgstenesta vanskar med å skaffa nok kvalifisert personell, spesielt vikarar med sjukepleiarfagleg kompetanse. Vikarbyråa greidde heller ikkje levera nok sjukepleiarar til kommunen. Sommar 2022 prøvde me ut eit pilotprosjekt med sjukepleiar på topp, for å sikra fagleg forsvarlegheit i alle grupper. Her vart det gjort mange erfaringa som tenesta vidare skal bruka, for å sjå på alternative løysingar for bruken av aktuell fagkompetanse, slik at me får sikra meir hensiktsmessig bruk av ressursane, knytt til aktuell kompetanse og oppgåver. Dette skal jobbast vidare med i 2023.

Deltidsproblematikk og sjukefråvær er sentrale utfordringar for pleie- og omsorgstenesta både nasjonalt og lokalt. I tenester til heimebuande har sjukefråvære samla sett hatt ein nedgang frå 9,77 til 9.04 % frå 2021 til 2022. Det vert arbeidd med kva tiltak som kan bidra til å skapa ein heiltidskultur, fleire større stillingar og redusert sjukefråvær. Ved å oppretta større arbeidsgruppe og ta i bruk årsarbeidstid og årsturnus, har fleire tilsette fått tilbod om større stilling. I heimetenesta ser me no ein gevinst med å samle heimetenesta i Ålvik i den same gruppa som Øystese/Norheimsund. Dette har gitt ei større fleksibilitet i gruppa når det gjeld å bruka personalet.

Tal innleggingar i korttidsavdelinga i 2022, viser at det var ein liten auke frå 224 i 2021, til 233 i 2022. 95 av desse pasientane har kome inn frå heimen, medan 126 pasientar har kome via sjukehusa. Me har kunna ta i mot alle pasientar som har vore meldt utskrivingsklare frå sjukehusa, såleis er det ingen betalingsdøgn i 2022. Årsaka til dette, er at pasientar som er ferdigbehandla og treng eit høgare omsorgsnivå, har fått relativt raskt plass og såleis ikkje blitt liggjande på kortidsavdelinga. Gjennomsnittleg liggetid har vore 18 dagar. Berre 10 pasientar har hatt opphald mellom 50- 120 dagar. Det er avgjerande for kortidsavdelinga at ferdigbehandla pasientar raskt får eit tilbod i heimen eller eit høgare omsorgsnivå, om det er naudsynt. Dette er i tråd med omsorgsfilosofien for tenesta og ei ønska utvikling. Kommunen har styrka tilbodet i heimetenesta slik at dei i større grad enn tidlegare har greidd å ta imot utskrivingsklare pasientar ikkje berre til korttidsavdelinga, men også til brukarar i eigen heim. 75 % av pasientane har reist heim til eigen heim etter opphald i kortidsavdelinga.

41 pasientar har fått tilbod i ØHD-senga (øyeblikkeleg hjelp døgntilbod) mot 42 i 2021. Beleggsprosenten har gått ned frå 62% i 2021 til 47% i 2022. Gjennomsnittleg liggetid har vore 4,2 dagar. Av dei som har vorte innlagde i ØHD – senga, har 17,1 % hatt bruk for sjukehusinnlegging.

I heimetenesta har tal på brukarar og tal på vedtakstimar vore stabilt samanlikna med tidlegare år.

**Heildøgns omsorg**

Arbeidet med utviklingsprosjektet i pleie og omsorg, er vidareført i 2022. Det har også gått med ein del ressursar til nybygg-prosjektet «Strandebarm omsorg». Samarbeidet med frivillegsentralen Grannehjelpa om aktivitetar i ulike grupper, har halde fram. Eit nytt prosjektsamarbeid med Kvam kulturskule om musikkterapi, starta opp i februar.

Arbeidet med ny demensplan starta i januar, men vert ikkje ferdigstilt før i 2023.

Sjukefråvær og mangel på helsepersonell er ei utfordring, spesielt mangel på helsepersonell med kompetanse. I 2022 var sjukefråværet høgt, totalt 13.4%, der langtidsfråværet var høgast. Det er på gang eit generasjonsskifte, der mange går av med pensjon. Det har vorte arbeidd vidare med fokus på heiltidskultur og korleis organisering av sjukepleiarar.

8 lærlingar i helsefag starta opp i august, men 2 av dei avlutta lærekontrakta. 7 lærlingar tok fagbrev i løpet av 2022. Gloppenmodellen for yrkesopplæring av minoritetspråklege vaksne starta opp i august med 3 elevar, men ein av dei har trekt seg.

**Tenester til menneske med utviklingshemming**

Tenesteutvikling

- Me er i gang med å forankra arbeidet med den nasjonale veiledaren som heiter «Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming» gjennom faste møter med miljøterapeutgruppa og deltaking i CRPD- nettverk over 2 år for gruppeleiarane.  Det er også gitt informasjon ut i arbeidsgruppene ellers.
- Me opplever god dialog med pårørande, og har mykje tverrfagleg arbeid kring brukarar med samansette behov. Tenesta opplever støtte frå legetenesta, kjappe tilbakemeldingar og god samhandling.
- Redusert antal avvik og nedgang i utfordrande åtferd.
- Auke i søknadar til avlastninga. Aldersspennet er stort, frå 5 til 17 år, med og utan utviklingshemming. Det er utfordrande å planleggja og organisera tilbod når behov er prega av store variasjonar.
- Utført mykje naudsynt vedlikehald og måling av bygningsmassen i Øystese og Kalhagen. Uteområdet kring avlastninga i Tolomarka har fått flotte leikeapparat, asfaltert gangveg og bålplass. Dette er tiltak som skapar trivnad og engasjement.

Personal og kompetanse

- Ein leiar fullførte nasjonal leiarutdanning for primærhelsetenesta ved BI Oslo.
- To tilsette er i gang med desentralisert vernepleiarutdanning
- Fire tilsette tek fagskulen i Viken si vidareutdanning innan observasjon- og vurderingskompetanse.
- Det har vore  god tilgang på kvalifiserte søkjarar til utlyste stillingar i Tolomarka. I dei andre gruppene er det mykje preg av interne søkjarar frå andre grupper i PLO eller Oppvekst.
- Den største utfordringa er knytt til overtid i alle grupper. Det har vore spesielt høgt forbruk i Tolomarka omsorg og avlastning, men også bufellesskap Øystese har til tider hatt høgt forbruk.
- God sommaravvikling i alle grupper, flinke vikarar.

- Hatt kurs tilsette har etterspurd: t.d LMP, forflytning, tannstell, reinhald, fyrstehjelp med hjertestartar, brannførebygging

**Tenestekontoret helse og omsorg**

I 2022 har tenestekontoret arbeida med ei rekkje fagsystem (ny legemodul i fagprogrammet Gerica, Integrasjon fastlegar, Henvisning 2.0, endra plattform for eLås, ny plattform eSense med tilgang til fagsystem for Responssenter i Bergen), og hatt opplæringsmøter med alle leiarar i PLO i fagsystema Gerica og Gat.

Tenestekontoret har vore nettverksleiar for Hardanger i KS eKomp i Vest som er eit kompetansenettverk for innføring av e-helseløysingar. Hardangernettverket har deltakarar frå Voss, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Kvinnherad og Kvam i tillegg blir representantar frå Helse Fonna, Helse Bergen og Helse Vest IKT invitert inn i møte. Kvam har tatt i bruk DigiHelse, DigiHelsestasjon og Kjernejournal.

Tenestekontoret har handsama ein vesentleg auke i tal på nye vedtak på langtidsplass/langtidsbetalingar i 2022, og fått nye oppgåver innan arkiv for NAV og registering av oppdragstakarar (støttekontaktar, BPA o.l.).

**Digitalisering og velferdteknologi i pleie og omsorg**

Helse og omsorg har eige velferdsteknologiprogram og deltek også i eksterne prosjekt og nettverk, som KS sitt eKomp prosjekt, Vestlandsprosjektet og e-helse Vestland.

KS sitt eKomp prosjekt hjelper kommunane med å ta i bruk nasjonale e-helseløysingar. Nettverket ivareteke kommunane sine interesser både regionalt og nasjonalt. Kvam har ansvar for å drifta nettverket for Hardangerkommunane (Kvam, Voss, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Kvinnherad).

Elektronisk meldingsutveksling mellom kommunen og sjukehusa er i bruk i dei fleste fagavdelingane våre og elektronisk meldingsregister for dødsmeldingar er teke i bruk.

Ein har i siste halvdel 2022, delteke i ei arbeidsgruppe som arbeider med innføring av innleggingsrapport som fyrste melding frå kommunane.

Alle våre analoge tryggleiksalarmar er no erstatta med digitale tryggleiksalarmar. Denne endringa gjer det mogleg å knyte fleire løysingar saman. Til dømes får no alle mottakarar av tryggleiksalarm installert røykvarslar som varslar automatisk til responssenteret. Kommunen har samarbeidsavtale med Bergen kommune om responssenterløysing og er godt nøgd med denne ordninga.

Sporingsteknologi (GPS) er etablert som tenestetilbod. Teknologien gjer brukar høve til å leve eit aktivt liv, samstundes som både pårørande og helsepersonell kan vere trygge for at brukar ikkje går seg bort. Det er også teke i bruk ulik sensorteknologi som bevegelses-sensorar, sengematter, epilepsi-alarmar og dørsensorar. Tenesta bruka Lifecare mobil pleie som arbeidsverktøy for dei tilsette og elås-system hos brukarane. Det vart i 2021 kjøpt inn RoomMate utstyr til bruk ved digitale tilsyn i heimetenesta med oppstart hjå brukarar i 2022. Her er det starta eit arbeid kring GDPR og DPIA, for å kunna ta dette i bruk. Dette arbeidet vil bli vidareført i 2023.

**Velferdsteknologi som har vorte ein del av drifta i pleie og omsorg i 2022:**

- 172 tryggleiksalarmar
- 122 pasientvarslingsanlegg i heildøgnsomsorg
- 6 stk. GPS-klokker
- 106 e-låsar
- 5 epilepsialarmar
- 1 blodsukkermålar
- 40 rørslesensorar
- 8 døralarmar (fordelt på heildøgnsomsomsorg og MMU)
- 1 Evondos medisinstøtte har me hatt i bruk. Denne avtalen er sagt opp og vert avslutta i mars 2023.
- Digitale tilsyn er eit tilbod som me jobbar for å kunna tilby i 2023. Det er ein del arbeid i forhold til personvern som må gjerast

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Aktiviserings- og servicetjenester overfor eldre og personer med funksjonsnedsettelser | 7 851 | 5 151 | 8 380 | 8 747 | 3 596 | 41,1 % |
| Helse- og omsorgstjenester i institusjon | 64 129 | 71 538 | 59 800 | 60 527 | -11 011 | -18,2 % |
| Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende | 115 214 | 131 044 | 117 290 | 121 416 | -9 628 | -7,9 % |
| Tilbud om øyeblikkelig hjelp døgnopphold i kommunene | 0 | 1 239 | 1 301 | 1 244 | 4 | 0,4 % |
| Institusjonslokaler | 11 911 | 12 575 | 11 706 | 14 329 | 1 753 | 12,2 % |
| **Sum** | **199 105** | **221 547** | **198 476** | **206 262** | **-15 286** | **-7,4 %** |

## Kommentar til status økonomi

Pleie og omsorg har eit samla overforbruk på 15,3 millionar kr. 4,2 mnok av meirforbruket er knytt til korona. Kommunen har motteke ekstra rammetilskot for å kompensere dette, men tilskotet er ikkje fordelt ut på tenestene. Tenesteområdet har eit innsparingskrav på 5 mnok frå tidlegare år som dei ikkje har klart å realisere. Området har driftsprosjekt som ikkje er gjennomført ihht plan, noko som medførte eit mindreforbruk på 0,8 mnok.

Ellers på tenesta er det eit meirforbruk på drift på totalt 6,9 mnok. Det meste av overforbruket er knytt til vikarlønn, overtid, kjøp frå vikarbyrå og kjøp av plassar i andre kommunar. Det er også meirforbruk på medisinsk forbruksmateriell, kjøp av vaskeritenester og fleire andre postar.

## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostra-analyse

| | Kvam 2021 | Kvam 2022 | Landet uten Oslo | Kostragruppe 05 |
|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, | 88,2 | 88,0 | 88,1 | 87,9 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| pleie, av korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon (B) | | | | |
| **Produktivitet** | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B) *) | 269 368 | 331 328 | 325 714 | 312 866 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B) *) | 1 565 660 | 1 529 039 | 1 519 538 | 1 347 153 |
| **Dekningsgrad** | | | | |
| Andel beboere i institusjoner 80 år og over (B) | 62,0 % | 68,0 % | 64,3 % | 72,4 % |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B) | 15,9 % | 18,0 % | 18,7 % | 18,7 % |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år (B) | 17,2 % | 15,7 % | 16,6 % | 18,3 % |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over (B) | 16,4 % | 12,0 % | 15,9 % | 12,7 % |
| Andel innbyggere 80 år og over i bolig med heldøgns bemanning | 9,4 % | 8,3 % | 3,6 % | 4,1 % |
| Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent) | 36,7 % | 31,8 % | 27,9 % | 33,1 % |
| Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon | 8,7 % | 8,6 % | 10,4 % | 11,8 % |
| Mottakere av hjemmetjenester per 1000 innbyggere (B) | 63 | 54 | 42 | 60 |
| Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over (B) | 13,5 % | 13,3 % | 16,5 % | 18,3 % |

**) Inflasjonsjustert med deflator*

## Status investeringar

*Beløp i 1000*

| | Totalbudsjett | | | Budsjett for året | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Investering** | **Vedteke totalt** | **Påløpt totalt** | **Vedteke ferdigår** | **Rev. bud.** | **Rekneskap** | **Avvik i kr** | **Driftskonsekvens** |
| 0*Sansehage Toloheimen | 2 975 | 16 | 2025 | 450 | 16 | 434 | Nei |
| Dagsenter Strandebarm | 200 | 36 | 2022 | 150 | 0 | 150 | Nei |
| Dagsenter Øystese | 176 | 178 | 2022 | 0 | 72 | -72 | Nei |
| Garderobeanlegg Helse | 1 750 | 1 396 | 2023 | 1 750 | 1 396 | 354 | Nei |
| Legionellastyring institusjonar | 500 | 247 | 2023 | 500 | 247 | 253 | Nei |
| Nye PCar pleie og omsorg | 300 | 318 | 2022 | 300 | 318 | -18 | Nei |
| Oppgradering trygdebustader Ålvik | 3 506 | 0 | 2023 | 3 506 | 0 | 3 506 | Nei |
| Skifte av SD - anlegg i kommunale bygg 2020-2024 | 5 000 | 2 300 | 2024 | 1 412 | 714 | 698 | Nei |
| Tolomarka bufellesskap | 6 999 | 8 806 | 2022 | -400 | 550 | -950 | Nei |
| Utbygging av Strandebarm Omsorg | 101 925 | 106 554 | 2023 | 69 218 | 87 112 | -17 894 | Nei |
| Velferdteknologi - årleg | - | - | LØPANDE | 3 908 | 1 517 | 2 391 | Nei |
| **Sum** | **123 331** | **119 850** | | **80 794** | **91 943** | **-11 149** | |

## Status politiske vedtak

### Budsjettvedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| Budsjettvedtak 2022-6: "Helse og oppvekst.vert styrka med 200.000 kr ekstra til innkjøp av utomhusklær. (100.000 kr øyremerkt ekstra på kvar sine budsjett)" | | Ferdig | | Kjøp er gjennomført |

### HST- og FSK-vedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| HST 123/21 Overføring av ansvar for arbeidskøyring frå fylkeskommunen til kommunen | "Kvam heradsstyre gjev rådmannen i oppdrag å reforhandla avtalen mellom Kvam herad og Hardanger AKS om medfinansiering for VTA- plassar og betaling for kommunale plassar, der særskilt tilrettelagt arbeidskøyring for enkelte brukarar vert del av ny avtale. Rådmannen ber fylkeskommunen om å opprettholda si ordning til dess Hardanger AKS AS er klar til å overta." | Forsinket | | Mellombels ordning som sikrar at aktuelle arbeidstakarar får tilbod om transport til arbeid. |
| HST 143/21 Utgreiing om kommunale måltidstilbod | Sjå lenke for vedtak: Dokument 21/105430 - Utgreiing om kommunale måltidstilbod - Kvam herad - Nettsider for Kvam herad (www.kvam.no) | Forsinket | Middels risiko | Eige prosjekt i samarbeid med PwC.<br><br>Kjem som eiga sak i HST |
| HST- sak 055/20 Demenstilbodet i Kvam | Kvam heradsstyre ber rådmannen om å starta opp arbeidet med temaplan for demensomsorga i Kvam hausten 2020, med mål om å leggja fram sak til politisk handsaming våren 2021. | Iht. plan | | Demensplanen kjem som eiga sak i heradstyre etter intern høyringsrunde i haust |

## Sosialteneste

# Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: Sosial

### Utvikling og utfordringer

**Utvikling og utfordringar Nav Kvam 2022**

I løpet av 2022 har Kvam herad busett eit historisk høgt tal flyktningar, tilsaman 75 personar kom til kommunen vår på denne måten i 2022. Dette har gjort at både flyktningtenesta, sosialtenesta og trivselsvaktmeistrane har hatt eit uvanleg stort arbeidspress. Det har vore nødvendig med kreativitet og stort pågangsmot for å løyse oppgåvene.

Ein annan milepåle for NAV Kvam i 2022 er at me i desember flytta inn i nye lokale på rådhuset, i KFL-bygget. I samband med flytting har tilsette gjort eit stort arbeid med å planlegge og bestemme sikkerheit, innreiing, gjenbruk av møblar og å flytte arkiv, både kommunalt og statleg. Dette arbeidet har vore løyst stort sett innanfor normale rammer i tillegg til vanleg produksjon og brukartenester. Denne ekstra innsatsen frå dei tilsette gjer at me har fått eit godt eigna lokale å arbeide i innanfor fastsette rammer.

Prosjektet “trivselsvaktmeistrar i tverrfagleg team” har også i 2022 hatt gode resultat. Brukarane i prosjektet får god oppfølging og Kvam herad har fått betre kunnskap om kven som treng oppfølging og kva for kommunale bustader som er eigne for kva bebuar. Dette gjev auka branntryggleik, sparar kommunen for ekstraordinært vedlikehald og reparasjon av skade. Prosjektet bidreg og til godt tverrfagleg samarbeid i tillegg til at kunnskapen om bustadsosialt arbeid aukar.

NAV Kvam har hatt stabil bemanning i 2022, og ikkje hatt langtids sjukefråvær.

Det er gjennomført kompetanseheving for ein sakshandsamar og fagleiar i sosiale tenester i forvaltningsrett.

### Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid | 7 910 | 10 574 | 9 826 | 10 520 | -54 | -0,5 % |
| Tilbud til personer med rusproblemer | 60 | 328 | 217 | 221 | -107 | -48,4 % |
| Arbeidsrettede tiltak i kommunal regi | 4 475 | 4 493 | 4 448 | 4 448 | -45 | -1,0 % |
| Introduksjonsordningen | 2 240 | 3 941 | 2 426 | 4 429 | 489 | 11,0 % |
| Kvalifiseringsordningen | 363 | 274 | 1 997 | 1 997 | 1 723 | 86,3 % |
| Økonomisk sosialhjelp | 7 170 | 9 574 | 8 011 | 10 014 | 440 | 4,4 % |
| **Sum** | **22 218** | **29 183** | **26 924** | **31 629** | **2 446** | **7,7 %** |

## Kommentar til status økonomi

Tenesta har eit samla mindreforbruk kr 2,4 millionar som skuldast lågare utbetalingar til økonomisk sosialhjelp, kvalifiserings- og introdouksjonsordninga.

## KOSTRA Nøkkeltal

## Kostra-analyse

| | Kvam 2021 | Kvam 2022 | Landet uten Oslo | Kostragruppe 05 |
|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | |
| Introduksjonsordningen brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) | 296 | 482 | 561 | 954 |
| **Dekningsgrad** | | | | |
| Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B) | 35,5 % | 37,6 % | 36,3 % | 36,1 % |
| Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år, av innbyggerne (19)-24 år (B) | 4,1 % | 4,5 % | 4,9 % | 4,5 % |
| Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-66 år (B) **) | 4,2 % | 4,9 % | 4,3 % | 5,7 % |
| Gjennomsnittlig stønadslengde for mottakere med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder) | 7,6 | 5,1 | 5,8 | 4,9 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

## Status investeringar

*Beløp i 1000*

| Investering | Totalbudsjett Vedteke totalt | Påløpt totalt | Vedteke ferdigår | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Driftskonsekvens |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kjøp av varebil NAV SV68267 | 0 | 255 | 2023 | 0 | 255 | -255 | Nei |
| NAV lokaler | 9 950 | 8 017 | 2022 | 9 950 | 8 017 | 1 933 | Nei |
| Sum | 9 950 | 8 272 | | 9 950 | 8 272 | 1 678 | |

## Status politiske vedtak

### Budsjettvedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| Budsjettvedtak 2022-2: "Sosialhjelp skal utmålast utan å ta omsyn til barnetrygd. Verknad kr 750.000" | | Ferdig | Middels risiko | Dette er ein del av den ordinære saksbehandling til Nav og er implementert i drift |

### HST- og FSK-vedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| HST 025/22: Mottak av 95 flyktningar frå Ukraina | Kvam heradsstyre vedtek at Kvam herad tek imot 95 flyktningar i 2022 i tråd med oppmodinga frå integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI). | Ferdig | | Kvam herad tok i mot 75 flyktningar i 2022. |
| HST 039/22 Søka Husbanken om utvida lånerammer for startlån med 10 MNOK | **HST 039/22 Utvida lånerammer for Husbanklån**<br>Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 10 mill. kr. i lån til vidare utlån (Startlån) for 2022.<br>Kvam heradsstyre utvidar den samla budsjettramma for vidareutlån (startlån) med inntil 56,1 mill.kr. i 2022, finansiert med ubrukte lånemidlar frå 2021 på 16,1 mill.kr., bunde fond på 30 mill.kr. og opptak av nytt lån på inntil 10 mill.kr. | Ferdig | | Søknaden er innvilga av Husbanken. |

# Barnevern

## Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: [Barnevern]

### Utvikling og utfordringer

**Utvikling 2022:**

- Tenesta har vidareutvikla internkontrollen. Det er noko arbeid igjen før tenesta er i mål, men viktige forbetringar er gjennomført og det gjev effekt på tenesta sine kvalitetsmål.
- Inngått kontrakt med Netcompany om å levera nytt fagsystem til barneverntenesta. Det nye fagsystemet er forsinka og etter ny plan skal det takast i bruk i april 2023. Det er knytt store forventningar til at eit nytt fagsystem vil gje bedre arbeidsflyt, kontroll og forvaltning.
- Barneverntenesta har m.a delteke i implementering av BTI-modellen og handlingsveiledaren og utarbeiding av oppvekstplan
- Tenesta har deltek i to prosjekt med støtte fra Statsforvalteren. Det eine handlar om fosterheimsarbeid, det andre om familiar i vedvarende konflikt.
- Førebudd tenesta på å ta i bruk ny lov frå 01.01.2023. https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2021-06-18-97
- I 2022 begynte to tilsette på vidareutdanning.

**Utfordringer 2022:**

- Bemanningssituasjonen i tenesta har også i 2022 gjort det nødvendig å prioritera kjerneoppgåvene i barnevernet. Alle tilsette har jobba hardt, og slitasjen over tid har prega tenesta, men ved utgangen av 2022 hadde tenesta endeleg tilsette i alle stillingsheimlane .
- Svak nedgang i tal meldingar til barnevernet i 2022.
- Dei fleste nye fosterheimane er slekts- eller nettverksrekruttert. På gruppenivå ser tenesta at denne fosterheimsgruppa trenger tettare oppfølging og støttetiltak enn det tradisjonelle fosterheimar har gjort.
- Har teke oppatt samarbeid og møter med samarbeidande tenester på systemnivå etter at samfunnet vart opna opp att etter pandemien. Men tenesta har ikkje fått gjennomført alle samarbeidsmøter slik som er ynskt på grunn av kapasitetsutfordringar. Det er lovfesta i 14 lover at tenestene skal samarbeida både på individ og systemnivå.
- Det vart gjennomført ei organisasjonsendring i 2018 der familieveiledarane i barnevernet vart organisert i Familiesenteret. Det er ei nasjonal føring mot tidleg og heilskapleg kommunal innsats. Familiesenteret har tatt eit stort ansvar for dette arbeidet i kommunen. Utfordringa for barnevernet er at innsatsen vert utført av dei same ressursane som tidlegare berre vart nytta til å jobba inn i familiar med vedtak frå barneverntenesta. Over tid har dette ført til utfordringar knytt til tilgjenge, utviklingsarbeid, satsingsområde for felles innsats i komplekse enkeltsaker, der barnevern har ansvar for kvaliteten opp mot barn, familie, nemnd, domstol og statsforvalter.

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Barnevernstjeneste | 5 217 | 6 822 | 7 199 | 7 185 | 362 | 5,0 % |
| Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet | 2 773 | 4 226 | 3 543 | 4 223 | -3 | -0,1 % |
| Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet | 8 677 | 11 626 | 11 512 | 13 351 | 1 726 | 12,9 % |
| Sum | 16 667 | 22 674 | 22 254 | 24 759 | 2 085 | 8,4 % |

## Kommentar til status økonomi

Barnevern har eit mindreforbruk på ca 2 mnok i 2022.

Barnevernteneste har spart inn på lønnskostnader og har høgare inntekt enn estimert.

Barneverntiltak når barnet er plassert av barnevernet har lågare kostnad enn budsjett på driftsavtale med andre og kommunar og hjelpetiltak barnevern, dette gjeld i hovudsak einslege mindreårige flyktningar.

## KOSTRA Nøkkeltal

## Kostra-analyse

| | Kvam 2021 | Kvam 2022 | Landet uten Oslo | Kostragruppe 05 |
|---|---|---|---|---|
| **Produktivitet** | | | | |
| Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak *) | 142 542 | 208 086 | 208 613 | 237 744 |
| **Dekningsgrad** | | | | |
| Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år | 3,1 % | 2,5 % | 2,4 % | 3,0 % |
| Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år (B) | 5,2 % | 3,1 % | 3,9 % | 3,8 % |
| **Kvalitet** | | | | |
| Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år | 4,8 | 4,5 | 5,6 | 5,9 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*

# Vatn og avlaup, avfall og renovasjon

## Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: Vatn og avløp, avfall og renovasjon

### Utvikling og utfordringer

Året har i stor grad vore prega av uro i Europa. Dette har mellom anna påverka prisnivået knytt til deler og materiell, der ein for enkelte deler har opplevd opp mot 40 % prisauke. Situasjonen i Europa har og ført til auke fokus på trygging av kommunale VA-anlegg.

Det har vore arbeida mykje med å leggje til rette for at Kvam herad skal kunne overta Vikøy Vassverk i løpet av året. Etter avtale har Kvam herad hatt driftsansvaret for vassanlegget heile 2022.

I samband med den planlagde utviklinga på Kvamskogen (områdeplan) er det utvikla ein trykkmodell for området som viser behov for auka vasskapasitet på vestre deler av Kvamskogen.

Det har pågått mykje saneringsarbeid og det er viktig at det vert gode VA-anlegga i kommunen då desse skal vare i 100 år. Ulike tiltak er sett i verk for å få auke kvalitet i alle ledd internt og eksternt, mellom anna gjennom orientering og informasjon til konsulentar, utførande og røyrleggarar i kommunen.

BIR har opna sin nye gjenvinningsstasjon Sandvenhagen

### Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Produksjon av vann | 4 810 | 5 512 | -117 | -273 | -5 785 | -2117,5 % |
| Distribusjon av vann | -8 778 | -9 721 | -4 195 | -4 235 | 5 486 | 129,5 % |
| Avløpsrensing | -204 | -167 | -149 | -185 | -18 | -9,7 % |
| Avløpsnett/innsamling av avløpsvann | -2 533 | -4 683 | -3 686 | -3 691 | 992 | 26,9 % |
| Tømming av slamavskillere, septiktanker o.l | 2 | 177 | -25 | -20 | -198 | -972,1 % |
| Innsamling , gjenvinning og sluttbehandling av husholdningsavfall | -140 | -238 | -102 | -102 | 136 | 133,6 % |
| **Sum** | **-6 843** | **-9 121** | **-8 274** | **-8 507** | **614** | **7,2 %** |

## Kommentar til status økonomi

VAR-området skal ikkje gå med overskot over tid, og er underlagt heilt særskilde reglar for sjølvkostberekning. VAR-noten gjev eit godt bilete av kostnadane og inntektene på dei ulike avgiftsområda.

Sjølvkostmodellen tek utgangspunkt i målt og estimert forbruk, og det vil vera usikkerheit knytt til det faktiske forbruket.

Totalt for rammeområdet var det i 2022 eit meirforbruk på 614 000 kr.

Det var tenkt at ein skulle kome i hamn med overtaking av Vikøy Vassverk i 2022, og det vart dermed budsjettert med ei inntekt på nær 3,6 mnok i tilknytingsavgift, men siden ein ikkje har fått landa ein

avtale endå, vil desse manglande inntektene visa som eit avvik på rammeområdet.

Det vart utgiftsført 1,4 mnok meir i avskrivning enn budsjettert og ført 3,7 mindre i bruk av fond.

## KOSTRA Nøkkeltal

## Kostra-analyse

| | Kvam 2021 | Kvam 2022 | Landet uten Oslo | Kostragruppe 05 |
|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | |
| Avløpsrensing brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) | 583 | 643 | 745 | 818 |
| Distribusjon av vann brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) | 1 436 | 1 336 | 995 | 974 |
| **Dekningsgrad** | | | | |
| Avløp - Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal avløpstjeneste (B) | 68,8 % | 57,0 % | 85,5 % | 60,9 % |

**) Inflasjonsjustert med deflator*

## Status investeringar

*Beløp i 1000*

| Investering | Totalbudsjett | | | Budsjett for året | | | Driftskonsekvens |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Vedteke totalt | Påløpt totalt | Vedteke ferdigår | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr | |
| Fornying teknisk utstyr VAR - årleg prosjekt | - | - | LØPANDE | 869 | 0 | 869 | Nei |
| Høgdebasseng Torpe | 8 000 | 8 015 | 2022 | 1 853 | 1 921 | -68 | Nei |
| Kloakksanering Ålvik | 1 593 | 1 129 | 2023 | 1 243 | 726 | 517 | Nei |
| Movatnet pumpeledning | 3 700 | 4 185 | 2023 | 3 694 | 4 179 | -485 | Nei |
| Ny avløpsbil med lasteplan og ein liten kran. | 750 | 645 | 2023 | 0 | 645 | -645 | Nei |
| Ny pumpestasjon P5, Tolo | 5 000 | 277 | 2023 | 300 | 263 | 37 | Nei |
| Ny vassleidning Børve | 900 | 864 | 2022 | 286 | 250 | 36 | Nei |
| Ny vassleidning, Fosse | 2 400 | 38 | 2027 | 394 | 32 | 362 | Nei |
| Oppgr. av eksisterande vassverk i Kvam | 4 500 | 2 001 | 2024 | 1 091 | 584 | 507 | Nei |
| Oppgradering av kummar i heradet - årleg avlaup | - | - | LØPANDE | 711 | 545 | 166 | Nei |
| Oppgradering av kummar i heradet - årleg vatn | - | - | LØPANDE | 1 984 | 1 171 | 813 | Nei |
| Oppgradering av pumpestasjonar i Steinsdalen | 5 000 | 4 879 | 2022 | 472 | 360 | 112 | Nei |
| Oppgradering av reduksjonskummar - årleg | - | - | LØPANDE | 2 448 | 650 | 1 798 | Nei |
| Oppgradering av VA-leidningskart | 3 000 | 2 096 | 2023 | 1 000 | 485 | 515 | Nei |
| Oppgradering hovudrenseanlegg avløp | 129 430 | 85 080 | 2024 | 827 | 1 235 | -408 | Nei |
| Prosjektering av reinseanlegg på Tangerås | 200 | 0 | 2023 | 200 | 0 | 200 | Nei |
| Pumpestasjon og overføring frå Laupsa til Notanes | 5 500 | 1 880 | 2023 | 3 680 | 64 | 3 616 | Nei |
| Reinseanlegg/overføring Vikøy | 1 500 | 81 | 2024 | 0 | 26 | -26 | Nei |
| Reserveforsyning vatn | 2 000 | 1 359 | 2023 | 422 | 350 | 72 | Nei |
| Sanering Børveneset , prosjektering | 200 | 0 | 2023 | 200 | 0 | 200 | Nei |
| Tolo reinseanlegg - byte av sil | 860 | 608 | 2022 | 252 | 0 | 252 | Nei |
| Utskifting av hovudvassleidning Skålheim - Mo i Øystese | 3 150 | 772 | 2023 | 1 360 | 682 | 678 | Nei |
| Vannkiosk Øystese | 650 | 569 | 2023 | 650 | 569 | 81 | Nei |
| VA-pumpestasjon ved Fartøyvernsenteret | 3 500 | 4 138 | 2022 | 2 224 | 3 535 | -1 311 | Nei |
| VA-sanering i Skårdalsvegen i Øystese | 1 275 | 1 033 | 2022 | 1 182 | 943 | 239 | Nei |
| VA-sanering norheim del III | 15 000 | 11 729 | 2023 | 13 200 | 9 926 | 3 274 | Nei |
| VA-sanering ved rådhuset/Norheimsund skule | 1 700 | 1 509 | 2022 | 501 | 309 | 191 | Nei |
| Sum andre prosjekt | 0 | 1 021 | | 0 | 1 | -1 | |
| **Sum** | **199 808** | **133 908** | | **41 042** | **29 452** | **11 591** | |

# Plan og byggesak

## Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: Plan og Byggesak

## Utvikling og utfordringer

**Plan og byggesak - offentlege planar**

Kommunedelplan på Kvamskogen

ABO plan og arkitektur har jobba godt med kommunedelplanen i 2022. Naturfarekartlegging og naturkartlegging er gjennomførd. Kommunen fekk tilskot frå Miljødirektoratet for kartlegging av verdifulle myrområder, som er gjennomført.

Områdeplanen i Øystese

Det har vore jobba litt med områdeplanen i Øystese, men planen vart forseinka grunna manglande ressursar til gjennomføring av innkjøpsprosessen for kjøp av utgreiing av flaum i vassdraga som ligg innafor plangrensa. Konkurransen vart kunngjort like før jul. Det er sett krav til kartlegging i uttalen frå NVE til betre kartlegging av naturfare og potensiell fare for kvikkleire.

Reguleringsplan for ny bru til Rosseland og Fjærabygda

Motsegna frå NVE står er framleis uavklart, det vert vurdert kva for tilleggsdokumentasjon på flaum som må på plass for at NVE skal trekke sitt motsegn. Yttlegare kartlegging av elvebotnen er bestilt, men ikkje gjennomført ennå. Rammer for planen vart utvida i budsjettvedtak for 2023.

Reguleringsplan for Skarpen

Det vart søkt om nedsett fartsgrense for fylkesvegen forbi planområde, det kom motsegn til kryssløysing i planen. Søknad om nedsett fartsgrense førde ikkje fram. Det vart sett i gong ein prosess med å søke om fråvik frå krav i handboka til Statens vegvesen med omsyn til kryssløysing. Fylkeskommunen vedtok å innvilga søknad om fråvik og forslag til regulert kryssløysing vart akseptert. Det er jobba med å utgreie områdestabiliteten for næringsområdet.

Ny gang- og sykkelsti mellom Ålvik og Vikedal

ABO har laga forslag til plankart. Neste steg er å gjennomføre eit møte med råka grunneigarar langs strekninga.

Status private planar

3 private planer vart vedtekt i år, ein bustadplan i Tørvikbygd, ein bustadplan i Vikøy og ei utviding av settefiskanlegg i Tørvikbygd. Det var vedteke ein mindre endring i Eikedalen, endringa gjaldt eit hytteområde.

Status byggesak

Kommunen har handsama 213 byggsøknadar, 57 dispensasjonar og 69 delesaker i 2022.

Status geodata

Det vart gjennomført fotografering for kartlegging av kommunen i mai 2022, nye kart er venta ein gong på nyåret.

**Framtidige utfordringar**

Plansakshandsaming og byggesakshandsaming vert i stor grad handsama i tråd med sakshandsamingsfristar i plan- og bygningslova. Det er nokre avvik på enkelte byggesaker. Dei fleste avvik kjem i samband med politisk vedtak om utsett byggesak i Kvam Miljø-, plan- og bygningsutval fordi utvalet ynskjer synfaring før vedtak.

Det vert spannande å sjå korleis utviklinga vert med tal på byggesaker. Me har allereie i 2022 ein liten nedgang i inntektene til kommunen.

Kommunen skal i gang med å laga betre standardmalar for sakspapir der me må vurdere dispensasjon frå plan, byggeforbod i strandsona o.l. Med betre malar, så håpar me å oppnå ei gevinst på tid og meir einsarta sakspapir.

Me har nytta tenester frå Terratec AS også i år for å unngå fristoverskridingar på innmåling av eigedomar. Det er tilsett ny landmålar som starta 2.1.2023. Då vert kapasiteten på oppmåling av eigedomar i Kvam auka.

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Plansaksbehandling | 3 501 | 2 977 | 4 512 | 4 930 | 1 953 | 39,6 % |
| Byggesaksbehandling og eierseksjonering | 559 | 1 165 | 167 | 170 | -995 | -587,0 % |
| Kart og oppmåling | 683 | 878 | 896 | 775 | -103 | -13,2 % |
| **Sum** | **4 743** | **5 019** | **5 575** | **5 874** | **855** | **14,6 %** |

## Kommentar til status økonomi

Rammeområdet for plan og byggesak har eit totalt mindreforbruk på 0,85 mnok i 2022.

Det er i hovedsak pga mindreforbruk på inneverande års budsjett på driftsprosjekta P71200 Klima og energiplan, P80191 Områdeplan Øystese og mottekne spelemidlar på P71091 Kompensasjonsmidlar tettstadsutvikling Ålvik. I tillegg var det budsjettert med tilsetning av miljøkonsulent i 2022, medan tilsetjinga vart i 2023.

## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostra-analyse

| | Kvam 2021 | Kvam 2022 | Landet uten Oslo | Kostragruppe 05 |
|---|---|---|---|---|
| **Produktivitet** | | | | |
| Behandlede byggesøknader i alt (antall) | 270 | 213 | 67 853 | 3 255 |
| Behandlede dispensasjonssøknader (antall) | 72 | 57 | 17 251 | 769 |
| Behandlede søknader om opprettelse av grunneiendom (antall) | 130 | 69 | 12 257 | 647 |
| Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager) | 31 | 70 | 30 | 32 |

## Status investeringar

*Beløp i 1000*

| Investering | Totalbudsjett Vedteke totalt | Påløpt totalt | Vedteke ferdigår | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Driftskonsekvens |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0* Oppdaterte kart | 1 450 | 399 | 2023 | 725 | 399 | 326 | Nei |
| Utomhus Norheimsund skule, rådhus og KFL | 125 | 181 | 2025 | 125 | 181 | -56 | Nei |
| **Sum** | **1 575** | **580** | | **850** | **580** | **270** | |

## Status politiske vedtak

### MPB-vedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| 1. gongshandsaming av reguleringsplan for ny vidaregåande skule i Norheimsund sentrum | Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vedtek Kvam formannskap å senda planframlegget for ny vidaregåande skule i Norheimsund ut på høyring og til offentleg ettersyn.<br><br>Plankartet er datert 04.09.2020, og registrert i journalpost 20/17875 – vedlegg 1.<br>Føresegnene er datert 04.09.2020, og registrert i journalpost 20/17875 – vedlegg 2 | Ferdig | | Klagar fekk ikkje medhald. Planen er arkivert. |
| Handsaming av klagar på Heradsstyret sitt vedtak 092/19 om godkjent reguleringsplan for Kvednaskogen | Framsette klagar på vedtak HST - 092/19 er tatt opp til handsaming, jf. forvaltningslova § 28 og plan- og bygningslova § 1-9.<br>Klage frå eigar av gnr. 22 bnr. 133, datert 20.02.20 vert tatt til fylgje. Veg SKV_23 vert endra slik at den vert lagd sør for gnr. 22 bnr. 133.<br>Klage frå eigar av gnr. 22 bnr. 95, datert 11.02.20 vert ikkje tatt til fylgje. Påklaga forhold må løysast mellom dei private partane i samband med gjennomføring av planen.<br>Klage frå eigar av gnr. 22 bnr. 191 datert 18.02.20 vert ikkje tatt til følgje. Forholda som vert klaga på kan løysast ved å justera på eigedomsforholda i samsvar med vedatt plan saman med evt. økonomisk kompensasjon mellom partane.<br>Klage frå eigar av gnr. 22 bnr. 9 datert 21.02.20 vert ikkje tatt til fylgje. Prosjektering og gjennomføring av naudsynte tiltak knytt til handtering av overvatn vert | Ferdig | | Klagehandsaming er avslutta og planen er arkivert |

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| | handtert i samband med byggjesak, jf. krav sett i reguleringsføresegna pkt. 2.1. der det er eit vilkår at det skal liggja føre ei godkjend løysing for handtering av overflatevatn før det kan gjevast løyve til nye bygg. Klage frå eigar av gnr. 22 bnr. 145 vert ikkje tatt til fylgje. Tal hytter er grundig vurdert opp mot ulike planomsyn. I løpet av prosessen er tal på hytter redusert for at utbygginga betra skal tilpassa seg omgjevnadane. Klage frå eigar av gnr. 22 bnr. 188 datert 02.03.20 vert delvis tatt til fylgje. Planen skal visa alternativ plassering av tilkomst. | | | |
| Kvamskogen, Lølihaugen, gnr. 26 bnr. 1 m.fl | Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vedtek Kvam miljø-, plan- og bygningsutval å senda planframlegget for Lølihaugen, gnr. 26 bnr. 1 mfl. til offentleg ettersyn. Plankart og føresegnene er datert 29.05.20 | Iht. plan | | Planen må igjennom omfattende justeringar. Planen må derfor ut på ny høyring. |
| Laupsa, regulering av bustadområde - ny høyring | | Iht. plan | | Søkar og planleggjar har fått beskjed om å justere planen. Kommunen ventar på justert planframlegg |

## Budsjettvedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| Budsjettvedtak 2020 – 1. Regulering gang og sykkelveg Ålvik – Vikedal | Det skal setjast i gang regulering av gang og sykkelveg mellom Ålvik og Vikedal. Prosjektet skal finansierast med kr 300.000 kr frå kraftfondet.<br><br>Planen skal inn i planstrategi. | Iht. plan | | Prosjekt går som planlagt. Konsulent er i gong med å utarbeida reguleringsplanforslag. Neste steg er møte med grunneigarar som vert råka. |
| Budsjettvedtak 2020 – 14. prosjektplan for gang og sykkelsti Tangerås – Bakka | Kvam herad ber rådmannen om å oppretta prosjekt plan for gang og sykkelsti Tangerås – Bakka | Ikke startet | | Det ligg i planstrategien at det skal etablerast ein reguleringsplan for gang- og sykkelsti på Bakka, men det er ikkje sett av midlar til gjennomføring av reguleringsplan. Det må settast av midlar før me kan starte reguleringsplanen. |
| Budsjettvedtak 2020 – 4. Utvikling på Kvamskogen | Kvamskogen er eit viktig område for heradet. Heradet støttar blant anna ein moglegheitsstudie for området.<br><br>Parallelt med dette er det kome ynskje frå velforeininga om å gå vidare med arbeidet som gjeld tilrettelegging av turstiar og løyper (uversløype). Heradet ynskjer å bidra med administrativ hjelp og midlar til | Iht. plan | | Kvam herad, Kvamskogen vel og Kvamskogen næringslag, samarbeider om prosjektet. Vert gjennomført iht plan. Har fått utbetalt delar av søknadssummen. Vert søkt etter plan- og bygningslova etterkvart som prosjektet går framover. Prosjektet er vellukka så langt og ny infrastruktur er på plass, |

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| | planlegging av prosjekta som kan lata seg gjennomføra innanfor allereie godkjente planar. Arbeidet må gå i samhandling mellom Velforeining , næringslag og grunneigarar.<br><br>Det vert sett av 150.000 kr til arbeidet. Finansiering: P 71182 (utvikling av Kvamskogen) | | | |
| Budsjettvedtak 2020 –6. Prosjekt Kvamsøy | Kvam herad eig ein stor del av denne øya. For å få ei tenleg utvikling, leggja til rette for ei god forvaltning, og bruk for framtida, er ein plan naudsynt.<br><br>Eit arbeid med ein plan som tek opp i seg tema: Friluftsliv, kultur og kulturminne, ålmenta sin tilgang, samt ivaretek dei andre eigarane av øya, må startast opp.<br><br>Det vert oppretta eit prosjekt med kostnadsramme : 300.000 kr<br><br>Dette skal finansierast med midlar frå kraftfondet.<br><br>Planen skal inn i planstrategi. | Forsinket | | HST- 094/19 Vedtak: Kvam herad eig ein stor del av denne øya. For å få ei tenleg utvikling, leggja til rette for ei god forvaltning, og bruk for framtida, er ein plan naudsynt. Eit arbeid med ein plan som tek opp i seg tema: Friluftsliv, kultur og kulturminne, ålmenta sin tilgang, samt ivaretek dei andre eigarane av øya, må startast opp. Det vert oppretta eit prosjekt med kostnadsramme i 2020 på 300.000 kr. Finansierast med midlar frå kraftfondet.<br><br>Prosjektet kom godt i gang i 2020. Synfaringar, møte og samarbeid i mellom Kvam herad, grunneigarar, Bergen og omegn friluftsråd, samt fleire lokale lag og organisasjonar. Tema for arbeidet har vore kjøp av eigedom, rydding, skilting og informasjon. I 2021 har vore betre merking og utbetring av gjerdeklyvarar i rundløypa frå kaien og forhandlingar imellom Bergen og omegn friluftsråd og speidarane om nytte og drift av toalett. I 2022 har Kvam herad overtatt gnr 55 bnr 14 |
| Budsjettvedtak 2022-13: "Heradsstyret bed rådmannen om å setja ned ei arbeidsgruppe med mål å finna eigna lokasjonar der det kan etablerast anlegg for motorsport i Kvam. Ungdomsrådet er naturleg å involvera i dette arbeidet i tillegg til eksisterande motorsport miljø." | | Iht. plan | | Det er etablert ei arbeidsgruppe der plan- og byggesak, samfunn og utvikling, teknisk og oppvekst er med. Arbeidsgruppa er i gong med å sjå på alternative lokalitetar, opprette kontakt med ungdom som driv med eller er interesserte i motorsport. Kommunen har teke kontakt med forbundet og dei ønskjer ein dialog med kommunen og ungdommane. Resultat av plassering med fordelar og ulempa vert lagt fram som ein politisk sak i 2023. |

## HST- og FSK-vedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| Fagplan kommunal vegar 2020 - 2027 | Vedtak<br><br>1. Kvam heradsstyre tek fagplan for kommunale vegar 2020-2027 til vitande med følgjande tillegg:<br><br>• Under punktet opplisting av hovudmål for den kommunale vegdrifta:Kommunale vegar og anlegg skal ha minst mogleg klima- og miljøavtrykk og ha estetisk god utforming.<br><br>• Vegar skal driftast og planleggjast på ein måte som gjer det lett for trafikkantar å sjå og verta sett, og ha formålstenleg skilting.<br><br>2. Kvam heradsstyre ber rådmannen leggja fram ei sak om kva vegar som skal vera kommunale i framtida, med bakgrunn i vedteken vegnorm for Kvam herad.<br><br>3. Kvam heradsstyre ber rådmannen leggja fram liste og prioritering over kommunalevegar som kan skrivast opp med tanke på vogntoglengde. | Ferdig | | Sak 008/22 "Kommunale Vegar - nedklassifisering/privatisering - etter høyring" vart handsama av Kvam heradsstyre den 15.2.2022. |
| HST 079/21: Uttale til nedsett fartsgrense mellom gamle Ungdomsheimen og NAF | Kvam heradsstyre godkjenner at det vert sendt ei oppmoding til Vestland fylkeskommune om nedsett fartsgrense til 60 km/t mellom gamle ungdomsheimen og NAF.<br>Det er ein forutsetning for fysisk innføring av fartsgrense på 60 km at rekkefylgjekravet på strekninga samstundes vert fjerna, når etablering av gang og sykkelveg finn stad. | Forsinket | | Kommunen venter på at Vestland Fylkeskommune skal sende sak om nedsett fartsgrense til Statens vegvesen. Signalene var at brevet skulle ut før 2023. |
| HST- sak 052/20 Fykse barnehage. Overdraging av tomt | Tomta vert seld til Fykse sanitetslag for 1 krone. Ved eventuelt seinare vidersalg av eigedomen, skal verdien av tomta setjast i trå med takst 150.000. justert for indeks fram til salstidpunktet, og skal tilfalla Kvam herad. | Forsinket | Låg risiko | Semje om eigedomsoverdraging, men ikkje tinglyst pr dags dato. |
| Oppstart og finansiering av reguleringsplan - Skarpen næringsområde | Kvam heradsstyre vedtar følgjande:<br><br>1. Det vert oppretta eit nytt prosjekt: Reguleringsplan for Skarpen næringsområde | Forsinket | | Reguleringsplanen er ikkje vedtatt. Motsegner i frå fylkeskommunen er trekt. Planen kan endeleg vedtakast. |

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| | 2. Prosjektet, fram til offentleg ettersyn, vert budsjettert til kr. 750.000,- Arbeidet vert lyst ut på anbod<br><br>3. Finansiering av prosjektet: Kraftfondet kr 750.000,-<br><br>4. Planarbeidet vert starta opp og kunngjort i samsvar med plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar. | | | |
| Rullering av kommundelplanen for Kvamskogen - arealstrategiar | Kvam heradsstyre viser til mål og arealstrategiar som det er gjort greie for i saka og legg desse til grunn for vidare arbeid med rullering av kommunedelplanen for Kvamskogen. | Ferdig | | Arealstrategi for Kvamskogen er oppdatert. |

# Samfunn og utvikling

## Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: Samfunn og utvikling

## Utvikling og utfordringer

**Energi og miljø**

Kvam herad vedtok i 2021 kommunedelplan for energi og klima, med målsetjing om å redusera klimagassutsleppa med 55% innan 2030. Viktige tema i planen er :

- Energi
- Areal og transport
- Jordbruk og skogbruk
- Bygningar
- Biologisk mangfald
- Næring
- Klimaleiing
- Haldningsskapande arbeid
- Samarbeid med andre

Kvam herad gjorde og vedtak i 2021 om å melda seg inn i Klimapartner Vestland. Via medlemskapet i Klimapartner Vestland, pliktar kommunen seg til:

- Utarbeida årleg rapport over eigne utslepp av klimagassar, samt laga planar og gjera tiltak for å redusera desse.
- Innføra miljøstyring og miljøsertifisering av eiga verksemd.
- Delta på partnerarrangement med representant(ar) frå toppleiinga.
- Arbeida for å utvikla produkt eller tenester som bidreg til reduksjon av klimagassutslepp.

**Naturforvaltning og friluftsliv**

Friluftslivets ferdselsårer

Friluftslivets ferdselsårer er eit nasjonalt prosjekt som skal føre til betre planlegging og forvaltning av ferdselsårer som vert nytta til rekreasjon og friluftsliv. Målet er å identifisera, ta i vare og utvikla viktige stiar, turvegar, løyper og leier i kommunane. Gjennom ein plan for friluftslivets ferdselsårer vil kommunane ha betre kunnskapsgrunnlaget og få eit verktøy for å forvalte ferdselsårene på ein meir heilskapleg og berekraftig måte.

Kvam herad har søkt og fått til skot til steg 1 og 2. Det vil bli søkt om støtte til steg 3 og 4 i 2023.

Dagsturhytta - Kvilekroken

Hytta og turen har vorte veldig bra med merka sti opp, fin uteplass, toalett og moglegheit for å låna kajakk og kano til bruk på vatnet

- samarbeid med turlaget om drift av hytta
- mange som vitja Kvilekroken (per 13.feb 2201 gjester som er registret i postkassetrimmen)
- nynorskbibliotek på hytta

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Rekreasjon i tettsted | 1 556 | 1 711 | 1 927 | 2 009 | 298 | 14,9 % |
| Naturforvaltning og friluftsliv | 1 574 | 1 602 | 1 335 | 2 357 | 755 | 32,0 % |
| Kulturminner | 75 | 104 | 0 | 0 | -104 | 0,0 % |
| **Sum** | **3 204** | **3 417** | **3 262** | **4 367** | **949** | **21,7 %** |

## Kommentar til status økonomi

Rammeområdet samfunn og utvikling hadde eit samla mindreforbruk på 0,95 mnok i 2022.

0,3 mnok er bruk av fondsmidlar til driftsprosjektet P71091 Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik, medan utgiftssida ligg på tjenesteområdet for samferdsel.

Det var budsjettert med 1 mnok i tilskot til private frå Klima og energifondet i 2022 og 7 mnok i 2023. Heile tilskotsordninga på 8 mnok vart løyvd i 2022, medan utbetalingane enda på 2,6 mnok og er rekneskapsført på tenesteområdet for kommunehelse i 2022.

Naturforvaltning og friluftsliv hadde eit meirforbruk på 0,3 mnok som er kjøp av tenester på viltforvaltning frå andre kommunar, samt meirutgifter på drift og tilsyn av friluftsområder.

## Status investeringar

*Beløp i 1000*

| | Totalbudsjett | | | Budsjett for året | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Investering | Vedteke totalt | Påløpt totalt | Vedteke ferdigår | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Driftskonsekvens |
| Dagsturhytte | 0 | 288 | 2024 | 0 | 1 | -1 | Nei |
| **Sum** | **0** | **288** | | **0** | **1** | **-1** | |

## Status politiske vedtak

### Budsjettvedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| Budsjettvedtak 2022-11: "Heradsstyret er kjent med at det gjenstår eit kommunalt bidrag på ca 2,5 mill til Hardanger og Voss Museum sitt prosjekt Tett På. Dette er ikkje teke inn i budsjettframlegget men tenkt løyst etter søknad om stønad til Kraftfondet ved neste tildeling." | | Ikke startet | | Hardanger og Voss museum har via vedtak i heradsstyret fått løyvd 2,5 mill kr til prosjektet. |
| Budsjettvedtak 2022-5: "Fritidskortet. Heradet kompenserer ordninga for 2022 med 1 mill. for å fullfinansiera den." | | Ferdig | | Odninga vert gjennomført med kommunale midlar ut 2022. Har fått midlar til koordinatorstilling på inntil 380.00,- kr i 2022 og fram til 2024. |
| Budsjettvedtak 2022-9: "Heradsstyret set av 1 mill kr i 2022 slik at føretak som ynskjer å etablere solcelleanlegg i landbruk/næring kan søkja tilskot frå Kvam herad. Maks grense for tilskot er inntil 15 % av prosjektkostnad og maks tilskot pr anlegg er inntil 50 000 kr." | | Ferdig | | Arbeidet har starta opp og søknadsskjema er på plass. Ein søknad så langt i 2022. |

### HST- og FSK-vedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| HST 026/22: Kvam heradsstyre ber rådmannen greia ut moglegheitene for fjernvarmeanlegg i Kvam- både når det gjeld kapasitetsauke på eksisterande anlegg og etablering av nye. | 1. Kvam heradsstyre ber rådmannen greia ut moglegheitene for fjernvarmeanlegg i Kvam- både når det gjeld kapasitetsauke på eksisterande anlegg og etablering av nye.<br>2. Kvam heradsstyre ber rådmannen koma tilbake med politisk sak til heradsstyret med overslag som viser investeringar og potensielle innsparingseffektar. Arbeidet vert knytta opp til handlingsdelen til klima og energiplanen. | Ikke startet | Høg risiko | Vurderingar krev innleie av konsulent. Treng avklaring på omfang/bestilling før anbodsprosess vert sett i gang. |
| HST 027/22: Utgreiing av hurtigladestasjonar for elbil i Kvam | Kvam heradsstyre ynskjer hurtigladestasjonar for elbil i alle dei definerte bygdesentra i Kvam, med | Ikke startet | | Har starta innleiande dialog med potensiell aktør. |

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| | serskilt vekt på trafikk-knutepunktet i Tørvikbygd.<br>Heradsstyret ber rådmannen greia ut kommunal medfinansiering av ei slik investering, i dialog med Fylkeskommunen. Rådmannen skal komme tilbake med politisk sak til heradsstyret seinest til budsjettmøtet.<br>Heradsstyret bed om at det også vert vurdert løsninger for ladepunkt for sykkel i samband med dette. | | | |
| HST 040/22 Søknad om tilskot til Hardangerbadet AS. Tildelt til saman 2 MNOK. | **HST 040/22 Søknad om tilskot til Hardangerbadet AS for 2021**<br>For å sikra grunnlaget for, og drifta av den kommunale skulebadinga og annan «allmenn idrettsleg verksemd», innvilgar Kvam heradsstyer Hardangerbadet AS eit tilskot til drifta på 2 mill.kr. Tilskotet vert gjeve med følgjande vilkår:<br>• Hardangerbadet Eigedom AS ettergjev gjeld eller aukar eigenkapitalen i selskapet med minimum 1 mill.kr.<br>• Kausjonistane dekker underskotet på 1 mill.kr. i Kvammabadet KF, og fråseier seg sitt moglege regresskrav mot Hardangerbadet AS.<br>Rådmannen får høve til å betala ut halve tilskotet - inntil 1 million kroner - med ein gong.<br>Resterande tilskot frå Kvam herad til Hardangerbadet AS kan betalast ut når vilkåra elles er oppfylte.<br>Kvam heradsstyre føreset at Hardangerbadet AS anna kvar månad i 2022, held fram med å levera perioderekneskap og rapportar på besøkstal, fordelt på dei ulike billettgruppene. | Ferdig | | Det er utbetalt 2,0 MNOK i samsvar med vedtaket. |
| HST 042/22 Tertialrapport 2022, 1. tertial - HST tillegg e) og HST 043/22 Utkast til økonomiplan 2023-2026 - tillegg 2) Kvam herad opprettar eit klima og energifond med 3 MNOK i 2022 og 5 MNOK i 2023. | **Kvam herad opprettar eit klima og energifond.**Fondet skal etter søknad gje tilskot til klima- og energitiltak i burettslag og sameige, næringsverksemder og private bustader. Fondet skal bidra til å redusera klimagassutslepp og effektivisera energibruken i Kvam.- Energiforbetring i bustader- Energiforbetring i burettslag og sameige- Tilskot til ladeinfrastruktur for elkøyretøy i næringslivet- Tilskot til solcelleanlegg i privatbustader, burettslag, sameige og yrkesbygg. Tilskot til rådgjevingstenester kan også gjevastTilskota kan gjevast for inntil 30% av dokumenterte | Iht. plan | Middels risiko | Midlane for 2022 vart lyst ut i 2022 og vart eit svært populært og etterspurt tiltak. Retningsliner vart utarbeidd og tiltak vart gjennomført fortløpande i 2022. Midlane for 2022 er nytta fullt ut. Ny rapport kjem for 2023. |

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| | kostnader, med tak på kr 50.000,- pr bustad, eller seksjon, og gjeld tiltak som ikkje er avslutta pr 01.06.22Heradsstyret bed administrasjonen utarbeida nærare retningsliner for tildeling. og føreset at søknads- og saksbehandlingssystem er i gang i løpet av hausten 2022.Kvam heradsstyre set av tre millionar kroner for 2022, og nye fem millionar for 2023.Finansiering: Disp.fond - ekstra kraftinntekter. | | | |
| HST 088/21 Mellombelse lokaler for Kvam kulturskule | Kvam kulturskule vert mellombels plassert i sentrumsnære næringslokale i Norheimsund, i samlokalisering med biblioteket i Høganesgården, i tidsrommet desember 2021 – juni 2027. Estimert flytte- og leigekostnad i perioden på om lag 1,4 mill.kr. vert innarbeidd i budsjett/økonomiplan. | Ferdig | | Kulturskulen er etablert i Høganæs-gården. |
| HST 089/21 og HST 044/22 Mellombelse lokaler for vaksenopplæringa | HST 089/21 "Vaksenopplæringa vert mellombels plassert i sentrumsnært næringslokale i Norheimsund i byggjeperioden til ny vidaregåande skule. Estimert leigekostnad på om lag 3 mill.kr. i perioden august 2022 - juli 2026, vert innarbeidd i budsjett/økonomiplan. "<br><br>HST 044/22 Mellombels plassering av Vaksenopplæringa - behov for auka økonomiske rammer<br>Kvam heradsstyre gjev rådmannen fullmakt til å innarbeida leige- og flytteutgifter på om lag 4,2 mill.kr., samt ein margin på 0,2 mill.kr, i 2. tertial 2022, og økonomiplanperiode for 2023-2026. Det vert oppretta eit investeringsprosjekt på 0,7 mill.kr. eks. mva. til innkjøp av ulikt utstyr, finansiert med lån. | Iht. plan | Middels risiko | Avtale om leige er inngått og oppussing av lokale pågår. Innflytting våren 2023. |

# Kultur

## Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: Kultur

## Utvikling og utfordringer

**Kino**

I tillegg til ordinære framvisingar ( fredagar og sundagar) har kinoen samarbeidd med Kvam Filmklubb, Den kulturelle skulesekken og Demensforeininga i Kvam.

Det er og vist eigne framsyningar for borna i Ferieklubben og for Ung Fritid ( sommar- haust- og vinterferie), samt samarbeid med Ungdomsbasen.

Det har vore 155 framsyningar i 2022, med 3 167 vitjingar. Dei mest vitja filmane, var Spiderman, Kardemommeby, Krigsseileren og Teddybjørnens jul.

Kinoen i Kvam har same utfordringar som andre, med litt publikumssvikt etter pandemien. Trenden er likevel at talet på dei som vitjar kinoen går opp tatt, men det er avgjerande kva filmtilbod kinoen får visa framover, og om publikum viser interesse for å gå på kino.

I kommunebarometeret ifrå 2021 ligg Kvam på plass nr 147. Det var 0,41 kinovitjingar pr innbyggjar. Noko lågt samanlikna med andre kommunar.

**Kultur**

Kulturprisen for 2022, vart tildelt Fosse- stiftinga i Strandebarm. Noko av grunngjevinga. " *Fossestiftinga er ein verdig vinnar gjennom sitt einestående engasjement der dei fremjar Jon Fosse sitt forfattarskap. Dei har i mange år lagt ned mykje arbeid, no med auka aktivitet med tilstellingar og kjøp og drift av det som no har vorte Fossehuset».*

Kulturminnedagen 2022 vart gjennomført i Strandebarm 25.9.22. Tema for dagen var: "*Kulturhistorisk vandring i gudshus og samfunnshus i Strandebarm og Norheimsund».* Arrangementa var eit samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og Kvam herad. Det var godt oppmøte på arrangementa.

Andre tiltak for gjennomføring av kulturminneplanen i 2022. Det vart lyst ut lokale kulturmidlar for tiltak på "gul liste". Det vart delt ut midlar til Omaholmen ( vindauge i bygning), Røyrvik( tak på naust), Folkets Hus ( kjøken) og golv på Nes gardssag.

I 2022 fekk Kvam herad utarbeidd "Rapport om naustmiljøa i Kvam. Oppfylging av kulturminneplanen. Rapporten stadfestar at Kvam herad er rik på kulturminne langs med fjorden, kulturminne som fortel ein viktig del av vår eigen historie. Kvam herad er i dialog med fylkeskommunen om å fylgja opp rapporten med eit felles prosjekt

**Born og unge**

Kvam har deltatt på pilotprosjekt saman med Bufdir om ordninga med fritidskort fram til prosjektperioden vart avslutta 31.7.22. Kvam valde å gå vidare med kommunal variant av ordninga etter at pilotprosjektet var avslutta. Kvam herad har fokus på at dette skal vera ei universell ordning, og nyttar «Friskus» som verktøy for lag/organisasjonar og betaling av kontingent.

Målet med ordninga har vore at alle barn og unge skal kunna delta på faste, organiserte aktivitetar, uavhengig av familien sin økonomi, og at dei skal kjenna at dei har ein stad å høyra til der dei kan få oppleva meistring på fritida. I 2022 var det 828 barn og unge som nytta fritidskortet. Det er 69 % av alle barn og unge i kommunen. Fritidskortet gjev born i alderen 6-18 år kr 1000 pr halvår til å betala medlemskontingent på fritidsaktivitetar.

Fritidskortet pluss er ei ordning der dei som har behov for det får auka verdi på kortet.Det er ein stor auke i talet på dei som nyttar seg av denne ordninga, totalt ca. 60 barn/unge/familiar i 2022.

Ordninga med fritidskort fører også til inntekter/medlemskontingengar til lag og organisasjonar i Kvam som gjev tilbod til barn/unge.

Kvam har søkt og fått tilskot frå Bufdir til deler av fritidskoordinatorstillinga fram til 31.12.24

Leikeområde

Desse laga søkte og fekk tilskot til utbetringar og vedlikehald av leikeplassar: Oma grendautval, Tørvikbygd grendautval, Tolohagen Vel, Torebøen Vel, Sandven Vel, Fykse grendalag, Nedre Valland leikeplass, Vavollen vel, Sundsvik Vel, Hegrehaugen Vel, Dalheim Vel og Heleberhaugen Vel. Totalt vart det fordelt 200 000.

Ferieklubben

Sommaren 2022 var ferieklubben for born i alderen 6-10 år 2 veker etter skuleslutt, og to dagar før skulestart. Klubben hadde base på SFO på Norheimsund barneskule, og det var ca 40 born med kvar veke. Døme på aktivitetar var: temadagar, utflukter, bading, kino, turar i nærmiljøet mm.

Ung fritid

Samarbeid med Oppvekst om planlegging og gjennomføring av ferieaktivitetar for barn og unge i skulen sine feriar. Prosjektmidlar frå Buf-dir og kommunale midlar finansierer tiltaka.

**Menneske med nedsett funksjonsevne**

Kvam herad organiserer ulike fritidstilbod for personar med nedsett funksjonsevne, t.d. klubb, boccia og ulike kulturarrangement. Tiltaka er tilpassa ulike funksjonsnivå og interesser, og er faste vekestilbod i tillegg til sporadiske tilstellingar. Kvam har ledsagarordning der dei som søkjer og får ledsagarbevis kan få med 1 ledsagar gratis på arrangement. Arrangørar som får kommunalt tilskot er pliktar delta i ordninga.

**Idrett og friluftsliv**

Det har vore innsendt og handsama 17 ordinære spelemiddelsøknadar i 2022, tilsaman kr 20 604 000 og det har vore innsendt og handsama 1 nærmiljøsøknad, tilsaman kr 300 000.

Treningstider - utleige av idrettshallar

På papiret er idrettshallane i Kvam nesten heilt fulle på vanlege ettermiddagar. Mange lag og organisasjonar tilbyr trening i hallane våre. Om laga brukar treningstidene dei har søkt om og fått tildelt har me ikkje oversikt over, men inntrykket er at hallane er mykje brukt.

Fylgjande har treningstider i hallane våre.

- Strandebarm IL (mange ulike grupper)
- Norheimsund fotball
- Kvam handballklubb
- Rossvoll VBK
- Kvam gym og trampettklubb
- Kvam Innebandy
- Kvam Badminton
- Kvam Revmatikarlag
- Norheimsund skulemusikk
- Øystese fotballklubb
- Øystese idrettslag
- Kvam basket
- Kvam LSK
- Kvam klatreklubb

Idrettsrådet

- Kvam herad deltek på alle møter i idrettsrådet
- Idrettsrådet kjem med innspel til fordeling av kommunale midlar (midlar som gjeld idrettslag)
- Idrettsrådet fordeler og tilskotsmidlar som kjem frå Norges idrettsforbund

Oppfylgjing av plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i 2022.

Planen er i aktiv bruk og vert nytta som grunnlag for vidare arbeid innan eigenorganisert fysisk aktivitet, friluftsliv, bruk og drift av anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Kunstgras

- synfaringsrapportar av banane i Kvam
- møte med klubbane, kretsen og Norges fotballforbund

**Bibliotek**

I 2022 har biblioteka i Kvam hatt «normale» opningtider, dvs like mange timar ope som før pandemien. Det har vore eit godt år med auke i utlån og ikkje minst auke i dei som vitjar biblioteka.

Gjennom heile året har biblioteket gjennomført språktreff kvar tysdag og digitale tematreff kvar torsdag. Biblioteket har nytta plattforma Whereby. I tillegg har biblioteket hatt ei rekkje gode arrangement og kampanjar:
Vinterlesbingo for vaksne, Klimaveka, Pride, Kafe Påfyll, Sykle til jobben-aksjonen, Sommarles, Møteplass for Ukrainske flyktningar, Gjenbruksveka, KvammaVEKO, konsertar, forfattarbesøk, forteljarstunder og teaterframsyningar.

***Utlånstal*** *(fysiske utlån)2021 samanlikna med 2022* (inkl. fornyingar)

| | **2021** | **2022** | **Nedgang/ oppgang i tal** | **Nedgang/ oppgang i %** |
|---|---|---|---|---|
| **Nhs. hovudbibliotek** | 16980 | 21384 | + 4404 | + 26 % |
| **Strandebarm filial** inkl.Strandebarm skule | 6170 | 5867 | - 303 | - 5 % |
| **Ålvik filial** | 2 865 | 3931 | + 1066 | + 37% |
| **Sum utlån** | 26 015 | 31182 | +5167 | +20 % |
| **Tal på fysiske besøk i biblioteka** | **16361** | **22355** | **+5994** | **+36,5%** |

I mai 2022 gjekk Kvam bibliotek over frå det gamle biblioteksystemet Mikromarc til det nyutvikla systemet Quria. I samband med overgangen vart organiseringa av katalogane til både folkebiblioteket og skulebiblioteka i heradet endra og slått saman. Biblioteket heldt stengt for utlån/innlevering i 1 veke og to dagar for å få på plass alle endringane, men alle faste arrangement gjekk som vanleg. Dagane med stengt bibliotek, vart nytta til kurs og opplæring.
Quria-systemet er relativt nytt på marknaden og framleis ikkje heilt skreddersydd til norske bibliotekforhold, men me ser at det opnar opp for nye og framtidsretta tenester til publikum. Med det nye systemet kom og ny nettløysing: https://www.kvam.axiell.no/ Denne er eit stort steg i riktig retning samanlikna med web-søket som var knytt til det gamle systemet til biblioteket.

Det at me har to system å henta informasjon frå i 2022, gjer at me ikkje kan visa riktige *lister* over kva for bøker som har vore mest utlånt det siste året, men me føler oss sikre på at trenden med krim for vaksne og teikneserieromanar for born har halde seg like populært som i 2021.

**Dette er dei tre titlane som var mest utlånt :**
Krim, vaksne : Uvigslet jord (Agnes Lovise Matre)
Annan skjønnlitteratur, vaksne : Å vanne blomster om kvelden (Valerie Perrin)
Sakprosa, vaksne : Min skyld (Abid Q. Raja)

Kvam bibliotek tilbyr lån av e-bøker og e-lydbøker gjennom appen *Bookbites.* Bruken og utlånet var høgt i 2022 og me brukte ein større del av bokbudsjettet til å kjøpa inn elektroniske medium.

I 2022 løyvde heradsstyret kr 250 000 til meiropen løysing i Ålvik bibliotek. I tillegg skaffa me kr 100 000 frå Vestland fylkeskommune til same formål. Endå manglar det i underkant av kr 100 000 før me kan gå i gang med prosjektet.

Biblioteket er tilbake etter pandemi. Me opplevde auke i besøk og utlån og jamn deltaking på arrangement. Viss me skal nemne noko av alt det kjekke som skjedde dette året, hadde me vitjing av den store forfattaren Tore Renberg i samband med KvammaVEKO. Han hadde to reflekterte og gode foredrag på biblioteket i Norheimsund, begge med psykisk helse som bakteppe. Det var fulle hus begge dagane.

2022 var det året me sette ekstra fokus på miljø og klima i Kvam bibliotek. Bibliotektet var med å arrangera Klimaveka der me sette søkelys på klima og miljøtiltak og kva me sjølv kan gjera for å få ein skilnad i den store miljørekneskapen. Arrengementa var samarbeid med Kvam vgs, Grannehjelpa og Samnanger bibliotek. Me hadde teaterframsyning for dei minste i heile kommunen – med handling frå havets botn. Me hadde foredrag om isen som smeltar og havet som stig. På Språktreff var miljøvern tema og på tematreff i Torefjell hadde me samtale med Natalia Golis om grøn politikk.
Bibliotektet var og med på "Sykle til jobben", deltok og i BIR si Gjenbruksveka med kurs, utstillingar og fokus på gjenbruk i dei faste aktivitetane våre. Bibliotektet har og slutta med eingongkoppar og bestikk. Eit lite steg som gjev stor meining.
Sjølve prinsippet med bibliotek er gjenbruk! Utlån av same bok om att og om att til nye personar, er gjenbruk. Det er me krye av.

I fylgje kommunebaromteret i frå 2021, så avla innbyggjarane i Kvam 2,01 vitjingar på biblioteket. Noko lågare enn fleirtalet i av kommunane i landet. Når det gjeld andelen vaksne som er aktive låntakarar, så ligg Kvam på 28 plass i landet. På landsbasis er 28,1% av dei vaksne aktive lånarar, i Kvam er talet på 45,5%.

**Kulturskulen**

Nytt i 2022 er eit samarbeid med Helse og omsorg der to tilsette frå kulturskulen også er i arbeid for Helse- og omsorg i eit musikkterapiprosjekt.

I fylgje kommunebarometeret, så får kulturskulelevane i Kvam 18,84 timar med undervisning i 2021. Når det gjeld andel av elevar som går på kulturskulen, så låg Kvam på 60 plass i landet i 2021. I 2017, var kommunen på 127 plass. Nasjonalt er 22.43% mellom 6 og 15 år på kultur- og musikkskule. I Kvam er dette talet på 33,17.

Utvikling og utfordringar:

Kulturskular over heile landet ser eit synkande elevtal. Her i Kvam har denne trenden vore mindre enn mange andre stadar, men me ser det også her. Dette tyder ikkje at kulturskulen har utspelt si rolle, eller at det ikkje finst behov for kulturskulen sine tenester. Mykje forsking viser til at det kanskje meir enn nokon gong er viktig å læra og uttrykke seg og finna ro eller gleda i det å skapa. Ei utfordring for kulturskulen er difor å halde fram nyskapingsarbeidet som alt er på gang. Ein skal ikkje gå bort frå den tradisjonelle ein-til-ein undervisning på td. song, piano eller trombone, men ein må gjera dette samstundes som ein ser etter nye fagtilbod og nye måtar å organisere seg på.

Hendingar i 2022:

Også første del av 2022 vart vart noko prega av korona og nedstenging. Som erstatning for to avlyste kakaokonsertar i Kabuso vart det ein laurdagskonsert i Strandebarm på våren. På hausten fekk me to fine konsertar i Kabuso. Damekoret FRYD og gutekoret Gullgutane hadde ein fin vårkonsert før sommarferien og også ein stemningsfull julekonsert i desember. Den store satsinga i 2022 var likevel «Tre nøtter til Askepott». Ei framsyning med over 80 unge og eldre aktørar i sving. Framsyninga vart sett opp i Norheimsund idrettshall og nær 1200 personar såg framsyninga.

Flytting og byting av kulturskulelokale skjedde også i februar. Me flytta kulturskulehjartet frå den gamle ungdomsskulen i Norheimsund til Høgenæsgården i Grova. Der trivst me godt.

Me gjennomførde fleire nye aktivitetar og prosjekt i 2022; bla lagde me musikkvideo og adventskalender som vart publisert på kulturskulen si facebookside.

Økonomi:

Trass eit snev av korona i starten på 2022, vart det ikkje naudsynt med noko redusert elevbetaling. Me har vore bortimot vore tilbake til normal undervisning heile 2022. Me fekk eit kommunalt tilskot til vår store produksjon «Tre nøtter til Askepott».

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Aktivitetstilbud barn og unge | 89 | 1 214 | 1 684 | 1 643 | 429 | 26,1 % |
| Bibliotek | 2 946 | 3 497 | 3 273 | 3 323 | -174 | -5,2 % |
| Kino | 815 | 750 | 659 | 733 | -17 | -2,4 % |
| Muséer | 1 167 | 1 080 | 795 | 882 | -197 | -22,4 % |
| Kunstformidling | 277 | 186 | 723 | 717 | 530 | 74,0 % |
| Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg | 1 555 | 1 551 | 1 699 | 1 699 | 148 | 8,7 % |
| Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg | 6 865 | 7 659 | 2 092 | 4 999 | -2 659 | -53,2 % |
| Musikk- og kulturskoler | 5 670 | 6 415 | 6 216 | 6 291 | -124 | -2,0 % |
| Andre kulturaktiviteter og tilskudd til andres kulturbygg | 2 432 | 3 286 | 5 687 | 2 880 | -406 | -14,1 % |
| Kommunale kulturbygg | 458 | 376 | 224 | 293 | -83 | -28,2 % |
| **Sum** | **22 273** | **26 014** | **23 052** | **23 461** | **-2 553** | **-10,9 %** |

## Kommentar til status økonomi

Rammeområdet for kultur hadde eit samla meirforbruk på 2,5 mnok i 2022. Det største avviket er på drift og tilsyn av kommunale idrettsbygg som er ei feilbudsjettering av utgifter og inntekter vedrørande Kvammabadet KF.

Bibliotek har eit meirforbruk på 0,25 mnok som i hovedsak skuldast meirutgifter på løn samt auka pris på lisens og bøker, musikk og video.

Museèr har nytta 0,2 mnok meir enn budsjettert. Årsaken er auka kommunalt tilskot til Hardanger og Voss museum, i tillegg til auka kostnader til straum og husleige ved musea i 2022.

Det er nytta 0,1 mnok meir på drift og tilsyn av kulturbygg i 2022.

# KOSTRA Nøkkeltal

## Kostra-analyse

| | Kvam 2021 | Kvam 2022 | Landet uten Oslo | Kostragruppe 05 |
|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | |
| Netto driftsutgifter til andre kulturaktiviteter per innbygger (B) *) | 356 | 402 | 368 | 479 |
| Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbygger (B) *) | 403 | 454 | 322 | 512 |
| Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år *) | 7 028 | 7 152 | 2 942 | 5 564 |
| **Dekningsgrad** | | | | |
| Barn 6-15 år i kommunens kulturskole (prosent) | 27,9 % | 29,8 % | 13,2 % | 20,0 % |
| **Kvalitet** | | | | |
| Besøk i folkebibliotek per innbygger | 2,0 | 2,6 | 3,8 | 3,9 |
| Medie- og lønnsutgifter i folkebibliotek per innbygger | 291 | 337 | 284 | 412 |
| **Kommunekasse** | | | | |
| Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud barn og unge per innbygger (B) (Kommunekasse) *) | 19 | 247 | 223 | 228 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*

## Status investeringar

*Beløp i 1000*

| Investering | Totalbudsjett Vedteke totalt | Påløpt totalt | Vedteke ferdigår | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Driftskonsekvens |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0* Ny inngangsdør Ingebrigt Vik museum | 100 | 112 | 2022 | 100 | 112 | -12 | Nei |
| Ny varmepumpe Norheimsund idrettshall | 1 125 | 626 | 2022 | 1 125 | 626 | 499 | Nei |
| Sjølvbeteningsløysing Ålvik bibliotek | 313 | 0 | 2023 | 1 | 0 | 1 | Nei |
| Vaskerobot Øystese Idrettshall | 938 | 892 | 2022 | 938 | 892 | 46 | Nei |
| **Sum** | **2 475** | **1 630** | | **2 163** | **1 630** | **533** | |

## Status politiske vedtak

### HST- og FSK-vedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| HST 042/22 Tertialrapport 2022, 1. tertial - HST tillegg f) Prosjekt – meir ope biliotek - Ålvik | HST 042/22 Tertialrapport 2022, 1. tertial - HST tillegg f) Prosjekt – meir ope biliotek - Ålvik<br>Kvam heradsstyre bed rådmannen investera i og installera kortlesar, bokscanner, og evt<br>anna naudsynt utstyr til biblioteket i Ålvik, slik at det vert mogleg for brukarane av<br>biblioteket å koma seg inn alle dagar i veka. Erfaringane med prosjektet kan brukast i<br>vurdering av liknande tiltak ved dei andre biblioteka i Kvam.<br>Det vert sett av inntil kr 250.000,- til dette.<br>Finansiering: Lån | Forsinket | Låg risiko | Kvam herad har også fått eksterne midlar. Prosjektet manglar midlar og treng å få utvida ramme i 1.tertial. |
| Oppfylging av kulturminneplanen. Intensjonsavtale om drift av Ålvik industriarbeidermuseum | Kvam herad vedtek intensjonsavtalen slik den ligg føre, som grunnlag for vidare samarbeid i mellom Kvam herad og Kraftmuseet i Tyssedal. | Forsinket | | |

# Kyrkja

## Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: Kyrkja

## Utvikling og utfordringer

Viser til kyrkja si eiga årsmelding for 2022 for meir informasjon.

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Den norske kirke | 4 651 | 5 270 | 5 270 | 5 270 | 0 | 0,0 % |
| Andre religiøse formål | -1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Gravplasser og krematorier | 1 100 | 1 125 | 1 125 | 1 125 | 0 | 0,0 % |
| **Sum** | **5 750** | **6 395** | **6 395** | **6 395** | **0** | **0,0 %** |

## Kommentar til status økonomi

Kyrkjeleg fellesråd fekk totalt 6,4 mnok i tilskot i 2022. Fordelt med 4,8 mnok i tilskot til kyrkja i 2022, 1,1 mnok i tilskot til kyrkjegardar og 0,5 mnok i tilskot til vedlikehald av kyrkjer.

Til samanlikning vart det utbetalt totalt 5,7 mnok i 2021.

## KOSTRA Nøkkeltal

## Kostra-analyse

| | Kvam 2021 | Kvam 2022 | Landet uten Oslo | Kostragruppe 05 |
|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | |
| Den norske kirke brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) | 576 | 618 | 597 | 997 |
| **Dekningsgrad** | | | | |
| Døpte i prosent av antall fødte (B) | 59,0 % | 80,5 % | 59,5 % | 81,3 % |
| Konfirmerte i prosent av 15-åringer (B) | 67,8 % | 59,0 % | 52,9 % | 69,6 % |
| Medlem og tilhørige i Dnk i prosent av antall innbyggere (B) | 78,9 % | 78,2 % | 66,8 % | 78,1 % |

**) Inflasjonsjustert med deflator*

## Status politiske vedtak

### Budsjettvedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| Budsjettvedtak 2022-8: "Heradsstyret løyver og 500 000 kr ekstra til Kyrkjeleg fellesråd for å styrka vedlikehaldet av kyrkjebygga i Kvam." | | Ferdig | | Stønaden på kr 500.000 er utbetalt. |

# Samferdsel

## Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: Samferdsel

### Utvikling og utfordringer

Det kommunale vegnettet er gjennomgått etter tidlegare politisk vedtatt vegnorm og fleire korte vegstrekk er nedklassifisert til private vegar. I ettertid har det kome nokre reaksjonar på nedklassifiseringa, og kommunen har mellom anna lagt ut rettleiar for korleis private kan danne veglag.

Asfaltering har vorte utført etter prioriteringsliste og fleire lange vegstrekk har fått nytt dekke. Dette gjeld mellom anna Liabrekka, Rosselandsvegen, Lambadalen, Tolo og Trånavegen.

Uro i Europa har ført til spesielt stor kostnadsauke knytt til tilsettingsstoff for asfaltering.

For å betra trafikktryggleiken, har det vorte utført fleire tiltak knytt til lys, rekkverk og fartsreduserande tiltak i løpet av året.

Maskinparken til drift av vegnettet har fungert bra, med nokre få unntak.

### Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommunale veier | 12 790 | 16 870 | 12 277 | 13 578 | -3 291 | -24,2 % |
| **Sum** | **12 790** | **16 870** | **12 277** | **13 578** | **-3 291** | **-24,2 %** |

## Kommentar til status økonomi

Det vart eit meirforbruk på rammeområdet Samferdsel på nær 3,3 mnok i 2022.

Ein del av dette er knytt til høgare drivstoffutgifter, samt auka elektrisitet- og vedlikehaldsutgifter av veglys.
Dette utgjorde til saman ca. 1,1 mnok.

Det var knytt spenning til om ein klarte å halde seg innanfor ramma for snøbrøyting då det kom større snøfall tidleg på året som tok store delar av budsjettet. Det enda med eit meirforbruk på nær 0,7 mnok på snøbrøyting.

Ein fekk heller ikkje inn like mykje inntekter for snøbrøyting av Fylkeskommunale vegar som budsjettert.

Det vart òg ført avskrivingar for vel 1 mnok meir enn budsjettert.

# KOSTRA Nøkkeltal

## Kostra-analyse

| | Kvam 2021 | Kvam 2022 | Landet uten Oslo | Kostragruppe 05 |
|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | |
| Brutto driftsutgifter til samferdsel i kr per innbygger *) | 1 936 | 2 363 | 2 093 | 2 770 |
| Brutto investeringsutgifter i kr pr. innbyggere, komm. veier og gater *) | 1 212 | 2 428 | 1 323 | 1 631 |
| **Produktivitet** | | | | |
| Brutto driftsutgifter i kr til gatebelysn. pr. km komm. vei *) | 11 051 | 27 226 | 27 145 | 17 711 |
| **Dekningsgrad** | | | | |
| Andel km tilrettelagt for syklende i prosent av alle kommunale veier (prosent) | 14,3 % | 14,8 % | 14,3 % | 7,5 % |
| Andel kommunale veier og gater med belysning i prosent av alle kommunale veier (prosent) | 83,0 % | 86,1 % | 65,8 % | 41,5 % |
| **Kvalitet** | | | | |
| Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb | 18 | 18 | 109 | 101 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*

## Status investeringar

*Beløp i 1000*

| | Totalbudsjett | | | Budsjett for året | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Investering** | **Vedteke totalt** | **Påløpt totalt** | **Vedteke ferdigår** | **Rev. bud.** | **Rekneskap** | **Avvik i kr** | **Driftskonsekvens** |
| 0* Varmepumpe Sandven | 350 | 384 | 2022 | 29 | 63 | -34 | Nei |
| 0/1*Rekkverk kommunale vegar - årleg | 2 813 | 1 012 | 2025 | 72 | 0 | 72 | Nei |
| Asfaltering - årleg prosjekt | - | - | LØPANDE | 2 625 | 2 738 | -113 | Nei |
| Fornying teknisk utstyr - årleg | - | - | LØPANDE | 754 | 643 | 111 | Nei |
| Gatelys i Tørvikbygd | 500 | 0 | 2023 | 100 | 0 | 100 | Nei |
| Kommunale bruer - årleg | - | - | LØPANDE | 313 | 164 | 149 | Nei |
| Oppgradering av kommunale kaiar | 9 375 | 6 222 | 2029 | 3 722 | 1 085 | 2 637 | Nei |
| Overvassleidning Norheimshagen | 1 100 | 19 | 2024 | 1 100 | 19 | 1 081 | Nei |
| Rassikringstiltak - årleg | - | - | LØPANDE | 4 346 | 1 282 | 3 063 | Nei |
| Riving av bustadhus og omlegging av kommunal veg i Øystese | 638 | 208 | 2023 | 638 | 208 | 430 | Nei |
| Trafikksikringsplan - årleg | 2 250 | 1 659 | 2099 | 626 | 877 | -251 | Nei |
| Uteområde Sandven drenering /asfaltering | 625 | 222 | 2023 | 198 | 45 | 153 | Nei |
| Veg Sandvenhagen/Sæland | 9 513 | 7 545 | 2024 | 9 012 | 6 398 | 2 614 | Nei |
| **Sum** | **27 163** | **17 270** | | **23 533** | **13 522** | **10 011** | |

## Status politiske vedtak

### Budsjettvedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| Budsjettvedtak 2020 – 15. Bestillingsskyss, tilsvarane modell som i nabokommunar | Kvam herad ser på muligheten for å innføre ordning med bestillingsskyss, tilsvarnade modell som i nabokommunar som har ei slik ordning. | Ikke startet | Låg risiko | Ikkje gjennomført |

### HST- og FSK-vedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| HST 042/22 Tertialrapport 2022, 1. tertial - HST tillegg h) Kostnadsoverslag for ferdigstilling av gangveg «Pensjonisten – Torget» i Ålvik. | **HST 042/22 Tertialrapport 2022, 1. tertial - HST tillegg h) Ferdigstilling av gangveg «Pensjonisten – Torget» i Ålvik.** Kvam heradstyre ynskjer ferdigstilla gangvegen mellom «Pensjonisten» og Torget i Ålvik. Ein bed administrasjonen koma tilbake til heradsstyret med kostnadsoverslag i løpet av 2022, med sikte på å innarbeida det i investeringsbudsjettet for 2023. | Iht. plan | Høg risiko | Vedtatt budsjett for prosjektering av ny vegløysing for 2023. Vil kome attende til prosjektet når løysing er ferdig prosjektert og framlegg til reguleringsendring er klar. |
| HST 042/22 Tertialrapport 2022, 1. tertial - HST tillegg j) Etablera gatelys som er prioritert i trafikksikringsplanen. Starta med strekkja frå gravplassen i Tørvikbygd til Heradstveitvegen. | ST 042/22 Tertialrapport 2022, 1. tertial - HST tillegg j) Gatelys Rådmanne får i oppdrag å få framdrift i etablering av gatelys som er prioritert i trafikksikringsplanen. rådmannen får i oppdrag å strata med strekkja frå gravplassen i Tørvikbygd til Heradstveitvegen. Heradstyret kjem tilbake til ein heiheitleg plan i budsjettet for 2023 kostnadsramme kr 400,000 finansiert: Lån | Iht. plan | Låg risiko | Innhenting av pris knytt til tradisjonelle gatelys på strekka syner at budsjettet ikkje er tilstrekkeleg. Kommunen har derfor vorte kontakta av leverandør av gatelys som vert drivne av solceller med førespurnad om eit prøveprosjekt. Kommunen har takka ja til dette, og vil derfor prøve desse gatelysa på strekka. Prøveprosjektet vil medføre ei monaleg innsparing, samstundes som kommunen unngår grøftekostnadar langs vegen. Arbeidet vil verta utført våren 2023. I tidlegare tertial er løyvinga derfor overført til 2023. |

# Bustad

## Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: Bustad

### Utvikling og utfordringer

Det er arbeida vidare med rutinar og praksis knytt til tildeling av kommunale bustadar i løpet av året. Dette skjer gjennom ei tverrsektoriell gruppe med vekentlege møter. Samstundes har ein hausta gode erfaringar knytt til arbeidet med trivselsvaktmeisterane som gjennomfører heimebesøk med hjelp, tilsyn og kontroll med tilstanden på den kommunale bustaden.

Det har vore for kort tid frå behov for nye bustadar vert meldt, til anskaffing må gjennomførast. I 2022 vart det kjøpt inn 4 stk. bustadbygg, med tilsaman 6 bueiningar inkl. 1 stk. hybelbustad. I tillegg fekk tidlegare avlastinga ved Bjørketeigen endra bruk til ein horisontal-delt 2-mannsbustad.

Når bustader må skaffast på kort tid, er det gjerne ved kjøp av eldre bustadar. Det medfører ekstra arbeid og kostnadar for driftsavdelinga i form av oppussing og tilrettelegging for brukargruppa.

### Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommunalt disponerte boliger | -1 369 | -570 | -5 539 | -1 986 | -1 416 | -71,3 % |
| Bistand til etablering og opprettholdelse av egen bolig | 1 103 | 836 | 877 | 872 | 36 | 4,1 % |
| Boligbygging og fysiske bomiljøtiltak | 205 | 286 | 351 | 344 | 58 | 16,8 % |
| **Sum** | **-61** | **553** | **-4 311** | **-769** | **-1 322** | **-171,9 %** |

## Kommentar til status økonomi

Bustad hadde eit meirforbruk på totalt 1,32 mnok i 2022

På varer og tenester var overforbruket 1,75 mnok, der mykje av utgiftene kan knyttast til auka materialprisar, fokus på ENØK-tiltak, samt påkostningar og tilpassingar av nyskaffa bustader. Sistnemnte har òg medført noko auka arbeidsmengde på bustader dette året, så lønnsutgiftene på dette rammeområdet enda med eit meirforbruk på 1,2 mnok.

1,3 mnok av desse utgiftene er knytt til ENØK-tiltak i kommunale bustader som vart finansiert ved bruk av bundne driftsfond.

Me har òg etterfakturert noko meir straumutgifter enn budsjettert, samt at me har fått inn noko meir i renteinntekter på formidlingslån enn tenkt. Til saman ca. 285 000 kr meir inntekter enn budsjettert.

# KOSTRA Nøkkeltal

## Kostra-analyse

| | Kvam 2021 | Kvam 2022 | Landet uten Oslo | Kostragruppe 05 |
|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | |
| Eiendomsforvaltning, kommune nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) | 7 092 | 7 395 | 6 704 | 7 945 |
| Kommunale boliger brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) | 2 160 | 2 315 | 1 866 | 2 100 |
| Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere (antall) | 26 | 26 | 20 | 30 |
| **Dekningsgrad** | | | | |
| Andel kommunale boliger som er tilgjengelige for rullestolbrukere | 91,0 % | 90,0 % | 53,0 % | 55,0 % |
| **Grunnlagsdata (Nivå 3)** | | | | |
| Leier Antall personer | 1 054 | 1 073 | | |

**) Inflasjonsjustert med deflator*

## Status investeringar

*Beløp i 1000*

| | Totalbudsjett | | | Budsjett for året | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Investering** | **Vedteke totalt** | **Påløpt totalt** | **Vedteke ferdigår** | **Rev. bud.** | **Rekneskap** | **Avvik i kr** | **Driftskonsekvens** |
| Brannsikring trygdebustad Hatlevegen | 500 | 86 | 2024 | 500 | 86 | 414 | Nei |
| Bustader tom 2022 | - | - | LØPANDE | 25 | 0 | 25 | Nei |
| Husbanklån | 100 585 | 52 107 | 2099 | 26 100 | 0 | 26 100 | Nei |
| Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommunale bygg | 2 250 | 1 021 | 2029 | 500 | 440 | 60 | Nei |
| Oppgradering bygg 2021 | 1 250 | 1 255 | 2022 | 361 | 369 | -8 | Nei |
| Oppgradering bygg -årleg prosjekt | - | - | LØPANDE | 1 250 | 634 | 616 | Nei |
| **Sum** | **104 585** | **54 469** | | **28 736** | **1 529** | **27 208** | |

## Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft

### Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft

### Utvikling og utfordringer

**Konsesjonskraft**

Tema kraft er omtala i eit eige kapittel i årsmeldinga.

**Landbruk**

Landbrukskontoret i Kvam tek seg av saker innanfor landbruksforvaltninga, det har vore stabile tal for dei fleste ordningane:

- Søknader om produksjonstilskot, 177 stk. (2021 177 stk.)

Det vart utbetalt om lag kr. 40 millionar i produksjonstilskot

- Søknader om sjukeavløysing, 16 stk. (2021, 13 stk.)
- Søknader om regionalt miljøprogram, 112 stk. (2021, 116 stk.)
- Søknader om spesielle miljøtilskot i landbruket, 19 stk. (2021, 22 stk.)

Det vart løyvd kr. 763 062.- ( 2021, 452 744.-) i tilskot til SMIL-sakene

- Søknader om tiltak i beiteområde, 8 stk. (2021, 8 stk.)

Det vart løyvd kr. 117 480.- (2021, 69 854.-) i tilskot

- Søknad om tilskot til drenering, 7 stk. (2021, 7 stk.)

Det vart løyvd kr. 201 402.- (2021, 158 800.-) i tilskot

- Skriving av fråsegner
- Motorisert ferdsle i utmark, det var 21 søknader om motorisert ferdsle i 2022 mot 35 året før
- Hjorteviltutvalet har ikkje hatt møte.
- Hjortejakt, i 2022 vart det tildelt løyve på 637 dyr og felt 445, dette er ein fellingsprosent på 70. I 2021 vart det felt 477 dyr og fellingsprosenten var 75.
- Skogsvegar, arbeidet med den viktige skogsvegen på Melstveit har starta.
- Skogkultur
- Skogavgift

Det vert leigd inn kompetanse på skog og utmark frå landbrukskontoret i Ullensvang.

**Næring**

Kraftfondet:

Kraftfondet har hatt 2 utlysingar i 2022 og det er handsama 38 søknader med samla tilskot på kr. 6 709 580.- Sidan kraftfondet vart revitalisert i 2018 er det handsama over 150 søknader og løyvd over 18 millionar i tilskot.

| | | Totalkostnad | Søkt | Innvilga |
|---|---|---|---|---|
| Arrangering av fjellturer for turister | Bjørn Tore Mundheim | 200000 | 100 000 | 0 |
| Kulturnaustet, publikumsbygg ved Hardanger fartøyvernse | Hardanger og voss museum | 2500000 | 2 500 000 | 2500000 |
| Arrangering av Bygdapride 2022 i Kvam, samt andre arrar | Fargerikt Kvam | 170000 | 60 000 | 0 |
| Lavlandsløype/sti på Kvamskogen | Kvamskogen Vel | 1387000 | 500 000 | 300000 |
| Søknad om støtte frå Kraftfondet i Kvam | Kvamskogen Næringslag | 312500 | 150 000 | 100000 |
| Marknadsføring og produktutvikling | Hardangerbadet AS 2 | 360000 | 210 000 | 25000 |
| Søknad om tilskot til vøle av Strandebarm Sportell | Strandebarm Idrettslag | 910000 | 440 000 | 0 |
| Bedriftsutviklingstilskot til A.S.A. Maskin AS | A.S.A. Maskin AS | 3903000 | 425 000 | 50000 |
| Guida fotturar i Kvam | Hardangerfjord Adventure AS | 160000 | 85 000 | 0 |
| Pakketering av reiseopplevingar i Kvam | Hardangerfjord Adventure AS | 300000 | 185 000 | 100000 |
| nSilo Syresystem - Næringsfond | Tor Bruland | 208000 | 104 000 | 50000 |
| Søknad om stadsutvikling i Tørvikbygd | Tørvikbygd Grendautval | 150000 | 150 000 | 50000 |
| Fornying av sitjebenkar i miljøgata i Norheimsund sentrum | Norheimsund Næringslag | 78000 | 50 000 | 50000 |
| Støtte til etablering av pub/diskotek/utestad i Holmatun i Ø | HOLMATUN AS | 642436 | 321 218 | 50000 |
| Prosjekt Base Camp | Meisfjord, Katrine | 2410000 | 700 000 | 50000 |
| Etablering og oppstart av Fjærabygda Gardsmat AS | Fjærabygda Gardsmat AS | 2987000 | 700 000 | 400000 |
| Søknad om kommunal delfinansiering til opparbeiding av o | Soltorp Sameige | 107500 | 47 500 | 47500 |
| Desentralisert utdanning - Frå prosjekt til varig tilbod - | Hardanger og Voss Næringshage | 2400000 | 202 080 | 202080 |
| Masterplan Øystese 2060 v/Øystese Utvikling AS | Øystese Utvikling AS | 500000 | 300 000 | 50000 |
| Skummesalen - eit attraktivt opplevingssenter for fremje | Mathuset i Hardanger AS | 800000 | 300 000 | 100000 |
| Fleire vegar til fagbrev i Kvam | Handalag Opplæringskontor | 550000 | 160 000 | 130000 |
| Søknad for fornying av nettbutikk, økning av markedsførin | Lokal bokashi AS | 138012 | 84 900 | 0 |
| TANKKONTROLL YX STRANDEBARM - GODKJENNING AV AI | Kollen Eiendom AS | 494530 | 300 000 | 0 |
| Lansering av nettbutikk etter markedsavklaring | Eva Mia Interiør AS | 848490 | 638 490 | 0 |
| | | | | |
| | **Totalt våren 2022** | **22516468** | **8 916 300** | **4254580** |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Søknad om midlar til marknadsføring - ny heimeside og pr | Geoplan AS | 70000 | 70 000 | 0 |
| Etablering av Hardanger Fritid AS | Hardanger Fritid | 1985000 | 280 000 | 50000 |
| Søknad om etablerarstøtte | Sevik pizzeria | 120000 | 50 000 | 50000 |
| Helse i Hardanger - HiH | Helse i Hardanger AS | 15000000 | 3 000 000 | 2000000 |
| Kvam U40 - pilotprosjekt | Kvam Næringsråd | 200000 | 90 000 | 60000 |
| Eteblererstøtte til Matkjelleren Skutevik | Jensen, Lena | 250000 | 250 000 | 50000 |
| Støtte til ENØK-tiltak | Asbjørn Eide Snikkarverkstad | 140000 | 70 000 | 0 |
| Søknad om tilskudd til utgifter vdr. ndt - inspeksjon av krit | Norheimsund Skiheis as | 35369 | 35 369 | 0 |
| Markedsføringsmidler til Barmen as | Barmen as | 150000 | 150 000 | 75000 |
| Vidareføring av stadsutvikling i Skutevik i Tørvikbygd | Tørvikbygd båtlag | 615000 | 500 000 | 0 |
| Sjølvgåande finsnittar. Støtte til kjøp og marknadsføring av | Steinvik park og anlegg AS | 1610000 | 100 000 | 100000 |
| Søknad om støtte til nytt datanlegg for barn og ungdomsat | Kvam Bowlingklubb | 72000 | 50 000 | 30000 |
| Gamle Stupen og sti i Øystese, renovering/gjennoppbyggir | ØYSTESE GRENDAUTVAL | 848350 | 60 000 | 40000 |
| Rehabilitering av Breidablik Turisthytte Fase 2 | Bergen og Hordaland Turlag | 1633000 | 500 000 | 0 |
| | | | | |
| | **Totalt hausten 2022** | **22728719** | **5 205 369** | **2455000** |

Næringsutvikling:

Det vart etablert 83 nye aksjeselskap og enkeltmannsforetak i 2022 mot 129 året før.

Det har vore mykje arbeid i 2021/22 med kompensasjon for bedrifter råka av korona. Tilsaman er det fordelt over 7 millionar kroner.

Kvam herad samarbeider godt med Næringshagen og Kvam næringsråd, deltek på møter og støttar opp under aktivitetane deira.

Kommunen deltek aktivt i Team Hardanger, samarbeidet mellom fyrstelina i Hardangerkommunane. Det har hatt ekstra fokus på korona-situasjonen.

Næringsområdet i Sandvenhagen er ferdig opparbeidd og det er seld fleire tomter. BIR opna ny gjenvinningsstasjon våren 2022.

Arbeidet med regulering av nytt næringsområde på Skarpen har halde fram og er klar for politisk handsaming. Ein privat aktør har inngått intensjonsavtale med grunneigar om opparbeiding.

Klima- og energifond:

Heradsstyret løyvde kr. 8 millionar til til eit klima- og energifond. Det var svært stor interesse og på ein god månad var 450 søknader handsama og midlane tildelt.

Det har vore gjeve 3 tilskot til solcelleanlegg.

I september vart det gjennomført ein stor plastryddeaksjon i Hardangerfjorden. Svært mange var engasjert i innsamlinga.

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommunal næringsvirksomhet | 20 | -57 | 1 267 | 1 255 | 1 311 | 104,5 % |
| Konsesjonskraft, kraftrettigheter og annen kraft for videresalg | -44 478 | -106 258 | -27 531 | -121 560 | -15 301 | -12,6 % |
| Tilrettelegging og bistand for næringslivet | 2 531 | 2 726 | 3 669 | 3 734 | 1 008 | 27,0 % |
| Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling | 420 | 456 | 658 | 663 | 207 | 31,2 % |
| **Sum** | **-41 507** | **-103 133** | **-21 938** | **-115 908** | **-12 775** | **-11,0 %** |

# Kommentar til status økonomi

Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft har totalt meirforbruk på 12,7 mnok i 2022.

Kraft har eit meirforbruk på 15,3 mnok på rammeområdet. Grunnrenteskatt har ein auke på 10 mnok og overskotsskatten har ein reduksjon på 6 mnok samanlikna med budsjett. Inntekter for sal av heimfallskraft er redusert med 17 mnok. Sal av konsesonskraft er auka med 4 mnok.

Landbruk har eit mindreforbruk på 0,2 mnok på drift av landbruksavdeling pga permisjonar i 2022.

Det var budsjettert med overføring til andre på 1 mnok knytt til solcelleanlegg i landbruk/næring, medan det er rekneskapsført 0,13 mnok på tenesteområdet.

## Status investeringar

*Beløp i 1000*

| | Totalbudsjett | | | Budsjett for året | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Investering | Vedteke totalt | Påløpt totalt | Vedteke ferdigår | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Driftskonsekvens |
| Infrastruktur ind.område Sandvenhagen del II | 25 000 | 24 744 | 2024 | 0 | 51 | -51 | Nei |
| **Sum** | **25 000** | **24 744** | | **0** | **51** | **-51** | |

## Status politiske vedtak

### HST- og FSK-vedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| HST 042/22 Tertialrapport 2022T1 tillegg g) og HST 043/22 Utkast til økonomiplan 2023-2026 - tillegg 1) Gratis kontorplassar for fjernarbeid. Leige av to kontor i kontorhotell (kontorfellesskap) | HST 042/22 Tertialrapport 2022, 1. tertial - HST tillegg g) Gratis kontorplassar for fjernarbeid<br>Kvam heradsstyre bed rådmannen leiga to kontorarbeidsplassar i eitt av kontorhotella i Kvam<br>Føremål: Å tilby kontorsplassar gratis til utflytte kvemmingar eller andre som kan tenkja seg<br>å arbeida i eit fellesskap medan dei er i Kvam. Samlokalisering på tvers av profesjonar kan<br>gje synergieffektar, og mogleg vinst for lokal næringsutvikling. I periodar der det er ledig<br>kapasitet kan heradet sine tilsette nytta kontora.<br>Det vert sett av inntil 50.000, til dette for resten av 2022<br>Finansiering: Disposisjonsfond<br><br>HST 043/22 Utkast til økonomiplan 2023-2026 - tillegg 1)<br>Leige av to kontor i kontorhotell (kontorfellesskap)<br>Kvam heradsstyre bed rådmannen leiga to kontorarbeidsplassar i eitt av kontorhotella i<br>Kvam.<br>Føremål: Å tilby kontorsplassar gratis til utflytte kvemmingar eller andre som kan tenkja seg<br>å arbeida i eit fellesskap medan dei er i Kvam. Samlokalisering på tvers av profesjonar kan<br>gje synergieffektar, og mogleg vinst for lokal næringsutvikling. I periodar der det er ledig<br>kapasitet kan heradet sine tilsette nytta kontora.<br>Det vert innarbeidd inntil kr 100.000,- til dette føremålet i budsjettet for i 2023<br>Finansiering: Disposisjonsfond | Iht. plan | Middels risiko | Det er teke kontakt med aktuelle utleigarar hausten 2022. Avgjerd om leige av kontor vert teke våren 2023. |
| HST Interpellasjon 5. april 2022: Kostnadskompensasjon for frivillige lag og organisasjonar med eigne eller leigde hus og anlegg. Total ramme 1,0 mnok | Det vert sett av kr 1 mill. frå dispensasjonsfond til kompensasjonsordning for frivillige lag og organisasjonar med eige eller leigde hus og anlegg. der frivillige lag og organisasjonar etter søknad får kompensasjon for auka kraftpris. | Ikke startet | | Rådmannen la fram sak til 1.tertial, med forslag om å utsetja ordninga pga utviding av den statlege tilskotsordninga til lag og organisasjonar. Heradsstyret var samd i tilrådinga. |

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| HST- sak 079/20: Kraftfondet - søknad frå Hardanger og Voss museum om tilskot til Smietunet, utviding av smie og mekanisk verkstad | Kvam heradsstyre avslår ny søkand om ytterlegare 3 mill.kr. i tilskot til Hardanger og Voss museum til «Tett-på-prosjektet». I staden vert vilkåra i tidlegare tildeling endra til følgjande: Kravet til fullfinansiering vert fjerna slik at Hardanger og Voss museum kan nytta tidlegare tildelt tilskot på 3 mill.kr. til finansiering av av delprosjekta i «Tett på»-prosjektet. 0,3 mill.kr. skal nyttast som Kvam herad sin eigenandel i delprosjektet og nærmiljøtiltaket «Maritim park» som det vert søkt om andre tilskotsmidlar til. Resterande kan nyttast til Smietunet og ev. restsum til andre av dei 7 ulike delprosjekta i «Tett på». | Forsinket | | Hardanger og Voss museum arbeider med å få på plass fullfinansiering for å komma vidare med prosjektet. Planlegginga av prosjektet er godt i gang og midlane vert betalt ut ved behov, jf vedlagt tekst. |
| HST- sak 081/20 Kraftfondet - søknad om støtte i frå Kvamskogen vel til låglandsløype/uværsløype | Kvam heradsstyre utvider det kommunale prosjektet P71182 – Utvikling av Kvamskogen, frå kr 150.000 med kr 300.000 til kr 450.000 til utvikling av turstiar/løyper. | Ferdig | | Verksemda har bede om delutbetaling og prosjektet er godt i gang. |
| HST- vedtak 065/20: Kraftfondet -søknad i frå NAF Kvamskogen as om støtte til reguleringsplan for vidare næringsutvikling på Kvamskogen | Kvam heradsstyre tildeler NAF Kvamskogen inntil 100 000,- kr. arbeidet med reguleringsplan for området rundt NAF´en. Midlane vert utbetalt mot dokumenterte utgifter til plankonsulent. | Ferdig | | Verksemda har pt ikkje bede om utbetaling. |
| Tildeling av midlar frå kraftfondet- 2019. Mathuset Hardanger AS | Saka vart utsett | Ferdig | | Verksemda har pt ikkje bede om utbetaling. |

# Brann- og ulykkesvern

## Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: Brann og ulykkesvern

### Utvikling og utfordringer

Ny hovudbrannstasjon i Norheimsund vart teke i bruk før jul i 2022, og var eit viktig mål for å sikra mannskapet mot helseskadleg forureining. Dette gjer det mogleg å stetta alle krav frå Arbeidstilsynet, samstundes som det gjer arbeidssituasjonen enklare og tryggare for mannskapet.

I løpet av året er det arbeida med ei risiko- og sårbarheitsanalyse for brann og redningsvesenet som eit fylgje av nye krav i ny forskrift. Funn i analysane viser ein del forbetringspunkt, og analysen vil vonleg verta lagt fram for politisk handsaming i løpet av våren 2023.

Når det gjeld Vest brann- og redningsregion, så har ein i 2022 byrja å sjå samarbeidet sin fulle verdi. Felles mobil øvingscontainer for mellom anna røykdykking, og fullskala dyremarkør til å kunne øva dyreredning, har vorte nytta lokalt i kommunen. Dette har gjort det monaleg lettare å få gjennomført naudsynte øvingar. Dei ulike fagutvala (beredskap, førebygging og nødmeldetenesta) jobbar kontinuerleg for å lage gode felles malar, prosedyrar og rutinar.

Trass utfordringane med eigna øvingsfasilitetar har personell innan brann og redning fått gjennomført øvingar etter plan. Kommunen har utfordringar med å få gjennomført nok øving på alle oppgåvene som ligg i porteføljen, samstundes er oppgåvene til brann og redningstenesta utvida. Tenesta opplever derfor å ikkje ha nok disponible timar til øving eller eigna fasilitetar til å kunne øve effektivt på dei primæroppgåvene ein har i tenesta.

Kvam brann og redning har i perioden 01.01.22 til 31.12.22 hatt 101 oppdrag mot 111 oppdrag i same periode i 2021.

Kvam brann og redning hadde i 2022 ingen større hendingar. Det har vore normal drift i beredskapen. Oppdragsporteføljen for 2022 inneheld bygningsbrannar og andre brannar, trafikkulukker, redningsoppdrag i vatn, naturhendingar, bistand til helse og politi, restverdiredning og akutt ureining.

### Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Forebygging av branner og andre ulykker | 702 | 145 | 747 | 729 | 584 | 80,2 % |
| Beredskap mot branner og andre ulykker | 10 950 | 11 781 | 9 805 | 10 015 | -1 766 | -17,6 % |
| **Sum** | **11 652** | **11 925** | **10 552** | **10 744** | **-1 182** | **-11,0 %** |

## Kommentar til status økonomi

Brann- og ulykkesvern hadde eit meirforbruk på nær 1,2 mnok.

Halvparten av dette er knytt til lønnskostnader, med mellom anna ei etterbetaling på 0,27 mnok til faste

tillegg knytt til etterutdanning. Denne etterbetalinga blei rekneskapsført i november, mens budsjettet for etterbetalinga låg i budsjettet for 2023, difor førte dette til eit større avvik.

På varer og tenester hamna ein 0,48 mnok over budsjett. 0,19 mnok av desse stammar frå ei refusjonsutbetaling knytt til 2020, som på grunn av manglande periodisering i 2021 måtte utgiftsførast i 2022.

# KOSTRA Nøkkeltal

## Kostra-analyse

| | Kvam 2021 | Kvam 2022 | Landet uten Oslo | Kostragruppe 05 |
|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | |
| Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere | 0,71 | 0,23 | 0,33 | 0,46 |
| Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere | 13,1 | 11,8 | 16,8 | 16,1 |
| Beredskap mot branner og andre ulykker brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) | 1 555 | 1 522 | 1 167 | 1 728 |
| **Kvalitet** | | | | |
| Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) *) | 515 | 502 | 556 | 598 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*

## Status investeringar

*Beløp i 1000*

| Investering | Totalbudsjett Vedteke totalt | Påløpt totalt | Vedteke ferdigår | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Driftskonsekvens |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Brannstasjon KVBR | 37 025 | 30 360 | 2023 | 32 978 | 26 321 | 6 657 | Nei |
| Redningsutstyr Oma Brannstasjon | 313 | 309 | 2022 | 313 | 309 | 4 | Nei |
| Utviklingskostnadar Naudsentral | 625 | 520 | 2023 | 625 | 520 | 105 | Nei |
| Vasstankbil KBR | 5 625 | 5 639 | 2022 | 5 520 | 5 534 | -14 | Nei |
| **Sum** | **43 588** | **36 827** | | **39 435** | **32 683** | **6 752** | |

## Status politiske vedtak

### HST- og FSK-vedtak

"-" synast der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Status | Risiko | Beskriving av status |
|---|---|---|---|---|
| HST 033/22 Etablera feiing og tilsyn i kommunal regi. Inngå midlertidig avtale med ekstern leverandør. Tilretteleggja fasilitetar i den nye brannstasjonen. | **Feiing og tilsyn i Kvam herad**<br>Kvam heradsstyre gir rådmannen fullmakt til å<br>· inngå avtale om utføring av tilsyn og feietenester i privat regi fram til 1.6.2023.<br>· setja i gang prosessen med å overta tilsyn og feiing i eigen regi.<br>· tilretteljegga fasilitetar til feie- og tilsynstenesta i ny brannstasjon. Auke budsjettramma i prosjekt P65180 Brannstasjon KVBR med 2 mill.kr., finansiert med lån.<br>· tilpassa budsjetta for ny avtale med privat aktør i 2022, og overgang i 2023 | Iht. plan | Middels risiko | Konkurranse om kjøp av bilar til feietenesta er lyst ut og tildelt. Intervju for brannførebyggjarar er gjennomført, men det er ikkje tilsett i stillingane ved årsskiftet. Endring av prosjekt Brannstasjon for å tilretteleggje for feietenesta er bestilt. |

# Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde

## Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde:Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde

### Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2022 | Rev. bud. 2022 | Avvik rek/bud 2022 | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde | 726 | 1 273 | 2 059 | 796 | -477 | -59,9 % |
| **Sum** | **726** | **1 273** | **2 059** | **796** | **-477** | **-59,9 %** |

## Kommentar til status økonomi

Tenester utafor kommunalt ansvarsområde har eit totalt meireforbruk på 0,5 mnok i 2022.

Det vart overført  1,29 mnok  knytt til Ferde AS /Jondalstunnelen mot budsjett på 0,65 mnok.

Leirskule har eit mindreforbruk på 0,16 mnok som skuldast auka inntekt frå andre kommuner og lågare lønskostnad på rammeområdet.